

Årsmelding 2024

Time

Kommunedirektøren si innleiing

Den økonomiske situasjonen i kommune-Noreg er under sterkt press. Seks av ti kommunar i KS sin rekneskapsundersøking hadde negativt netto driftsresultat i 2024, og samla sett gjekk kommunane nesten fire milliardar i minus. Ein konsekvens av den strame kommuneøkonomien er at fleire kommunar har måtte bruke disposisjonsfonda sine slik at dei har liten eller ingen økonomisk buffer. KS karakteriserer situasjonen som alvorleg og peikar på at staten har underfinansiert kommunale tenester over tid som ei hovudforklaring på situasjonen.

Økonomisk har 2024 vore endå eit krevjande år for Time kommune, med netto driftsresultat på 2,2 millionar kroner og 0,1 prosent av driftsinntektene. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2023 og 2022, høvesvis 26,4 og 74,5 millionar kroner som utgjør 1,4 og 4,2 prosent. Disposisjonsfondet er redusert frå 10,4 prosent til 8,1 prosent. Det har ikkje vore nokon rentereduksjon i år og rentene har stabilisert seg på eit høgare nivå enn tidlegare. Det er ingen tvil om at kommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon når resultata blir svakare frå år til år og sparepengane må nyttast for å avlegge eit rekneskap i balanse.

Time har over fleire år hatt utfordringar med meirforbruk i tenesteområda, og i fjor opplevde ein i tillegg svakare inntektsutvikling enn planlagt. Saman med tidlegare års meirforbruk var det eit behov for omstilling og effektiviseringar. Det vart allereie i mars varsla ein eiga sak med aktuelle grep for å redusere driftsutgiftene, kor konkrete tiltak vart vedtekne i kommunestyret i juni. Det har derfor vore arbeida mykje med omstilling og effektivisering i året som har gått, der formålet er å tilpassa tenestetilbodet til dei økonomiske rammevilkåra. Samla meirforbruk i tenesteområda er på 26,2 millionar kroner, kor alle tenesteområde har redusert sitt meirforbruk samanlikna med året før. Meirforbruket på Oppvekst er i hovudsak knytt til behov innanfor barnevernstenesta, mens Helse og velferd framleis har høg etterspørsel etter velferdstenester innan institusjon, heime- og miljøtenesta. Samfunn er tilnærma i balanse sjølv om kinoen framleis ikkje oppnår ønsket driftsnivå og eit meirforbruk på energikostnader.

Folketalet auka med 1,2 prosent i 2024 mot 0,7 prosent i 2023, og høgare enn veksten på landsbasis som enda på 0,8 prosent. Det er gledeleg å sjå at fleire flyttar til Time enn dei som flyttar ut av kommunen. I fjor passerte kommunen 20 000 innbyggjarar og ved utgangen av året var det 20 157 Timebuar.

Sjukefråværet i kommuneorganisasjonen var på 7,7 prosent, omtrent på nivå som året før. Arbeidet med oppfølging av sjukefråvær har høg prioritering, noko som viser igjen når ein samanliknar sjukefråværet med andre kommunar i fylket. Kommunedirektøren ønsker å trekka fram innsatsen som vert gjort av medarbeidarane i Time kommune, i ei krevjande økonomisk tid med brukarvekst og omstilling, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2024.

Trygve Apeland
kommunedirektør

Forslag til vedtak


1. Driftsrekneskapen for 2024 vert godkjent.
2. Investeringsrekneskapen for 2024 vert godkjent.
3. Årsrapporten for 2024 vert godkjent.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir avsett 140 000 kroner til fond "Bykonferansen" i tråd med saksframlegg. Avsetning blir finansiert av disposisjonsfond.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Folketalsutvikling

	2021	2022	2023	2024
Fødselsoverskot i %	0,8	0,5	0,4	0,5
Flytteoverskot i %	0,5	1,8	0,2	0,8
Folkevekst i %	1,3	2,2	0,7	1,2

Folketalet gikk opp med 247 nye innbyggjarar i 2024. Det gir ein folkevekst på 1,2 %, medan den var 0,7 % i 2023 . Flytteoverskotet er på 155 personar mot 49 i 2023. Årsaka er at fleire flyttar til kommunen enn dei som vel å flytta frå. Fødselsoverskotet er framleis lågt og på nivå med året før.



Folketal 2021-2024 per aldersgruppe	2021	2022	2023	2024	Endring 21-24
0-2	682	706	696	675	-1,0 %

Årsmelding 2024

3-5	766	752	710	731	-4,6 %
6-12	1 988	1 997	1 930	1 870	-5,9 %
13-15	811	870	902	908	12,0 %
Sum 0-15	4 247	4 325	4 238	4 184	-1,5 %
16-19	969	977	1 016	1 084	11,9 %
20-66	11 575	11 804	11 889	12 027	3,9 %
Sum 16-66	12 544	12 781	12 905	13 111	4,5 %
67-79	1 853	1 943	2 020	2 092	12,9 %
80-89	585	600	619	639	9,2 %
90+	124	132	128	131	5,6 %
Sum 67+	2 562	2 675	2 767	2 862	11,7 %
Sum	19 353	19 781	19 910	20 157	4,2 %


Den største auken dei siste fire åra har vore blant kommunens eldre innbyggjarar i aldersgruppen 67+ år. Samla har folketalet i kommunen auka med 4,2 % i same periode.

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024


	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	19 106	19 353	19 781	19 910
Fødde	240	210	208	224
Døde	88	122	128	132
Fødselsoverskot	152	88	80	92
Innvandring	131	151	87	88
Utvandring	81	60	111	87
Innflytting, innanlands	1 079	1 151	1 101	1 033
Utflytting, innanlands	1 039	904	1 028	879
Netto innvandring og flytting	90	338	49	155
Folkevekst	247	428	129	247
Folketalet ved utgangen av kvartalet	19 353	19 781	19 910	20 157

Landet

Årsmelding 2024



Fylke



Næringsutvikling

Bedrifter	2020	2021	2022	2023	2024
Ingen tilsette	1 340	1 403	1 445	1 517	1 499
1-4 tilsette	326	322	328	331	338
5-19 tilsette	243	252	263	257	259


Årsmelding 2024

20-49 tilsette	74	74	67	73	75
50-99 tilsette	16	21	26	23	23
100 tilsette og meir	9	10	8	10	11
Sum	2 008	2 082	2 137	2 211	2 205

Tabellen synar små endringar frå 2023 til 2024. Det er ein svak nedgang i bedrifter med ingen tilsette, og ein ny bedrift med 100 eller fleire tilsette.

	2020	2021	2022	2023	2024
Arbeidsplassar	7 684	8 055	8 257	8 253	8 531
Innpendling	4 076	4 389	4 459	4 371	4 571
Utpendling	6 391	6 637	6 697	6 836	6 758
Arbeidsledige i prosent, årsgjn.snitt	4,0	4,0	1,3	1,3	1,4
Konkurser	4	9	11	7	8

Det var 8 531 arbeidsplassar i Time i slutten av 2024, ein auke på 278 frå 2023. Statistikken synar oppgang på innpendling og nedgang på utpendling.




Arbeidsløysa i Time var ved utgangen av 2024 på 1,3 % for Time og 2 % for landet. Arbeidsløysa ligg framleis på eit lågt nivå. Tilsvarande tal for 2023 var 1,2 % i Time og 1,7 % i landet.

Personal og organisasjon

Visjonen til Time kommune er “Trygg og framtidsretta”. Det betyr at kommunen skal vera ein arbeidsplass som er føreseieleg og innovativ. [Arbeidsgjevarstrategien](#) skal bidra til at kommunen jobbar med å behalda og utvikla kompetente medarbeidarar og skapa ein kommune med felles organisasjonskultur.

Oppsummering av driftsåret

	2024	
	Budsjetterte årsverk	Tilsette i faste stillingar
Oppvekst	656	754
Helse og velferd	459	660
Samfunn	155	179
Stabtenester	57	56
Sum	1327	1649



Seniorpolitikk og pensjon

Seniortiltak er innført for å behalda tilsette og redusera uttak av AFP. Seniorordning gir tilsette frå fylte 62 år moglegheit til å inngå seniortiltak fram til den tilsette fyller 67 år. Målet med seniorpolitikken er å ta vare på erfarne tilsette og sikre viktig arbeidskraft.


Seniorar per 31.12	Tilsette aktive			Senioravtale			AFP 1)		
	2022	2023	2024	2022	2023	2024	2022	2023	2024
62-64 år	68			11	41	40	16	27	25
65-66 år	16			3	3	8	6	10	23
67 år og over	5							1	
Sum	89	0			40	48	22		48

Pensjon	2020	2021	2022	2023	2024
Aktive medlemmar i KLP og Statens pensjonskasse	1891	1988	2110	2173	2131
Personar med heil/delvis AFP	26	35	38	73	61
Personar med heil/delvis uførepensjon 1)	138	142	145	178	169
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk % , KLP fellesordning	7,4	7,3	7,0	7,2	8,1
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk % , KLP sjukepleier	5,1	4,6	5,8	5,3	5,4

HMS og sjukefråvær

Sjukefråvær				
År	2021	2022	2023	2024
Kort	2,1 %	2,7 %	2,1 %	2,0 %
Lang	5,1 %	5,8 %	5,4 %	5,6 %
Totalt	7,2 %	8,5 %	7,5 %	7,7 %

Sjukefråvær	2024
Time kommune	7,7 %
Gjesdal kommune	8,6 %
Klepp kommune	8,4 %
Hå kommune	7,7 %



Kommunen si målsetting for sjukefråvær er at det, samla sett, skal ligga under 6,6%.

Sjukefråværet totalt for 2024 har auka med 0,1 prosentpoeng samanlikna med 2023. Kommunen ligg 1,03 prosentpoeng over målsettinga på 6,6 %. Samanlikna med nabokommunane så hadde Time likt sjukefråvær som Hå (7,7 %), men lågare enn Klepp (8,4 %) og Gjesdal (8,6 %).

Leiarar og HR-rådgivarane samarbeidar om å auka nærværet. Viktige tiltak er IA-kurs for alle leiarar og verneombod og godt samarbeid med NAV arbeidslivsenter, tillitsvalde og vernetenesta. Bedriftshelseteneste (BHT) vert brukt ved behov, typisk ved langtidssjukefråvær og meir

kompliserte fråværsaker. Det same gjeld problemstillingar som angår arbeidsmiljø og kartlegging av risikofaktorar.

I 2024 vart kurstilbodet i HMS-arbeidet endra då det er ulik krav til opplæring av verneombod og AMU-medlemmar enn for leiarar. Felles 40 timars-kurs med fysisk oppmøte blei avvikla. AMU medlem, verneombod og leiare melder seg på HMS-kurs via bedriftshelsetenesta. Kommunen søker OU-midler til å få dekkja deler av kursa og i 2024 blei 100 000 kroner refundert.

Heiltid

	% med 100 % stillingar				Gjn.snittleg stillingsprosent			
	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
Stabstenester	82,0 %	81,5 %	88,1 %	87,5 %	92,9 %	92,0 %	94,5 %	94,6 %
Oppvekst	69,4 %	70,5 %	71,7 %	71,5 %	90,3 %	90,4 %	91,1 %	91,4 %
Helse og velferd	33,3 %	36,1 %	39,0 %	40,9 %	66,7 %	68,1 %	69,3 %	70,1 %
Samfunn	60,1 %	57,3 %	65,7 %	65,9 %	78,0 %	76,3 %	80,2 %	79,6 %
TIME	54,6 %	55,9 %	58,5 %	59,2 %	79,6 %	80,9 %	81,3 %	81,7 %

Arbeidet med heiltid vert følgt opp i tråd med heiltidsstrategien for Time kommune. Det er eit mål at 60 % av dei tilsette er i 100 % stilling. Per 31.12.24 er 59,2 % som har 100 % stilling. Det har gjennom fleire år vert ei positiv utvikling på prosent tilsette i heile stillingar.


Helse og velferd arbeidar systematisk med å auke talet på tilsette i 100 % stilling og auka gjennomsnittleg stillingsprosent. Innføring av årsturnus er eit av fleire tiltak som gir auka stillingsprosent. Heiltid gir betre kvalitet på tenestene og betre løns- og pensjonsvilkår for dei tilsette.

Omstilling

Året har vore prega av eit omfattande omstillingsarbeid som har inkludert alle tenesteområda. I starten av året vart det på bakgrunn av eit meirforbruk i tenesteproduksjonen, arbeida med å identifisera ulike tiltak som kunne bidra til å redusera kommunen sine driftsutgifter. Kommunedirektøren la i kommunestyret i juni fram [sak 050/24](#) kor det blei vedtatt å redusera kommunen sine driftsutgifter i ulike delar av organisasjonen. I arbeidet med handlings- og økonomiplanen blei det synleg at det var behov for eit større omstillingsarbeid dei neste fire åra for å sikra ein berekraftig kommuneøkonomi. Dette arbeidet starta allereie hausten 2024, og vil halda fram dei neste åra.

Omstillingsarbeidet har resultert i at tilsette har blitt overtalige. Det er lagt stor vekt på at prosessane med overtalige skal vera i tråd med forventningane i lov- og avtaleverket. Utgangspunktet har vore omplassering i andre deler av kommunen, med oppseiing som siste løysing.

Likestilling, mangfold og likebehandling



	2021		2022		2023		2024	
Leiarar per 31.12	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kommunedirektøren si leiargruppe	43 %	57 %	38 %	62 %	25 %	75 %	43 %	57 %
Øvrige leiarar	74 %	24 %	72 %	28 %	74 %	26 %	74 %	26 %
Totalt antal leiarar	72	26	67	30	74	31	74	29
Prosent leiarar/årsverk	7,4 %	13,2 %	7,8 %	17,0 %	6,8 %	13,4 %	6,7 %	12,0 %

Lovane rundt dette arbeidet er endra og skjerpa dei seinare åra, og kommunen har eit pågåande arbeid for å oppdatere Handlingsplan for inkludering, likestilling og mangfald. Prioritering av anna arbeid, m.a. omstilling, har ført til at oppdateringa tek lengre tid enn planlagt. Aktivitets-, og Redegjøringsplikta (ARP) som følger av lovverket, pålegg kommunar å jobba aktivt, målretta og planmessig for å sikra kvalitet, representativitet og tillit. Det er blir jobba med kva kriterier det skal rapporterast på.

Rekruttering

Turnover							
Time kommune	7,0 %	Oppvekst		Helse og velferd		Samfunn	
Stabstenester	9,9 %	Pedagogisk psykologisk teneste	0,0 %	Tenestekontor	2,4 %	Plan og forvaltning	13,4 %

Årsmelding 2024

		Barnehagar	6,1 %	Institusjonstenester	4,6 %	Eigedom	5,7 %
		Undervisning	8,9 %	Heimetenester og rehab/korttid	9,6 %	Vatn, avløp og renovasjon	0,0 %
		Vaksenopplæring	5,3 %	Miljøtenester	4,9 %	Kommunalteknikk	0,0 %
		Kulturskule	4,1 %	Psykisk helse og rus	3,0 %	Kultur	
		Helsestasjons- og skulehelseteneste	7,0 %	Aktivitets- og servicetenester	0,0 %	Fritid	0,3 %
		Førebyggjande arbeid ungdom	0,0 %	Helse og rehabilitering	7,0 %	kino og kulturhus	5,5 %
		Barnevern	5,4 %			Bibliotek	0,0 %
		Flyktningtenesta	6,3 %				

Rekruttering				
Faste tilsette som har slutta	2021	2022	2023	2024
Turnover	6,1 %	7,7 %	7,7 %	7,0 %
Årsverk	75,3	97,4	100,9	92,5
Ansatte	124	147	149	153
Av desse, alderspensjonerte	19	81	21	27
Prosent slutta tilsette som gikk ut med pensjon	15,3 %	5,4 %	14,1 %	17,6 %

	Søkarar		Tilsett	
Menn	22,8 %	443	14 %	32
Kvinner	77,2 %	1504	86 %	197
Totalt	100%	1947	100%	229

Årsmelding 2024

I tråd med endringar i arbeidsmiljølova, var tilsettingsreglementet revidert. Ein god rekrutteringsprosess er også omdømmebyggande, og då har det vore viktig for Time kommune å ha gode retningslinjer for gjeldande prosess.

HR-rådgivarar er med i rekrutteringsprosessar på leiarnivå. I desse prosessane vert det nytta kartleggingsverktøy som inviterer til dialog i intervjuet. Det vart rekruttert ein leiar i Helse og velferd og åtte leiarar i Oppvekst.

I 2024 vart det lyst ut 52 færre stillingar i Webcruiter (nettbasert verktøy for tilsettingsprosessen). Av desse var det om lag 10 % færre heiltidsstillingar, og nesten 12 % færre deltidsstillingar, samanlikna med 2023.

Utlysingar	2023	2024
Tal på stillingar	289	238
Heiltidsstillingar	200	168
Deltidsstillingar	76	68

Time kommune nyttar fellesutlysingar for fleire stillingstypar, som lærarar og fagarbeidarar i barnehage og skule, og ferie- og tilkallingsvikarar i Helse og velferd. Dette gjer det vanskeleg å hente ut nøyaktige tal på rekrutteringar.

Det har vore fleire søkarar enn året før, i alle kommunalområda, med unntak av stab. Samfunn har hatt den største auka med om lag 78% fleire søkarar, etterfølgt av Helse og velferd med om lag 14% auke i søkarar.

For stabstenester er det i stor grad læringar som gir dei høge søkar- og tilsett-tala, i 2024.

	Utlysingar*		Søkarar		Tilsette	
	2023	2024	2023	2024	2023	2024
Oppvekst	123	92	900	913	151	81
Helse og velferd	126	110	628	714	133	122
Samfunn	17	12	109	194	10	6
Stab (inkl. læringar)	17	17 (15 læringar)	166	95	19	15 (14 læringar)

*utlysingar: stillingar

Kommunen	Søkarar		Tilsette	
Samla	2023	2024	2023	2024
Menn	503	443	49	32
Kvinner	1633	1506	308	197

Internkontroll og kvalitetsarbeid

Det gjennomføres årlege vernerundar. Vernerunden er ei digital undersøking som vert sendt ut på e-post til alle tilsette. Etter oppdatering av kommunens HMS- og kvalitetssystem i 2023, vart vernerunden utsett frå februar til mai grunna systemfeil. Alle leiarar skal følgja opp resultatet for si avdeling og setta inn tiltak ved behov.

Det vart igangsett anbudsrunde for å skaffa eit nytt HMS- og kvalitetssystem. Det er arbeidd med å utarbeida ny organisering av AMU, som vert testa ut i 2025. Det vart oppretta AMU for kvart kommunalområde og til Stab. Det skal avhaldast minst tre møte per år, som skal rapportera til to hovud AMU (HAMU). Formålet er å styrka arbeidsmiljøsatsinga, spesielt i samband med omstillingsarbeidet. Det lokale AMU vil sikra at arbeidet med arbeidsmiljø kjem nærare problemstillingane til avdelingane og dei tilsette.

Lærlingar

Lærlingar i Time kommune	2021	2022	2023	2024
Inntak	17	18	16	15
Sum etter inntak	32	35	33	32
Per 31. 12	31	35	33	30

Talet på lærlingar ved utgangen av 2024 var 30, fordelt slik: barne- og ungdomsarbeidar (9), helsefagarbeidar (15), IKT servicefag 1 og service og administrasjon (1). To av lærlingane som vart tilsett, avslutta læreløpet kort tid etter tilsettinga. Kommunen nyttar faste fagmøte for lærlingane og instruktørane. I tillegg vert det gjennomført "Læringskule" og "Bli kjent-dagen" som er gode arenaer for opplæring.

Då målalet for lærlingar i Time kommune ikkje vart dekkja av ordinære lærlingar, har kommunen også tilsett lærlingar i andre ordningar; MFY ordninga (1), og VG3 lærlingar (2) og «Menn i helse» (1). MFY ordninga er modulbasert opplæring for vaksne med utgangspunkt i lærlingen sin tidlegare opparbeida kompetanse. VG3 elevlar er eit alternativt opplæringstilbod for elevlar som står utan læreplass og som kommunen ikkje har lønnskostnader for.

Jærkommunane har eit tett samarbeid i arbeidet med lærlingar. Det er felles utlysing og tilsettingsprosessar. Det faglege samarbeidet omhandlar oppfølging av lærlingane gjennom felles lærling- og instruktørmøte. I tillegg samarbeider Jærkommunane om rekruttering av Menn i helse.

Lokale lønsforhandlingar og tariff

Lønsoppgjeret for 2024 var eit hovudoppgjer. Det betyr at dei sentrale partane forhandlar både om løn og tekst i Hovudtariffavtalen. Resultatet i KS området fekk ein økonomisk rame på 5,2 %. Det var same ramma som frontfaga i industrien. Dei sentrale partane blei einige om å avsetta 1,1, % av ramma til lokale forhandlingar i kapittel 4. Kapittel 4 består av dei store gruppene i kommunen og ca 95 % av dei tilsette er i lønskapittel 4. Potten til Time blei berekna til 7,1 millionar kroner. Partane lokalt forhandla og landet oppgjeret innafor den berekna ramma.

Lønsoppgjøret for kapittel 3 (leiare med personal/økonomi ansvar) og kapittel 5 (rådgjevarar og andre tilsette i frie yrker) tar utgangspunkt i same årslønsvekstramme som kapittel 4 som var 5,2 %. Omrekna til datolønsvekst pr 1.5.24, blei ramma 4,5 %. Partane lokalt forhandla fram eit resultat innafor ramma og utan brot i forhandlingane.

Kompetansebygging

Gjennom året er det halde ulike interne kurs. I hovudsak har dette konsentrert seg om opplæring av leiarar, verneombod og tillitsvalte i tema sjukefråvær og HMS-arbeid i regi av HR-avdelinga og NAV arbeidslivssenter. Nytt av året var arbeidsrettsleg tema: oppfølging i prøvetid.

Det er gjennom året arbeida med implementering av nytt kompetansesystem.

Rapportering av tiltak 2024

Tiltak	Status	Merknader
Utarbeida livsfasepolitikk	D	Arbeidet er starta
Implementera ny arbeidsgjevarstrategi	U	
Implementera strategi for likestilling, inkludering og mangfald	D	Arbeidet med å utarbeida strategi er starta men ikkje vidare prioritert i 2024
Implementera nytt kompetansesystem	D	Mykje av innhaldet i systemet er ferdig, men det gjenstår å leggja inn kurs, kompetanseplanar og CV
Digitalisera og systematisera nyttilsettprosessen	U	
Arbeida systematisk med medarbeidartilfredsheit	U	

Status på dei ulike tiltaka vert rapportert med følgjande indikatorar:

U	Utført
D	Delvis utført
I	Ikkje utført

Sjukefråvær

Fråvær

Årleg sjukefråvær 2023

Korttid

2,20 %

Langtid

5,45 %

Samla fråvær

7,65 %

Fråvær

Årleg sjukefråvær 2024

Korttid

Langtid

Samla
fråvær

2,26 %

5,40 %

7,66 %


Fråvær per tenestoområde

Tenestoområde	Fråvær 2024			Fråvær 2023		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Stabstenester	1,25 %	3,79 %	5,04 %	1,49 %	4,86 %	6,35 %
Oppvekst	2,28 %	4,10 %	6,38 %	2,08 %	4,72 %	6,80 %
Helse og velferd	2,48 %	7,28 %	9,76 %	2,58 %	6,78 %	9,36 %
Samfunn	1,88 %	5,69 %	7,57 %	1,89 %	4,61 %	6,50 %
Sjølvkost	0,68 %	11,61 %	12,29 %	0,94 %	10,88 %	11,82 %
Sum tenestoområde	2,26 %	5,40 %	7,66 %	2,20 %	5,45 %	7,65 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)

Prosent sjukefråver

● 2022 ● 2023 ● 2024



Økonomisk resultat

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2024 (i heile tusen kroner) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2024» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gir utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i dette kapittelet viser til det dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, medan investeringane vert omtala under [Investeringar](#). Avviksforklaringane er med utgangspunkt i rekneskap og budsjett med endringar.

Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt drift § 5-6	Note	Rekneskap 2024	Budsjett 2024 m/endingar	Budsjett 2024 Regulert	Budsjett 2024 Opprinneleg	Rekneskap 2023
--------------------------------	------	----------------	--------------------------	------------------------	---------------------------	----------------

Årsmelding 2024

Driftsinntekter						
1 Rammetilskot		621 378	604 033	603 750	602 000	571 903
2 Inntekts- og formuesskatt		750 125	780 840	780 840	778 000	745 844
3 Eigedomsskatt		7 161	7 160	7 160	6 400	4 805
4 Andre skatteinntekter		0	0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskot frå staten		83 186	73 637	58 000	58 000	74 937
6 Overføringer og tilskot frå andre		325 662	281 632	171 410	172 310	296 596
7 Brukarbetalingar		55 315	48 306	51 164	52 914	57 277
8 Sals- og leigeinntekter		203 056	197 246	187 024	186 954	165 068
9 Sum driftsinntekter		2 045 883	1 992 854	1 859 348	1 856 578	1 916 431
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter		1 043 479	1 036 306	971 552	966 302	991 728
11 Sosiale utgifter		286 953	271 289	268 588	256 933	260 870
12 Kjøp av varer og tenester		576 533	534 541	496 448	494 423	539 299
13 Overføringer og tilskot til andre		65 719	58 632	29 902	29 852	68 148
14 Avskrivningar	4	113 535	107 985	12 490	12 490	99 072
15 Sum driftsutgifter		2 086 219	2 008 752	1 778 980	1 760 000	1 959 117
16 Brutto driftsresultat		-40 336	-15 898	80 368	96 578	-42 687
Finansinntekter						

Årsmelding 2024

17 Renteinntekter		45 166	41 566	33 363	33 363	28 981
18 Utbytte	7	44 629	43 860	43 500	43 500	65 406
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	7	1 436	1 437	0	0	-206
20 Renteutgifter	9	91 303	92 792	82 792	86 792	61 766
21 Avdrag på lån		70 925	70 163	70 163	70 163	62 398
22 Netto finansutgifter		-70 996	-76 092	-76 092	-80 092	-29 983
23 Motpost avskrivningar		113 535	107 985	12 490	12 490	99 072
24 Netto driftsresultat		2 203	15 995	16 766	28 976	26 403
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering		27 654	27 654	27 355	27 930	69 135
26 Avsetning til bundne driftsfond		17 832	2 000	2 000	2 000	9 150
27 Bruk av bundne driftsfond		-11 208	-1 250	-1 000	-1 000	-21 893
28 Avsetning til disposisjonsfond		27 460	45 376	42 711	46	42 239
29 Bruk av disposisjonsfond		-59 535	-57 785	-54 300	0	-72 228
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av		2 203	15 995	16 766	28 976	26 403

netto driftsresultat						
32 Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 2,2 millionar kroner i 2024. Det låge resultatet medførte at kommunen måtte nytta 21,2 millionar kroner av disposisjonsfond for å kunna dekkja pensjonsforpliktingar i 2025. I 2022 og 2023 hadde Time kommune høvesvis eit netto driftsresultat på 74,5 millionar kroner og 26,4 millionar. Resultatet i 2024 vart påverka negativt av svikt i skatteinntekter sjølv om noko vart kompenserte av regjeringa si ekstraløyving på 4,3 milliardar til kommunane. I tillegg har premieavviket påverka resultatet i negativ retning med 11,6 millionar kroner. Tenesteområda har framleis meirforbruk, men det er redusert til kr 26,2 millionar i 2024 samanlikna med 52,4 millionar kroner året før.

Fordelt per tenesteområde	Rekneskap 2024	Budsjett m/endingar 2024	Budsjett u/endingar 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R) 2024
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)					
Oppvekst	682 732	676 808	659 773	652 761	-5 924
Helse og velferd	548 419	522 520	496 661	509 657	-25 899
Samfunn	143 510	143 989	137 220	145 966	479
Stabstenester	84 224	89 368	87 532	80 242	5 144
Sum netto driftsutgifter	1 458 885	1 432 685	1 381 186	1 388 626	-26 200

Det har vore arbeida mykje med omstilling og effektivisering i året som har gått, der formålet er å tilpassa tenestetilbodet til dei økonomiske rammevilkåra. Samla meirforbruk i tenesteområda er på 26,2 millionar kroner, kor alle tenesteområda har redusert sitt meirforbruk samanlikna med året før. Meirforbruket på Oppvekst er i hovudsak knytt til behov innanfor barnevernstenesta, mens Helse og velferd framleis har høg etterspørsel etter velferdstenester innan institusjon, heime- og miljøtenesta. Samfunn er tilnærma i balanse sjølv om kinoen framleis ikkje oppnår ønsket driftsnivå og det er eit meirforbruk på energikostnader til kommunale bygg og anlegg.

Nærare omtale kjem i kapitla til tenesteområda.

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 129 millionar kroner og utgjer ein vekst på 6,7 %. Veksten i 2023 og 2022 var høvesvis 7,7 % og 10,2 %.

Skatteinntektene auka svakt med 0,6 % frå 746 millionar kroner i 2023 til 750 millionar kroner i 2024. Skatteinngangen per innbyggjar gjekk ned frå 37 705 kroner i 2023 til 37 676 kroner i 2024. Time kommune hadde lågare skattevekst enn landet, som hadde 1,4 %. Samla enda skatteinntektene til kommunane 7 milliardar kroner lågare enn førespegla i revidert nasjonalbudsjett for 2024. Noko av skattesvikten vart kompensert av regjeringa med 5 milliardar kroner i auka rammetilskot på tampen av året.

	2022		2023		2024	
Skatteinntekter	Time	Landet	Time	Landet	Time	Landet
Skattevekst	11,4 %	12,7 %	-3,1 %	-4,7 %	0,6 %	1,4 %
Skattevekst per innbyggjar	9,5 %	12,0 %	-5,2 %	-5,8 %	-0,1 %	0,2 %
Skatteinntekter per innbyggjar	97,7 %	100,0 %	98,3 %	100,0 %	98,0 %	100,0 %

Flyktningssituasjonen i 2024 har gitt oss auka statstilskot til integrering og opplæring med 5,5 millionar kroner samanlikna med 2023, og tenestene har fått tilleggsløyvd 15,6 millionar kroner. Ekstra tilleggsløyvd er i hovudsak utgifter til sosialhjelp. Time kommune har teke imot 88 flyktningar i 2024.

Flyktning mottak (i 1000 kr)	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
Statstilskot flyktningar	77 949	70 673
Statstilskot norskopplæring	6 490	8 292
Sum kompensasjon	84 439	78 965
Budsjetterte tiltak 1.1	-53 000	-40 200
Ekstra tildeling tenestene utover budsjett	-15 637	-19 683
Sum fordeling	-68 637	-59 883

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «overføringer og tilskot frå andre», kjem frå om lag 18 millionar kroner i auka tilskot kvar frå staten og frå andre kommunar, samt 7,4 millionar kroner frå andre. Hovudtyngda av auka tilskot er knytt til vidareutdanning og kompetanseheving.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 6,5 %, mot ein auke på 11,2 % i 2023. Veksten er reelt høgare då bruk av pensjonsfond går til reduksjon av utgiftene. Auken i lønsutgifter var på 5,2 % samanlikna med året før.

Meirforbruket på lønn og sosiale utgifter kjem grunna aktivitet som i periodar medførte bruk av overtid og ekstrahjelp. Kjøp av varer og tenester er 6,9 % høgare enn i 2023 og kjem i stor grad av høgare prisar på varer og tenester i marknaden men og lågare oppgjær frå den inngåtte finansielle sikringsordninga på straum. Time kommunen har hatt sikringsavtale på straumkostnadane som for 2024 utgjorde 0,4 millionar kroner. Kommunen har også noko kraft som vart selt til marknadsprisar. Trass i dette fekk kommunen ein netto meirkostnad på 4,8 millionar kroner på energi.

Pensjon

I 2024 gav premieavviket ei netto meirutgift på 11,6 millionar kroner. Verknaden i 2023 var ei netto mindreutgift på 10,3 millionar kroner. Premieavviket frå 2023 var høgare en tidlegare grunna økte premiar. Pensjonspremien til KLP vert påverka av det årlege løns- og trygdeoppgjeret.

Pensjonspremien kan delvis dekkast av premiefond. I 2023 nytta kommunen 56,2 millionar kroner av fondet og i 2024 vart det brukt 30,1 millionar kroner. Ved årsskiftet er det 59,7 millionar kroner på premiefondet hos KLP. Forventa avkastning på premiefondet for 2024 er 76,4 millionar kroner. Avkastninga blir tilført premiefondet i 2025.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er på 2,2 millionar kroner i 2024 og lågare enn budsjettet. Dei siste åra har resultatet hatt ei negativ utvikling frå toppåra 2022 og 2021 med eit resultat på høvesvis 74,5 og 108,5 millionar kroner. Netto driftsresultat var på 26,4 i 2023. Dette er under nabokommunane Klepp og Hå, medan tal for kostragruppe 7 og landet er endå ikkje publisert.

Netto driftsresultat

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsresultat (Fylkes-)Kommunekasse Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	4,2 %	1,4 %	0,1 %	3,8 %	3,5 %	

Netto driftsresultat er påverka av nettoføring på pensjonsavvik som er omtala ovanfor og netto bruk av bundne fond. Det reelle resultatet for 2024 korrigerert for endring i premieavvik og netto bruk av bundne fond, er vist i tabellen nedanfor. Korrigerert for premieavvik og bundne fond er resultatet på 7,2 millionar kroner eller 0,4 % av brutto driftsinntekter. Tilsvarende tal for 2023 var 5,5 millionar kroner og 0,3 %.

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	108 544	74 469	26 403	2 203

Premieavvik pensjon	-5 704	-26 858	-10 287	11 635
Netto bruk av bundne fond	-8 219	4 389	12 743	-6 624
Ekstraordinært utbytte frå Lyse AS			-23 300	
Sum korrigert netto driftsresultat	94 621	52 000	5 559	7 214
Korrigert netto driftsresultat	5,9 %	2,9 %	0,3 %	0,4 %
Kommunal målsetting	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %

Finansinntekter/-kostnader

Sist gong sentralbanken auka rentesatsen var i desember 2023. Det vart ingen reduksjonar i rentesatsen gjennom 2024 og rentenivået har gjennom året vore på eit høgare nivå enn tidlegare år.

I tidlegare rekneskapar har inntekter får rentebyteavtalar vorte førte som ein reduksjon i renteutgiftene. Revisoren til kommunen påpeika i årsavslutninga i fjor at denne typen inntekter må førast som renteinntekter. Difor er det større endring i renteutgifter og renteinntekter samanlikna med 2023. Rentebyteinntektene utgjør om lag 10 millionar kroner. Teke dette i betraktning auka renteutgiftene med om lag 19,5 millionar kroner samanlikna med 2023. Renteinntektene er 16 millionar kroner høgare enn 2023 grunna endring i føringspraksis av rentebyteinntekter samt som følgje av god likviditet og auka rente på innskot.

Time kommune eig 5,832 % i Lyse AS og tabellen under viser samla kva inntekter eigarskapet bidreg med til kommunen. Kommunen fekk 50,6 millionar kroner i utbytte og renteinntekter, medan mottekne avdrag på ansvarlege utlån utgjorde 8,1 millionar kroner. Avdraga er ført i investeringsrekneskapen.

Lyse Energi AS	2021	2022	2023	2024
Aksjekapital	58 843	58 843	58 843	58 843
Ansvarleg lån	99 144	93 312	110 808	102 643
Sum Lyse	157 987	152 155	169 651	161 486

Årsmelding 2024

Utbytte	36 742	37 908	64 152	43 448
Mottatte avdrag	5 832	5 832	5 832	8 165
Renter	2 560	4 097	6 877	7 230
Sum inntekter	45 134	47 837	76 861	58 844

Årsoppgjersdisposisjoner

Overføringa frå drift til investering er på 27,6 millionar kroner og utgjer 2 % av samla skatt og rammetilskot, og i samsvar med målalet i kommunen.

Udekt meirforbruk på 21,2 millionar kroner er strokne frå avsetning til disposisjonsfond i samsvar med forskrifter for kommunal økonomiforvaltning.

Premieavviket i pensjon for 2024 er på 42,7 millionar kroner. I samsvar med budsjettvedtaket skal heile denne summen settast av til disposisjonsfond for å dekkja tilsvarende utgiftsføring i 2025. Premieavviket for 2023 på 54,3 millionar kroner er utgiftsført i 2024 og dekkja av disposisjonsfond.

Sjølvkosttenestene vatn og avløp har redusert framført underskot, mens renovasjon som hadde fondsmidlar ved inngangen av året, går ut med eit underskot. Samla framført underskot for sjølvkosttenestene er på 9 millionar kroner ved utgangen av året.

Finansforvaltning

Utviklinga i aksjemarknaden i 2024 har verta positiv trass i høgare renter. Hovudindeksen er opp med 9,1 %. Kommunedirektør valde i for å selja ut porteføljen av enkeltaksjar og reinvestera midlane i aksjefond. På denne måten vil finansplasseringane til kommunen bli handtert løpande av profesjonelle aktørar og kan forvalta kommunen sine plasseringar i tråd med utviklinga og forventninga i aksjemarknaden.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads -verdi 31.12.2023	Marknads -verdi 31.12.2024	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finansreglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond						50 mill. kr
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar						20 mill. kr
Obligasjonar utstedt av norske selskap						
Aksjefond	10 189	18 397	1 148	1 797	28,9 %	20 mill. kr

Aksjar/eigenkapitalbe vis i norske selskap	6 772		-329		-4,9 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap						2,5 mill. kr
Sum	16 961	18 397	819	1 797	15,4 %	

Finansporteføljen har per 31.12.2024 auka med 1,4 millionar kroner samanlikna med 2023. Fondsplasseringa gav eit utbytte i fjor på 1,1 millionar kroner, medan utbytte og sal av aksjane gav eit netto tap på 0,3 millionar kroner. Kostpris for porteføljen er på 15,4 millionar kroner og urealiserte gevinstar er ved utgangen av året på 3 millionar kroner jamfør note 7.

Kommunen har 1 628 millionar kroner i pensjonsmidlar som vert forvalta av KLP. Avkastninga ut over garantert rente av desse midlane vert avsett til premiefond. Det endelege oppgjeret kjem med kontoutskrifta i mai 2025. KLP har signalisert en avkastning på premiefondet for 2024 på 76,4 millionar kroner. Premiefondet er før tilføring av avkastning for 2024 på 59,7 millionar kroner. Av fondsmidlane er det budsjettert med bruk av 26,3 millionar kroner i 2025.

Balanse per 31.12.2024

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Anleggsmidlar

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har netto auka med 118 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2024 minus avskrivningar, nedskrivningar, korrigeringar frå tidlegare år og eventuelle sal.

Pensjonsmidlane auka med 150 millionar kroner i 2024.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er omtrent uendra frå året før på 542 millionar kroner, det same gjeld kortsiktige fordringar. Av dette utgjær utgjær utgiftsført premieavvik 11,6 millionar kroner.

Økonomisk oversikt balanse § 5-8	Note	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2023
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidlar		5 222 756	4 953 010
I. Varige driftsmidlar		2 951 478	2 833 987
1. Faste eigedomar og anlegg	4	2 607 518	2 522 182

2. Utstyr, maskinar og transportmidlar	4	343 959	311 805
II. Finansielle anleggsmidlar		500 034	497 597
1. Aksjar og andelar	5	107 229	109 542
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	6	392 805	388 055
III. Immaterielle eigendelar		0	0
IV. Pensjonsmidlar	11	1 771 244	1 621 426
B. Omløpsmidlar		559 252	542 152
I. Bankinnskot og kontantar		318 080	318 654
II. Finansielle omløpsmidlar		18 397	16 961
1. Aksjar og andelar	7	18 397	16 961
III. Kortsiktige fordringar		222 775	206 537
1. Kundefordringar		40 397	33 131
2. Andre kortsiktige fordringar		139 712	119 106
3. Premieavvik	11	42 665	54 300
Sum eigendelar		5 782 008	5 495 162
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital		1 764 515	1 748 558
I. Eigenkapital drift		181 509	206 960
1. Disposisjonsfond		166 659	198 734
2. Bundne driftsfond	13	14 850	8 226
II. Eigenkapital investering		2 278	2 243

Årsmelding 2024

1. Ubundet investeringsfond		0	0
2. Bundne investeringsfond	13	2 278	2 243
3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen		0	0
III. Annan egenkapital		1 580 727	1 539 355
1. Kapitalkonto	2	1 577 406	1 536 033
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		0	0
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		3 321	3 321
D. Langsiktig gjeld		3 693 519	3 432 574
I. Lån	9	1 884 678	1 796 958
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		1 524 678	1 436 958
2. Obligasjonslån		160 000	160 000
3. Sertifikatlån		200 000	200 000
II. Pensjonsforplikting	11	1 808 841	1 635 616
E. Kortsiktig gjeld		323 974	314 030
I. Kortsiktig gjeld		323 974	314 030
1. Leverandørgjeld		101 751	109 575
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annan kortsiktig gjeld		222 223	204 456
5. Premieavvik		0	0
Sum egenkapital og gjeld		5 782 008	5 495 162

F. Memoriakonti		0	0
I. Ubrukte lånemidler		48 169	15 597
II. Andre memoriakonti		13 220	11 227
III. Motkonto for memoriakontiane		-61 388	-26 823

Lånegjeld

Lånegjevarar 1000 kr)	(i	Restgjeld 31.12.2024	Restgjeld 31.12.2023	Gjennomsnitts rente 2024	Gjennomsnitts gjenstående løpetid
Kommunalbanken		775 481	833 078	5,4 %	10 år
KLP banken		400 907	280 350	5,4 %	13 år
Sparebanken Sør		7 750	7 750	5,4 %	8 år
Husbanken		340 540	315 780	4,6 %	14 år
Sertifikatlån 3 mnd		200 000	200 000	5,0 %	2 år
Obligasjonslån		160 000	160 000	4,2 %	2 år
<i>Rentesikring</i>		<i>400 000</i>	<i>300 000</i>		
Sum lånegjeld		1 884 678	1 796 958	5,2 %	9 år

Lånegjelda auka med 87,7 millionar kroner i 2024. Betalte avdrag var på 74,7 millionar kroner. Kommunen har rentesikra 30 % av sum lånegjeld ved utgangen av 2024. Av netto renteeksponert gjeld (jamfør note 8 og 9) er 52 % rentesikra.

Netto lånegjeld

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto lånegjeld (Fylkes-)Kommuners konsoliderte regnskap Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	74,6 %	71,0 %	72,7 %	70,6 %	56,2 %	56,7 %		

Netto lånegjeld i Time er på 70,6 % noko som er høgare enn Klepp og Hå. Tal for kostragruppe 7 og landet er endå ikkje publisert.

Likviditet og arbeidskapital

Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gir eit uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er forbetra med 7 millionar kroner i 2024 og er ved utgangen av året på 235,1 millionar kroner sjå note 1. Likviditeten i kommunen er god.

Fondsmidlar

Disposisjonsfond	Disposisjonsfond - drift	
(i 1000 kr)	2023	2024
Inngående balanse 1.1.	228 724	198 735
Avsetningar	42 239	27 460
Bruk av avsetningar	-72 228	-59 535
Utgående balanse 31.12.	198 735	166 660

Samla disposisjonsfond i kommunen er på 166,7 millionar kroner ved utgangen av 2024. Av desse midlane utgjer premiefond 44,7 millionar kroner og skal nyttas til å dekkja kommunens pensjonsforpliktingar i 2025. Det generelle disposisjonsfondet er redusert med om lag 21,2 millionar kroner, som følgje av det svake resultatet.

Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommunen sitt disposisjonsfond er på 8,1 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2024. Det er ein nedgang frå året før kor nivå på disposisjonsfonda vart 10,4 % Korrigert for avsetning til skuldig premieavvik er disposisjonsfondet på 6,1 %, ned frå 7,5 % samanlikna med året før. Nivået er framleis høgare enn kommunens måltal. Diagrammet syner at Time kommune har lågare reserver enn nabokommunane. Tal for kostragruppe 7 og landet er endå ikkje publisert.

Disposisjonsfond

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Disposisjonsfond (K) (Fylkes-)Kommuners konsoliderte regnskap Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	11,0 %	12,9 %	10,4 %	8,1 %	22,6 %	19,7 %		

Øyremerka fondsmidlar

Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Hovudregelen er at sjølvkostfond skal brukast og underskot skal dekkast seinast det femte året etter det oppstod.

Sjølvkostfond/framført underskot Vatn, avløp og renovasjon (VAR)	2024	2023	2022	2021	2020
Sjølvkostfond vatn					
Framført underskot vatn	1 369	6 950	4 597	1 099	3 179
Sjølvkostfond avløp			2 223	4 092	331
Framført underskot avløp	5 473	7 104			
Sjølvkostfond renovasjon		916	2 377	3 380	2 537
Framført underskot renovasjon	2 028				
Sjølvkostfond slamtømming		8	66		38
Framført underskot slamtømming	107			74	
Sjølvkostfond feiing	296				86
Framført underskot feiing		6		9	
Netto saldo sjølvkostfond VAR	-8 681	-13 136	69	6 290	-187

Vatn og avløp har tilbakeført 7,2 millionar kroner til delvis dekning av framført underskot. Renovasjon hadde meirutgifter som oversteig sjølvkostfondet på 0,9 millionar kroner og fekk framført underskot på 2 millionar kroner etter saldering. Akkumulert framført underskot som må dekkast inn seinare år er nå på 9 millionar kroner for vatn, avløp, renovasjon og slam. Feiing har sjølvkostfond på 0,3 millionar kroner. Det som først og fremst påverkar kostnadene i denne sektoren er auka rentekostnader og høg pris- og lønnsvekst.

Økonomiske nøkkeltal

Måltal	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Vedtatte mål
Netto driftsresultat (korrigert)	0,3 %	0,4 %	1,5 %
Disposisjonsfond inkl årsresultat (korrigert for premieavviksfond)	7,5 %	6,1 %	6,0 %
Netto renteekspontert gjeld *)	55,3 %	52,4 %	maks 60 %
Netto renteekspontert gjeld minus bankinnskott	38,7 %	36,9 %	
Lånefinansiering av investeringane	61,5 %	42,9 %	maks 50 %
Overføring til investeringar av sum skatt og rammetilskott (korrigert)	3,5 %	2,0 %	2,0 %


*) Netto renteekspontert gjeld er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørende vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar.

Kommunen har vedteke måltal for den økonomiske styringa av kommunen. Tabellen viser korleis resultatet for dei to siste åra vart, sett opp mot måltala. Rekneskapsresultatet vert målt opp mot desse og måltala og set rammar for framtidig budsjettering i kommunen.

Når det gjeld disposisjonsfondet er målsetjinga 6 % av brutto driftsinntekter. Korrigert for premieavviksfond utgjør disposisjonsfondet ved utgangen av fjoråret 6,1 % og 116 millionar kroner.

Kommunen har sett mål om at netto renteekspontert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera maksimum 60 % og ligg ved utgangen av 2024 på 52,4 % mot 55,3 % i 2023. Lånefinansieringa av investeringane er på 43 % og lågare enn målsetjinga om maksimalt 50 % lånefinansiering. Lånegjelda er auka med 87 millionar kroner som er mindre enn i fjor, då gjelda auka med 160,3 millionar kroner. Netto renteekspontert gjeld auka med 13 millionar kroner i 2024, medan auka i 2023 var på 91 millionar kroner. Måltala for gjeld og eigenfinansiering har ein positiv utvikling i fjor og er i tråd med hensikta i vedteken handlings- og økonomiplan 2024-2027.

Overføring frå drift til investeringar av sum skatt og rammetilskott er på 2 %, som også er målalet.



Korrigert netto driftsresultat for pensjonspremien og bruk av bundne fond er 0,4 % og er lågare enn måltalet for kommunen.

Investeringar

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidar		313 183	283 920	236 915	231 237	5 678	2,4 %	236 915
Tilskot til andre sine investeringar		742	600	600	870	-270	-45,1 %	600
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		5 109	2 850	2 850	3 208	-358	-12,6 %	2 850
Utlån av egne midlar		23 328	0	0	0	0		0
Avdrag på lån		0	0	0	0	0		0
Sum investeringsutgifter		342 362	287 370	240 365	235 316	5 049	2,1 %	240 365
Kompensasjon for meirverdiavgift		-38 090	-40 654	-31 073	-28 228	-2 845	-9,2 %	-31 073
Tilskot frå andre		-18 405	-44 250	-32 200	-57 975	25 775	80,0 %	-32 200
Sal av varige driftsmiddel		-845	-7 500	-7 500	-170	-7 330	-97,7 %	-7 500
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0		0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		-5 832	-8 163	-8 163	-11 740	3 577	43,8 %	-8 163
Bruk av lån		-210 658	-156 073	-131 774	-101 002	-30 773	-23,4 %	-
								131 774
Sum investeringsinntekter		-273 830	-256 640	-210 710	-199 115	-11 595	-5,5 %	-
								210 710
Vidareutlån		19 977	25 000	40 000	38 235	1 765	4,4 %	40 000
Bruk av lån til vidareutlån		-19 568	-25 000	-40 000	-38 200	-1 800	-4,5 %	-40 000
Avdrag på lån til vidareutlån		12 287	10 000	10 000	13 128	-3 128	-31,3 %	10 000
Mottatte avdrag på vidareutlån		-11 749	-12 300	-12 300	-21 745	9 445	76,8 %	-12 300
Netto utgifter vidareutlån		946	-2 300	-2 300	-8 582	6 282	273,1 %	-2 300
Overføring frå drift		-69 135	-27 930	-27 355	-27 654	299	1,1 %	-27 355

Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Avsetningar til bundne investeringsfond		30	0	0	35	-35		0
Bruk av bundne investeringsfond		-373	-500	0	0	0		0
Avsetningar til ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0		0
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-69 478	-28 430	-27 355	-27 619	264	1,0 %	-27 355
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0		0

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2024. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor .

Investeringsinntekter

	Rekneskap				Budsjett
	2021	2022	2023	2024	2024
Investeringar	193 894	195 315	342 362	235 316	264 094
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	63,3 %	42,2 %	38,5 %	57,1 %	50,2 %
Låneopptak	36,7 %	57,8 %	61,5 %	42,9 %	49,8 %
Ikkje finansiert	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det var opphavelg budsjettert med 287,3 millionar kroner i investeringar. Budsjettet er justert ned med 22,6 millionar kroner til 264,7 millionar kroner. Årsakene til dette er avvik mellom budsjettert og finansiell framdrift i prosjekta. Dei største prosjekta som vart flytta i tertialrapportane er Kolheia omsorgsbustadar, ATO-avdeling og ombygging av Sivdamheimen.

I 2024 er investeringane finansierte med 43 prosent låneopptak. Kommunen har tatt opp 136 millionar i nye lån til investeringsformål, men nytta 101 millionar til å gjere opp investeringsrekneskapen. Det var opphavelg budsjettert med 156 millionar kroner i låneopptak. Bruk av lån i 2024 er underhalvparten enn det som ble nytta i 2023.

Investeringsutgifter

Bevilgningsoversikt investering § 5-5	Rekneskap 2024	Budsjett 2024 m/endingar	Budsjett 2024 Regulert	Budsjett 2024 Opprinneleg	Rekneskap 2023
Investeringar i varige driftsmidlar	231 237	261 244	236 915	283 920	313 183
Tilskot til andre sine investeringar	870	600	600	600	742
Investeringar i aksjar og andelar i selskaper	3 208	2 850	2 850	2 850	5 109
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	23 328
Sum investeringsutgifter	235 316	264 694	240 365	287 370	342 362
Kompensasjon for merverdiavgift	28 228	31 503	31 073	40 654	38 090
Tilskot frå andre	57 975	55 800	32 200	44 250	18 405
Sal av varige driftsmidlar	170	7 500	7 500	7 500	845
Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar	11 740	8 163	8 163	8 163	5 832
Bruk av lån	101 002	131 774	131 774	156 073	210 658
Sum investeringsinntekter	199 115	234 740	210 710	256 640	273 830
Vidareutlån	38 235	40 000	40 000	25 000	19 977
Bruk av lån til vidareutlån	38 200	40 000	40 000	25 000	19 568
Avdrag på lån til vidareutlån	13 128	10 000	10 000	10 000	12 287
Mottatte avdrag på vidareutlån	21 745	12 300	12 300	12 300	11 749
Netto utgifter vidareutlån	-8 582	-2 300	-2 300	-2 300	946
Overføring frå drift	-27 654	-27 654	-27 355	-27 930	-69 135
Avsetningar til bundne investeringsfond	35	0	0	0	30
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	-373
Avsetningar til ubundet investeringsfond	0	0	0	-500	0
Sum overføring fra drift og netto avsetningar	-27 619	-27 654	-27 355	-28 430	-69 478
Fremført til inndekning i seinare år(udekka beløp)	0	0	0	0	0

Investeringane er delvis finansierte av inntekter som utbetaling av investeringstilskot frå Husbanken til foreldreinitiativet på Nubben, ENØK-tiltak og refusjonar frå private utbyggjarar på 57,9 millionar kroner. I tillegg kjem momskompensasjon for 2024 med 28 millionar kroner. Ellast er det motteke 8,1 millionar kroner i avdrag på ansvarlege lån i Lyse AS og dessutan 3,6 millionar kroner i spelemidlar frå fylkeskommunen.

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån førte. I 2024 lånte kommunen ut 38,2 millionar kroner. Årleg låneopptak til vidareutlån vart oppjustert til 40 millionar kroner. Det motteke noko meir i avdrag på startlån enn budsjetttert. Dette skuldast i hovudsak ekstraordinære avdrag i samband med sal av bustadar. Ubrukte lånemidlar til vidareutlån er per 31.12.2024 på 12,7 millionar kroner.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjetttert løyving og forbruk kvart år.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2024 gjort opp med å avsette 30,8 millionar til ubrukte lånemidlar. Desse vil nyttast til å oppbudsjettere investeringsprosjekt frå i fjor i 2025 som eksempelvis «Omsorgsbustader - Foreldreinitiativ Svertingstad» og «Ny idrettshall Bryne».

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2024, kolonne to viser budsjett 2024, og for fleirårige prosjekt viser kolonne tre rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som er med her. I hovudsak er det berre vist prosjekt med store kostnader i 2024 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

Investeringsprosjekt som det i 2024 er avlagt eige rekneskap for i eiga politisk sak, vert ikkje kommenterte.

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
		0	0	0	84	-84		0
Administrasjon og fellesprosjekt		21 216	18 150	20 150	44 132	-23 982	-119,0 %	20 150
Skular og barnehagar		14 703	28 200	8 100	9 140	-1 040	-12,8 %	8 100
Helse og velferd		23 914	115 200	85 400	77 149	8 251	9,7 %	85 400
Kulturbygg og kulturanlegg		3 458	3 300	3 225	1 700	1 525	47,3 %	3 225
Idrett og friluftsliv		151 860	44 070	49 070	31 768	17 302	35,3 %	49 070
Utbygging		272	0	0	3 323	-3 323		0
Veg og parkanlegg		17 168	9 000	9 000	9 762	-762	-8,5 %	9 000
Vatn, avløp og renovasjon		80 593	66 000	61 970	54 180	7 790	12,6 %	61 970
Investeringar i varige driftsmidlar		313 183	283 920	236 915	231 237	5 678	2,4 %	236 915

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Bryne kyrkje - rehabilitering		373	0	0	0	0		0
Oppgradering/rehabilitering kyrkjene		0	600	600	570	30	4,9 %	600
VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett		10	0	0	0	0		0
VA tiltak - Rossaland - kapasitetsutviding Kong Haakons gate		90	0	0	0	0		0
Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden, Ørnahaugen		154	0	0	0	0		0
Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen		51	0	0	0	0		0
Friluftsliv		0	0	0	300	-300		0
Nærmiljøanlegg		65	0	0	0	0		0
Tilskot til andre sine investeringar		742	600	600	870	-270	-45,1 %	600

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Eigenkapital i KLP		4 124	2 850	2 850	3 205	-355	-12,4 %	2 850
Andel Rogaland revisjon		185	0	0	0	0		0
Kjøp av legeheimel		800	0	0	0	0		0
Aksjer og andelar		0	0	0	3	-3		0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		5 109	2 850	2 850	3 208	-358	-12,6 %	2 850

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Ansvarleg lån Lyse - ekstraord. utbytte 2023		23 328	0	0	0	0		0
Utlån av egne midlar		23 328	0	0	0	0		0
Sum del 1-4		342 362	287 370	240 365	235 316	5 049	2,1 %	240 365

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2024. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett
	2021	2022	2023	2024	2024
Investeringar	193 894	195 315	342 362	235 316	264 694
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	63,3 %	42,2 %	38,5 %	57,1 %	50,2 %
Låneopptak	36,7 %	57,8 %	61,5 %	42,9 %	49,8 %
Ikkje finansiert	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det var opphavelig budsjettert med 287,3 millionar kroner i investeringar. Budsjettet er justert ned med 22,6 millionar kroner til 264,7 millionar kroner. Årsakene til dette er avvik mellom budsjettert og finansiell framdrift i prosjekta. Dei største prosjekta som vart flytta i tertialrapportane er Kolheia omsorgsbustadar, ATO-avdeling og ombygging Sivdamheimen.

I 2024 er investeringane finansierte med 43 prosent låneopptak. Kommunen har tatt opp 136 millionar i nye lån til investeringsformål, men nytta 101 millionar til å gjere opp investeringsrekneskapen. Det var opphavelig budsjettert med 156 millionar kroner i låneopptak. Bruk av lån i 2024 er underhalvparten enn det som ble nytta i 2023.

	Rekneskap	Budsjett 2024	Budsjett 2024	Budsjett 2024	Rekneskap
Bevilgningsoversikt investering § 5-5	2024	m/endringar	Regulert	Opprinneleg	2023

Årsmelding 2024

Investeringar i varige driftsmidler	231 237	261 244	236 915	283 920	313 183
Tilskot til andre sine investeringar	870	600	600	600	742
Investeringar i aksjar og andelar i selskaper	3 208	2 850	2 850	2 850	5 109
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	23 328
Sum investeringsutgifter	235 316	264 694	240 365	287 370	342 362
Kompensasjon for merverdiavgift	28 228	31 503	31 073	40 654	38 090
Tilskot frå andre	57 975	55 800	32 200	44 250	18 405
Sal av varige driftsmidler	170	7 500	7 500	7 500	845
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	11 740	8 163	8 163	8 163	5 832
Bruk av lån	101 002	131 774	131 774	156 073	210 658
Sum investeringsinntekter	199 115	234 740	210 710	256 640	273 830
Vidareutlån	38 235	40 000	40 000	25 000	19 977
Bruk av lån til vidareutlån	38 200	40 000	40 000	25 000	19 568
Avdrag på lån til vidareutlån	13 128	10 000	10 000	10 000	12 287
Mottatte avdrag på vidareutlån	21 745	12 300	12 300	12 300	11 749
Netto utgifter vidareutlån	-8 582	-2 300	-2 300	-2 300	946
Overføring frå drift	-27 654	-27 654	-27 355	-27 930	-69 135
Avsetningar til bundne investeringsfond	35	0	0	0	30
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	-373

Avsetningar til ubundet investeringsfond	0	0	0	-500	0
Sum overføring fra drift og netto avsetningar	-27 619	-27 654	-27 355	-28 430	-69 478
Fremført til inndecking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0	0

Investeringane er delvis finansierte av inntekter som utbetaling av investeringstilskot frå Husbanken til foreldreinitiativet på Nubben, ENØK-tiltak og refusjonar frå private utbyggjarar på 57,9 millionar kroner. I tillegg kjem momskompensasjon for 2024 med 28 millionar kroner. Ellast er det motteke 8,1 millionar kroner i avdrag på ansvarlege lån i Lyse AS og dessutan 3,6 millionar kroner i spelemidlar frå fylkeskommunen.

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån førte. I 2024 lånte kommunen ut 38,2 millionar kroner. Årleg låneopptak til vidareutlån vart oppjustert til 40 millionar kroner. Det motteke noko meir i avdrag på startlån enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak ekstraordinære avdrag i samband med sal av bustadar. Ubrukte lånemidlar til vidareutlån er per 31.12.2024 på 12,7 millionar kroner.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjettert løyving og forbruk kvart år.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2024 gjort opp med å avsette 30,8 millionar til ubrukne lånemidlar. Desse vil nyttast til å oppbudsjettere investeringsprosjekt frå i fjor i 2025 som eksempelvis «Omsorgsbustader - Foreldreinitiativ Svertingstad» og «Ny idrettshall Bryne».

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2024, kolonne to viser budsjett 2024, og for fleirårige prosjekt viser kolonne tre rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving. For å sjå detaljane om alle prosjekta blir det vist til rekneskapsdokumentet.

Investeringar per prosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
1101	IKT investeringar - felles	3 207	3 500		

1106	Rådhuset - nytt tak teknisk rom C-bygg + 4 stk wc i A-bygg	411	500	411	
1111	Rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje	6 255	6 000	8 538	
1214	Revisjon av elektriske anlegg	157	300		
1215	ENØK	2 661	2 500	6 576	
1222	UU-tiltak bygg	269	150	1 549	
1223	Grønn energi kommunale bygg	4 421	4 430	16 430	15 200
1223	Grønn energi kommunale bygg, inntekter	-881	-1 000	-7 277	
1224	Bytting av lyskjelder kommunale bygg	2 222	2 000	2 222	
1905	Eigenkapital i KLP	3 205	2 850		
2246	Brannsikring/oppgradering bygg	574	700	3 031	
5924	Kartbasar og ortografi	221	500	424	

1111 Rådhus C-bygg 3. & 4. etg

Ombygginga av 3. og 4. etasje vart avlyst i KS-060/23 grunna den økonomiske situasjonen til kommunen og at kostnadane etter anbod var høgare enn budsjettet. Det vart utført ei enklare ombygging av 3. og 4. etasje i løpet av 2024. Desse to etasjane er nå tilpassa bruken og behovet til Organisasjonsavdelinga, Økonomiavdelinga og Barnevernet. Arbeidet har også utvida møteromkapasiteten på rådhuset.

1215 Enøk

Det er i 2024 gjennomført fleire tiltak for å redusera energibruken i dei kommunale bygga. Det er mellom anna sett inn ny varmepumper på Bryne skule og gjort diverse tiltak på tekniske anlegg for å optimalisere energibruken i bygga våre.

1222 Bytting av lyskjelder kommunale bygg

Det er sett av 2 millionar kroner årleg til bytting av gamle lyskjelder og over til LED-lys.

1223 Grøn energi kommunale bygg

Det er montert solceller til energiproduksjon på Rådhuset, Røyrvika 1-11, Austbøvegen 14 og Timehallen. Kommunen har fått tilskott på omlag 0,8 millionar kroner frå Husbanken på desse tiltaka.

Skular og barnehagar		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
2203	Mindre ombyggingar - Oppvekst	1 604	1 500		
2206	Fettutskillere skular og barnehagar	800	1 000	800	1 000
2257	Bryne skule - mat og helse, vindu, kantine sfo	2 058	1 500	3 742	2 000
2258	Lye skule - auditorium, himlinger, vindu og dører	1 062	1 000	2 093	7 000
2261	BKS - sikringsskap, inngangsparti, vindu	1 482	600	2 242	1 300
2262	Ny ATO - forprosjekt	1 570	2 000	2 332	39 000

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar er i hovudsak utførte og omtala i ULK-008/25. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2024. Noko meirforbruk grunna nokre ikkje forutsette tiltak som måtte gjennomførast.

2206 Fettutskillere skular og barnehagar

Det vart i 2024 sett inn fettutskillar på Bryne skule i forbindelse med oppgradering av SFO-kjøkkenet. Denne tar også med seg avløpsvatnet frå mat- og helsekjøkkenet.

2257 Bryne skule– mat og helse, vinduer og kantine SFO

Det vart i 2024 gjort ei oppgradering av SFO-kjøkkenet. Det vart i dette prosjektet noko meirforbruk grunna høgare prisar og nokre ikkje forutsette tiltak som måtte gjennomførast.

2258 Lye skule– auditorium, himlingar, vinduer og dører

Dette prosjektet har i 2024 i hovudsak vert nytta til bygging av sprinklaranlegg i samband med brannsikringskrav på bygget i 2024. Dette arbeidet fortsett i 2025.

2261 BKS – sikringsskap, inngangsparti, vindu

Det er bytta ut dører og vindauger i Bryne kurs- og kompetansesenter i 2024. På grunn av kompleksiteten måtte dette arbeidet utførast same året, og ikkje delast opp i to, som planlagt i økonomiplanen 2024-2027. Det vil sei at det er brukt 300 000 kroner i 2024, som er avsett i 2025. I tillegg er det laga til fleire kontor til Flykningetenesta grunna auka behov.

2262 ATO-avdeling

Det vart påbegynt prosjekteringsarbeid i august 2023. Dette arbeidet fortsette i 2024, men i KS-sak 095/24 vart det vedteke å utsetta byggjestart til 2026.

2261 BKS – sikringsskap, inngangsparti, vindu

Det er bytta ut dører og vinduer i BKS i 2024. På grunna kompleksiteten måtte dette arbeidet utførast det same året, og ikkje dele dette opp i 2, som planlagt i økonomiplanen 24-27. Det vil sei at det er brukt 300 000 kroner i 2024 her, som var avsett i 2025. I tillegg er det laga til fleire kontor til Flykningetenesta grunna auka behov.

Helse og velferd		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
3101	Velferdsteknologi - Helse og velferd	58	700		
3202	Mindre ombyggingar - Helse og velferd	1 812	1 500		
3205	Utbygging Kverneland omsorgsenter	3 129	500	3 129	138 000
3207	Kverneland omsorgsenter - takskifte	509	0	509	10 000
3208	Ombygging Timehallen for fysio/ergo	706	550	706	
3210	Takreparasjon Foren	1500	1300	1500	1300
3213	Kommunale bustader	6 769	9 000		

Årsmelding 2024

3214	Kolheia omsorgsbustader - utviding	797	1 000	3 015	22 000
3215	Omsorgsbustader - Foreldreinitiativ Svertingstad	47 444	57 900	49 933	74 900
3215	Omsorgsbustader - Foreldreinitiativ Svertingstad, inntekter	-6 716	0	-6 716	74 900
3217	Foreldreinitiativ og avlastning, Kvernaland	221	500	460	71 000
3220	Senger og møbler Helse og velferd	677	850		
3232	Rehabilitering Kommunale utleigebustader	1 710	1 000		
3248	Planlegging og rehabilitering av vaskeriet	1 635	1 100	9 185	
3267	Sivdambassenget-oppgradering	91	0	91	15 000
3270	Utvide basen Røyrvika	177	200	177	1 500
3271	Ombygging Vestbygget - eldre personer med psyk helse/rusutfordring	517	300	9 234	
3272	Sivdamsenteret - tilrettelagte bad	43	50	570	900
3274	Ombygging Sivdamheimen 2. etg, ekstra rom	723	1 000	753	16 000
3276	Ny sjukeheim og nye sjukeheims plassar	657	500	657	402 000
3281	Bilpark/sykkelpark - Helse og velferd	2044	1 500		

3281	Bilpark/sykkelpark - Helse og velferd, inntekter	-1107	0		
3285	Småhus Rådhusparken	4 966	5 950	5 178	5 350
3285	Småhus Rådhusparken, inntekter	0	-600		

3101 Velferdsteknologi – Helse og velferd

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Helse og velferd. Mykje av velferdsteknologien vert no leasa og budsjettet blei redusert med 500 000 kroner i 1. tertialrapport 2024. Mindreforbruket i investering må derfor sjåast i samanheng med noko av meirforbruket i Helse og velferd.

3202 Mindre ombyggingar – Helse og velferd

Mindre oppgraderingstiltak i Helse og velferd er i hovudsak utførte og omtalte i ULK-sak 008/25. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2024.

3210 Takreparasjon Foren

Som omtalt i 2. tertialrapport 2024, så har kommunen sett seg nøgd og ta ansvar for å retta opp ein byggefeil begått av entreprenør, som har gått konkurs. Det vart i 2024 utbetra omlag 2/3 av takarealet. Det er planlagt å utbetra resten av taket sommaren 2025 og vil komme tilbake til behovet for noko meir midlar i 1. tertialrapporten 2025. Pga manglande oversikt over omfanget, før påbegynt reparasjonen, så vart det ikkje sett av nok pengar til dette tiltaket.

3213 Kommunale bustadar

Det er kjøpt tre bustadar i 2024.

3214 Kolheia omsorgsbustader utviding

Det vart arbeid med prosjektering og reguleringsarbeid i 2024. Dette arbeidet vart stansa, da det i KS-sak 095/24 vart vedteke å utsetta byggjestart til 2026.

3215 Foreldreinitativ Svertingstad

Det byggast 6 bustadar som foreldreinitativ, og 4 kommunale omsorgsbustadar med felles personalbase. Prosjektet vart påbegynt 1. halvdel av 2024 og vert ferdigstilt april 2025.

3217 Foreldreinitativ Kverneland

Det er planlagt å bygga kombinert tilbod for foreldreinitativ og barne- og avlastingsbustadar med felles personalbase. Det er sett av 71 millionar kroner i perioden og berekna inntekter frå sal og statstilskot frå

Husbanken er på omlag 26 millionar kroner. Det vert arbeid med å nytta ledig tomt til prosjektet ved sida av Kverneland omsorgssenter. Kommunen har etter møte og synfaring med Husbanken januar 2025, fått tilbakemelding om at lokaliseringa kan godkjennast viss vilkår frå Husbanken knytt til utforming vert ivareteke.

3232 Rehabilitering kommunale bustadar

Prosjektet vert brukt til oppgraderingar av kommunal bustader, der det dukkar opp behov etter hard og uvøren bruk av leigetakar. Det har i 2024 vorte bytta ut ein del vindauge i kommunale bustader, som i stor grad er årsaka til meirforbruket. Det er venta ei utbetaling av tilskot frå Husbanken på omlag 0,5 millionar kroner i 2025.

3248 Rehabilitering vaskeriet på Bryneheimen

Prosjektet vart påbegynt i 2022 og skulle ha vore avslutta i 2023. På grunn av avvik i forbindelse med branntryggleik og at nytt brannkonsept måtte utarbeidast, vart prosjektet forseinka. Det har kome til nokre ekstra kostnader i forbindelse med denne forseinkinga. Det har vore litt problem med nye maskinar og ein del feilmeldingar, men dette er nå retta opp og fungerer som tiltenkt.

3269 Småhus Re

Prosjektet gjeld kjøp av tomt, regulering og oppføring av fem småhus over nokre år framover. Reguleringsarbeid starta i 2021. Arbeidet har vorte forsinka på grunn av diskusjonar om plassering av bygga på tomta og mogleg makebytte med nabo, jf. ULK-107/22. Ny plassering er avklart i ULK-097/23, og arbeidet med reguleringsplanen held fram. Planlagt ferdigstilling av første byggetrinn er i 2026.

3271 Ombygging Vestbygget – eldre personar med psyk helse/rusutfordring

Vestbygget har vorte bygd om til omsorgsbustadar. På grunn av avvik med branntryggleik, måtte nytt brannkonsept utarbeidast og endringar i forhold til universell utforming, vart prosjektet forseinka. Det har kome til nokre ekstra kostnader i forbindelse med denne forseinkinga. Prosjektet vart slutført hausten 2024.

3285 Småhus Rådhusparken

Det har sidan hausten 2023 vorte arbeidd med å få på plass to småhus i tilknytning til rådhusparken. Husa er ferdigstilte og vart innflytta i desember 2024. Sluttopgjeret er ikkje gjennomført.

Kulturbygg og kulturanlegg		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
4309	Mindre ombyggingar kulturbygg	543	500		

Årsmelding 2024

4309	Mindre ombyggingar kulturbygg, inntekter	-97	0		
4454	Storstova - lys og lyd utstyr	635	500	6 615	
4481	Skulpturpark lys, skilt etc	248	725	248	
4516	Time kyrkjelege fellesråd - investeringar	570	600		

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

Mindre oppgraderingstiltak på kulturbygg er i hovudsak utførte og omtalte i ULK-008/245. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2024

Idrett og friluftsliv		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
3801	Symjehall	994	5 000	11 672	315 000
3805	Ny idrettshall Bryne	13 800	30 600	174 960	185 000
3805	Ny idrettshall Bryne, inntekter	-4 866	-7 000	-4 866	
3807	Fotballbane Rosseland	7 776	4800	18 926	
3507	Fotballbane Rosseland, inntekter	-1 615	-4000	-1 615	
3808	Timehallen - rehabilitering	816	600	1 778	2 000
3810	Fotballbane Rosseland (lys gamal bane)	136	200	136	900
3811	Fotballbane Lye, utskifting led	550	600	550	

5903	Utbedring leikeplassar	2 523	3 000		
5903	Utbedring leikeplassar	-40	-500		
5904	Friluftsliv	2 085	1 500		
5904	Friluftsliv, inntekter	-637	0		
5905	Bysyklar Kvernaland, Lye, Rosseland	0	170	0	
5915	Nærmiljøanlegg	41	400		
5915	Nærmiljøanlegg, inntekter	-793	-200		
5933	Robust toalett - Sandtangen	3 347	2 200	3 347	3 200
5933	Robust toalett - Sandtangen, inntekter	-883	0	-883	

3801 Symjehall

Detaljreguleringsplanen og forprosjektet er utført i 2023, jf. KS-sak 032/23. Prosjekteringsarbeid og anbudsbeskriving vart påbegynt hausten 2023. Det har vorte jobba med kostnadsreducerande tiltak, jf. [KS-sak 091/23](#). Det var planlagt at anbod skulle sendast ut i 2024 med byggestart i 2025, men i KS-sak 095/24 vart prosjektet forskove ut av økonomiplanperioden.

3805 Ny idrettshall Bryne

Prosjektet hadde oppstart i 2022 og er i stor grad slutført desember 2023. Overtaking av innomhus anlegg vart gjort i januar 2024, mens utomhusanlegget vart overtatt i april 2024. På grunn av ueinigheit om sluttoppgjeret, så er det ikke mogleg å få ein fullstendige oversikt over totalkostnadene, men ein grov oversikt tilseier at ein er omlag på budsjett.

3807 Fotballbane Rosseland

Prosjektet bestod i å bygga fotballbane og oppgradera uteområdet til Rosseland skule. Revidert budsjett med tilleggsløyving på 7,8 millionar kroner, vart godkjent i KS-033/23. Fotballbanen er ein 9-er bane, til bruk for skulen på dagtid og til Rosseland ballklubb til trening og kamper på kveldstid og i helger. Uteområdet vart ferdigstilt hausten 2023, mens ny kunstgrasbane vart ferdigstilt i april 2024.

3808 Timehallen – rehabilitering

I 2024 er det utført oppgraderingar av branndører og sett inn ny heis, som var årsaka til noko meirforbruk.

5903 Utbetring leikeplassar

Mindre oppgraderingstiltak på leikeplassar er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-sak 008/25](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2024.

5933 Robust toalett Sandtangen

Toalettet vart opna seinhausten 2024 og er bygd for netto 2,5 mill inkludert nytt VA-anlegg og straum frå C-bygget til Sandtangen.

Utbygging		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
5200	Anna Tomtesal	3 323	0	5 130	
5201	Anna Tomtesal, inntekter	-10	-7500	-7633	

5200 Anna tomtesal

Det var budsjettert med sal av tomter på Lyefjell. Desse vert lagt ut for sal i 2025 etter opparbeiding av VVA og leikeplass i 2024.

Veg og parkanlegg		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
5600	Bilar,maskiner og utstyr	2 486	2 299		
5600	Bilar,maskiner og utstyr	-145	0		
5601	Topasvegen fjerning av skog og oppsette nytt gjerde	181	200	181	
5602	Lysløype Njåskogen - utskiftning av trestolper/armateur	269	200	269	400
5610	Trafikksikring	834	1000		

5611	Trafikksikring, inntekter	-340	-500		
5643	Oppdragering nye led-gatelys	2406	500	15 492	13 100
5643	Oppdragering nye led-gatelys, inntekter	-1450	0	-1 922	
5664	Asfaltering kommunale vegar	2 882	2 500		
5665	Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	73	0	1 573	7 000
5672	Brusikring etter brukontroll	0	400	242	
5674	Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdrag	50	600	530	4 200
5678	Gangsti Undheim - Taksdal	115	1 100	3 797	8 300
5681	Ladestasjon for kommunale biler	437	500	1 295	

5600 Bilar, maskiner og utstyr

Det er i 2024 kjøpt inn bilar og maskinar for 2,3 millionar kroner.

5610 Trafikksikring

Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følgjer i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016–2025» kvart år, jamfør godkjend økonomiplan. Handlingsdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Aktuelle vegar som er reasfalterte i 2024, går fram av [ULK-sak 008/25](#). Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt 5672 Brusikring.

5678 Gangsti Undheim-Taksdal

Prosjektet har ei kostnadsramme på 8,3 millionar kroner. Det pågår dialog mellom Lyse, fylkeskommunen og kommunen for å få på plass ei tilfredsstillande løysing.

Årsmelding 2024

Vann, avløp og renovasjon		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap hittil	Prosjekt- ramme
5500	Utskifting vassmålalarar, pumpestasjonar, strakstiltak	8 422	8 000		
5508	Oppgradering driftskontrollsystem, 2G til 4G	600	1 000	600	1 500
5535	Ny renovasjonsordning	857	870	1 799	
5550	Utskifting felleskummar avløp, lekkasjetetting, sonemålalarar	1 011	1 000		
5558	Vatn og kloakkering Skjæret	18 532	25 000	34 180	42 800
5558	Vatn og kloakkering Skjæret, inntekter	0	-9 000		
5563	Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen	5 798	0	31 345	31 000
5563	Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen, inntekter	-141	0	-141	
5564	Sanering VA og OV leidningar - Foren	106	4 000	106	4 000
5567	VA stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen	93	2 800	1 688	4 700
5567	VA stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen, inntekter	0	-5 000		
5572	Sanering Hognestadvegen	1 360	5 000	1 360	5 000
5575	VA-tiltak, Reemarka, Bryne	1 618	0	41 101	31 000
5575	VA-tiltak, Reemarka, Bryne, inntekter	-6 261	0	-24 326	
5576	VA Stemmen, Håland - anleggsbidragsmodell	10 936	0	14 544	6 000

5576	VA Stemmen, Håland - anleggsbidragsmodell, inntekter	-8 351	0	-8 351	
5577	Sanering VA og OV Trallfavegen/Myrbrotet - Bavaria	2 264	-4 000	18 613	19 200
5582	VA-sanering Tyttebærholen (eternitt)	115	100	370	15 000
5584	Driftsbasis eiendom VVA	144	5 000	535	1 500
5589	OV under Jernbanen - auka kapasitet	1 043	0	11 272	13 000
5590	Sanering Orrevegen - jernbanebrua til Linevegen	168	500	168	25 000
5591	Sanering Gamle Åslandsveg	513	8 000	515	14 000

5500 Utsifting vassmålalar, pumpestasjonar, strakstiltak

Prosjektet gjeld nødvendige utsiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vart defekt, lekkasjetetting samt innkjøp av vassmålalar til det offentlege vassnettet.

5558 Vatn og kloakking Skjæret

Formannskapet gjorde i [sak 005/21](#) vedtak om at kommunedirektøren skulle arbeida vidare med offentlig VA-anlegg frå Undheim til Skjæret. Time kommunestyret godkjente i [K-sak 043/22](#) 7,1 millionar kroner ekstra til det private avløpslaget og godkjente forprosjektet for tilknyting til Undheim i [K-sak 044/22](#) med ei netto løyving på 20,6 millionar kroner. Prosjektet er i gang, men på grunn av krav om arkeologiske utgravingar frå fylkeskommunen, krav om søknad om dispensasjon for plankrav frå Statsforvalteren og ein avgrensa byggeperiode av omsyn til fuglelivet (april-august), vart det ikkje starta på hovudgrøfta før hausten 2024. Prosjektet er forventa avslutta våren 2025. Det har kome noko ekstraavgifter til i samband med samankopling mellom etablert nett på Skjæret og det nye nettet frå Schlumberger til Undheim. Saman med forseinkingane, som medfører auka avgifter til lønns- og prisstigning, vil det verte noko meiravgifter.

5563 Sanering VA Kolheibrotet, Austbøvegen, Linevegen, Bryne

Prosjektet har ei ramme på 31 millionar kroner og er ferdigstilt. Det vert lagt fram anleggsrekneskap i 2025.

5567 VA Stadion, Trallfavegen og Røsslyngvegen

Utgifter som er ført fram til i dag er knytta til avløp for Storhallen og tidlegare planar for utbygging av Bryne stadion. Det var opphåveleg sett av 24 millionar kroner, som nå er fordelt mellom fleire mindre

prosjekter i handlings- og økonomiplan 2025-2028. Kun ferdigstilling av Trallfavegen ligg inne i neste 4-års periode, det har samanheng med utbygginga til Øster Hus i Klokkesvingen.

5575 VA tiltak Reemarka, Bryne

Prosjektet skjer etter anleggsbidragsmodellen, det vil seia at Time kommune står som utbygger og får refundert påløpte utgifter frå prosjekteigar. Ein del av anlegget er sanering av Slettavegen, Litle Åvegen og nytt OV-nett for Bryne der kommunen skal dekkja delar av utgiftene saman med utbygger. Anlegget vart ferdigstilt sommaren 2023. Sluttoppgjeret er ferdig, og det vert lagt fram anleggsrekneskap i 2025.

5589 OV under jernbanen – auka kapasitet

Prosjektet er ferdigstilt. Usemje med entreprenør om sluttoppgjer. Anleggsrekneskap vert lagt fram for politisk behandling i 2025.

Error: Setup is InproperÅrsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot		-571 903	-602 000	-603 750	-621 378	17 628	2,9 %
Inntekt- og formuesskatt		-745 844	-778 000	-780 840	-750 125	-30 715	-3,9 %
Eigedomsskatt		-4 805	-6 400	-7 160	-7 161	1	0,0 %
Andre generelle driftsinntekter		-74 937	-58 000	-58 000	-83 186	25 186	43,4 %
Sum generelle driftsinntekter		-1 397 489	-1 444 400	-1 449 750	-1 461 850	12 100	0,8 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto		1 341 103	1 335 332	1 356 892	1 388 650	-31 758	-2,3 %
Avskrivningar		99 072	12 490	12 490	113 535	-101 045	-809,0 %
Sum netto driftsutgifter		1 440 176	1 347 822	1 369 382	1 502 185	-132 803	-9,7 %
Brutto driftsresultat		42 686	-96 578	-80 368	40 336	-120 704	-150,2 %
Renteinntekter		-28 981	-33 363	-33 363	-45 166	11 803	35,4 %
Utbytte		-65 406	-43 500	-43 500	-44 629	1 129	2,6 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		206	0	0	-1 436	1 436	
Renteutgifter		61 766	86 792	82 792	91 303	-8 511	-10,3 %
Avdrag på lån		62 398	70 163	70 163	70 925	-762	-1,1 %
Netto finansutgifter		29 983	80 092	76 092	70 996	5 096	6,7 %
Motpost avskrivningar		-99 072	-12 490	-12 490	-113 535	101 045	809,0 %

Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Netto driftsresultat		-26 403	-28 976	-16 766	-2 203	-14 563	-86,9 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		69 135	27 930	27 355	27 654	-299	-1,1 %
Avsettingar til bundne driftsfond		9 150	2 000	2 000	17 832	-15 832	-791,6 %
Bruk av bundne driftsfond		-21 893	-1 000	-1 000	-11 208	10 208	1020,8 %
Avsettingar til disposisjonsfond		42 239	46	42 711	27 460	15 251	35,7 %
Bruk av disposisjonsfond		-72 228	0	-54 300	-59 535	5 235	9,6 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		26 403	28 976	16 766	2 203	14 563	86,9 %
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Stabstenester		80 242	87 532	87 532	84 225	3 307	3,8 %
Oppvekst		652 761	659 773	660 873	682 732	-21 859	-3,3 %
Helse og velferd		512 362	496 661	497 161	548 419	-51 258	-10,3 %
Samfunn		143 263	137 220	139 445	143 510	-4 065	-2,9 %
Sjølvkost		0	0	0	0	0	
Overordna ansvar		-32 886	-11 848	5 887	-28 101	33 988	577,3 %
Sum løyvingar drift, netto		1 355 742	1 369 338	1 390 898	1 430 785	-39 887	-2,9 %
Av dette:							
Avskrivinger		11 327	12 490	12 490	12 942	-452	-3,6 %
Netto renteutgifter og -inntekter		16 735	20 470	20 470	18 786	1 684	8,2 %
Overføring til investering		0	0	0	0	0	
Avsetninger til bundne driftsfond		9 150	2 000	2 000	17 832	-15 832	-791,6 %
Bruk av bundne driftsfond		-21 893	-1 000	-1 000	-11 208	10 208	1020,8 %
Avsetninger til disposisjonsfond		5 933	46	46	6 018	-5 972	-12981,8 %
Bruk av disposisjonsfond		-6 614	0	0	-2 235	2 235	
Korrigert sum løyvingar drift, netto		1 341 103	1 335 332	1 356 892	1 388 650	-31 758	-2,3 %

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar		313 183	283 920	236 915	231 237	5 678	2,4 %	236 915
Tilskot til andre sine investeringar		742	600	600	870	-270	-45,1 %	600
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		5 109	2 850	2 850	3 208	-358	-12,6 %	2 850
Utlån av eigne midlar		23 328	0	0	0	0		0
Avdrag på lån		0	0	0	0	0		0
Sum investeringsutgifter		342 362	287 370	240 365	235 316	5 049	2,1 %	240 365
Kompensasjon for meirverdiavgift		-38 090	-40 654	-31 073	-28 228	-2 845	-9,2 %	-31 073
Tilskot frå andre		-18 405	-44 250	-32 200	-57 975	25 775	80,0 %	-32 200
Sal av varige driftsmiddel		-845	-7 500	-7 500	-170	-7 330	-97,7 %	-7 500
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0		0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		-5 832	-8 163	-8 163	-11 740	3 577	43,8 %	-8 163
Bruk av lån		-210 658	-156 073	-131 774	-101 002	-30 773	-23,4 %	-131 774
Sum investeringsinntekter		-273 830	-256 640	-210 710	-199 115	-11 595	-5,5 %	-210 710
Vidareutlån		19 977	25 000	40 000	38 235	1 765	4,4 %	40 000
Bruk av lån til vidareutlån		-19 568	-25 000	-40 000	-38 200	-1 800	-4,5 %	-40 000
Avdrag på lån til vidareutlån		12 287	10 000	10 000	13 128	-3 128	-31,3 %	10 000
Mottatte avdrag på vidareutlån		-11 749	-12 300	-12 300	-21 745	9 445	76,8 %	-12 300
Netto utgifter vidareutlån		946	-2 300	-2 300	-8 582	6 282	273,1 %	-2 300
Overføring frå drift		-69 135	-27 930	-27 355	-27 654	299	1,1 %	-27 355
Avsetningar til bundne investeringsfond		30	0	0	35	-35		0
Bruk av bundne investeringsfond		-373	-500	0	0	0		0
Avsetningar til ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0		0
Dekning av tidlegare års udekkar beløp		0	0	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-69 478	-28 430	-27 355	-27 619	264	1,0 %	-27 355

Årsmelding 2024

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0		0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
	0	0	0	84	-84		0
Administrasjon og fellesprosjekt	21 216	18 150	20 150	44 132	-23 982	-119,0 %	20 150
Skular og barnehagar	14 703	28 200	8 100	9 140	-1 040	-12,8 %	8 100
Helse og velferd	23 914	115 200	85 400	77 149	8 251	9,7 %	85 400
Kulturbygg og kulturanlegg	3 458	3 300	3 225	1 700	1 525	47,3 %	3 225
Idrett og friluftsliv	151 860	44 070	49 070	31 768	17 302	35,3 %	49 070
Utbygging	272	0	0	3 323	-3 323		0
Veg og parkanlegg	17 168	9 000	9 000	9 762	-762	-8,5 %	9 000
Vatn, avløp og renovasjon	80 593	66 000	61 970	54 180	7 790	12,6 %	61 970
Investeringar i varige driftsmidlar	313 183	283 920	236 915	231 237	5 678	2,4 %	236 915

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Bryne kyrkje - rehabilitering	373	0	0	0	0		0
Oppgradering/rehabilitering kyrkjene	0	600	600	570	30	4,9 %	600
VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	10	0	0	0	0		0
VA tiltak - Rossaland - kapasitetsutviding Kong Haakons gate	90	0	0	0	0		0
Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden, Ørnahaugen	154	0	0	0	0		0
Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen	51	0	0	0	0		0
Friluftsliv	0	0	0	300	-300		0

Årsmelding 2024

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt 2024 budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Nærmiljøanlegg	65	0	0	0	0		0
Tilskot til andre sine investeringar	742	600	600	870	-270	-45,1 %	600

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt 2024 budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Eigenkapital i KLP	4 124	2 850	2 850	3 205	-355	-12,4 %	2 850
Andel Rogaland revisjon	185	0	0	0	0		0
Kjøp av legeheimel	800	0	0	0	0		0
Aksjer og andeler	0	0	0	3	-3		0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5 109	2 850	2 850	3 208	-358	-12,6 %	2 850

4. Utlån

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt 2024 budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Ansvarleg lån Lyse - ekstraord. utbytte 2023	23 328	0	0	0	0		0
Utlån av egne midlar	23 328	0	0	0	0		0
Sum del 1-4	342 362	287 370	240 365	235 316	5 049	2,1 %	240 365

Balanse

Økonomisk oversikt balanse § 5-8	Note	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2023
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidlar		5 222 756	4 953 010

I. Varige driftsmidler		2 951 478	2 833 987
1. Faste eiendomar og anlegg	4	2 607 518	2 522 182
2. Utstyr, maskinar og transportmidlar	4	343 959	311 805
II. Finansielle anleggsmidler		500 034	497 597
1. Aksjar og andelar	5	107 229	109 542
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	6	392 805	388 055
III. Immaterielle eigendelar		0	0
IV. Pensjonsmidlar	11	1 771 244	1 621 426
B. Omløpsmidlar		559 252	542 152
I. Bankinnskott og kontantar		318 080	318 654
II. Finansielle omløpsmidlar		18 397	16 961
1. Aksjar og andelar	7	18 397	16 961
III. Kortsiktige fordringar		222 775	206 537
1. Kundefordringar		40 397	33 131
2. Andre kortsiktige fordringar		139 712	119 106
3. Premieavvik	11	42 665	54 300
Sum eigendelar		5 782 008	5 495 162
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital		1 764 515	1 748 558
I. Eigenkapital drift		181 509	206 960
1. Disposisjonsfond		166 659	198 734
2. Bundne driftsfond	13	14 850	8 226

II. Eigenkapital investering		2 278	2 243
1. Ubundet investeringsfond		0	0
2. Bundne investeringsfond	13	2 278	2 243
3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen		0	0
III. Annan egenkapital		1 580 727	1 539 355
1. Kapitalkonto	2	1 577 406	1 536 033
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		0	0
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		3 321	3 321
D. Langsiktig gjeld		3 693 519	3 432 574
I. Lån	9	1 884 678	1 796 958
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		1 524 678	1 436 958
2. Obligasjonslån		160 000	160 000
3. Sertifikatlån		200 000	200 000
II. Pensjonsforplikting	11	1 808 841	1 635 616
E. Kortsiktig gjeld		323 974	314 030
I. Kortsiktig gjeld		323 974	314 030
1. Leverandørgjeld		101 751	109 575
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annan kortsiktig gjeld		222 223	204 456
5. Premieavvik		0	0

Årsmelding 2024

Sum egenkapital og gjeld		5 782 008	5 495 162
F. Memoriakonti		0	0
I. Ubrukte lånemidler		48 169	15 597
II. Andre memoriakonti		13 220	11 227
III. Motkonto for memoriakontiane		-61 388	-26 823

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Rammetilskot		-571 903	-602 000	-603 750	-621 378	17 628	2,9 %	-604 033
Skatt på inntekt og formue		-745 844	-778 000	-780 840	-750 125	-30 715	-3,9 %	-780 840
Eigedomsskatt		-4 805	-6 400	-7 160	-7 161	1	0,0 %	-7 160
Andre		-74 937	-58 000	-58 000	-83 186	25 186	43,4 %	-73 637
overføringer og tilskot frå staten								
Overføringer og tilskot frå andre		-296 596	-172 310	-171 410	-325 662	154 252	90,0 %	-281 632
Brukarbetalingar		-57 277	-52 914	-51 164	-55 315	4 151	8,1 %	-48 306
Sals- og leigeinntekter		-165 068	-186 954	-187 024	-203 056	16 032	8,6 %	-197 246
Sum driftsinntekter		-1 916 431	-1 856 578	-1 859 348	-2 045 883	186 535	10,0 %	-1 992 854
Utgifter til løn		991 728	966 302	971 552	1 043 479	-71 927	-7,4 %	1 037 894
Sosiale utgifter		260 870	256 933	268 588	286 953	-18 365	-6,8 %	269 701
Kjøp av varer og tenester		539 299	494 423	496 498	576 533	-80 035	-16,1 %	534 541
Overføringer og tilskot til andre		68 148	29 852	29 852	65 719	-35 867	-120,1 %	58 632
Avskrivningar	4	99 072	12 490	12 490	113 535	-101 045	-809,0 %	107 985
Sum driftsutgifter		1 959 117	1 760 000	1 778 980	2 086 219	-307 239	-17,3 %	2 008 752
Brutto driftsresultat		42 686	-96 578	-80 368	40 336	-120 704	-150,2 %	15 898
Renteinntekter		-28 981	-33 363	-33 363	-45 166	11 803	35,4 %	-41 566
Utbytte	7	-65 406	-43 500	-43 500	-44 629	1 129	2,6 %	-43 860
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	7	206	0	0	-1 436	1 436		-1 437
Renteutgifter	9	61 766	86 792	82 792	91 303	-8 511	-10,3 %	92 792
Avdrag på lån		62 398	70 163	70 163	70 925	-762	-1,1 %	70 163
Netto finansutgifter		29 983	80 092	76 092	70 996	5 096	6,7 %	76 092

Årsmelding 2024

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Motpost avskrivingar	-99 072	-12 490	-12 490	-113 535	101 045	809,0 %	-107 985
Netto driftsresultat	-26 403	-28 976	-16 766	-2 203	-14 563	-86,9 %	-15 995
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	69 135	27 930	27 355	27 654	-299	-1,1 %	27 654
Avsetningar til bundne driftsfond	9 150	2 000	2 000	17 832	-15 832	-791,6 %	2 000
Bruk av bundne driftsfond	-21 893	-1 000	-1 000	-11 208	10 208	1020,8 %	-1 250
Avsetningar til disposisjonsfond	42 239	46	42 711	27 460	15 251	35,7 %	45 376
Bruk av disposisjonsfond	-72 228	0	-54 300	-59 535	5 235	9,6 %	-57 785
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0		0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	26 403	28 976	16 766	2 203	14 563	86,9 %	15 995
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0		0

Årsrekneskap

[Årsrekneskap for 2024 \(avlagt\)](#)

Oppfølging av mål og satsingsområder

Folkehelse

Status og oppsummering av året

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak. Det vart i 2023 utarbeida ei nytt oversiktsdokument som er kunnskapsgrunnlag for ny folkehelseplan (2024-2027) og planstrategi (2023-2027).


I folkehelseprofilen (2018-2021) har Time fem prioriterte område. Desse er psykisk helse barn og unge (inkludert fråfall i vidaregåande opplæring), inntektsforskjellar, eldresenteren, skulevegar og aktivitetssamfunn. Områda er prioriterte i økonomiplanen for 2024-2027 og markert som «Folkehelse».

Oppvekst og levekår

Elevane sine tilbakemeldingar ligg på lands-snittet på alle indikatorane i den årlege elevundersøkinga. På indikatoren Trivsel ligg både 7. trinn og 10. trinn rett over lands-snittet. Time har over tid hatt færre elevar som opplever at dei blir mobba samanlikna med nabokommunane og nasjonalt. I 2024- 2025 viser resultatet for Time at tala er signifikant under nasjonalt nivå både på 7. og 10. trinn.

Systematisk arbeid for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring, er eit av dei viktigaste tiltaka for å hindra utanforskap og den beste føresetnaden for vidare arbeid eller utdanning. Målet i Strategiplan for Oppvekst 2023-29 er at ni av ti av våre elevar fullfører og består vidaregåande opplæring.


Tabellen under viser grad av gjennomføring i vidaregåande opplæring.



Kjelde: [Rogaland](#) fylkeskommune

Time har med unntak av 2023 hatt positiv utvikling dei siste fire åra. Frå 2023 til 2024 har grad av gjennomføring auka frå 80,7 % til 86,8 %, og Time kommune ligg over nabokommunane og Rogaland.

Barnefattigdom^[1] auka i Time frå 2014 til 2018. Den same auken hadde ein og i nabokommunane og fylket. Time ligg likevel under landsgjennomsnittet og har hatt ein varsam nedgang frå 2018 til 2023.



Kjelde: SSB

Opplevinga av dårleg økonomi er subjektiv. Kommunen har mange tiltak som kan vera med å bidra til å redusera opplevinga/konsekvensen av dårleg økonomi.


Tiltak for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:

- Jærkortet. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV Klepp-Time og NAV Hå administrerer ordninga. Finansiering av ordninga skjer i samarbeid mellom NAV og kommunane. Totalt 200 kort per kommune i 2024, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelpsmottakarar med forsørgaransvar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntektsfamiliar
- Redusert foreldrebetaling i kulturskulen for låginntektsfamiliar
- Gratis kjernetid i barnehage for 2-5 åringer i låginntektsfamiliar
- Gratis kjernetid i SFO 1.-3. trinn
- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 1.-4. trinn i SFO.
- Samarbeid med Bryne Røde Kors for å bidra til at barn i låginntektsfamiliar kan delta i kulturskulen.
- Frilager - utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr. Her kan barnehagar, skular og frivillige organisasjonar låna utstyr gratis.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen. «Alle med-koordinator» har inkludert 189 barn og unge inn i ulike fritidsaktivitetar i 2024.
- Gratis måltid ein gong i veka i fritidsklubbane.
- Kommunen lånte ut 38,2 millionar kroner til startlån og utbetalte 635 000 kroner i etableringstilskot i 2024 for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Bistand til søknad om statleg bustønad til innbyggjarar med låg inntekt.

NAV Klepp-Time har høgt fokus på barn og barnefamiliar sin totale situasjon, og det vert arbeidd med å ha høg kompetanse og bevisstheit på temaet blant rettleiarane. I samband med dette er det starta opp eit prosjekt; Familiebroen.

Eit viktig tiltak er NAV Klepp-Time sitt målretta arbeid for å redusera talet på sosialhjelpsmottakarar, spesielt blant unge under 25 år.

Arbeidsløysa blant unge har vorte redusert dei siste åra og ligg under gjennomsnittet for fylket og landet.



Kjelde: NAV

Trafikktryggleik

Følgande tiltak for tryggare skuleveg er gjennomført eller påbegynt i 2024:

- Opparbeiding av GS langs del av Fjermestadvegen
- Oppsetting av belysning i området Brekkevegen x Markvegen inklusiv intensivbelysning av eit gangfelt
- Innkjøp av tavler som viser fart for køyrande

Eldreressursen

Eldre har mykje å bidra med, og det er eit mål å kunna leggja til rette for at dei får å nytta kompetansen og engasjementet sitt på fleire område i Time. Eksempel på dette i 2024 er besøksvenn, trim for eldre og språkkafé.

Det er fleire lag, organisasjonar og initiativ med aktivitetar retta mellom anna mot eldre som aktive i Time kommune og leiger/nyttar kommunen sine lokale. Nokre av desse er:

- Jæren senioruniversitet (Biblioteket)
- Karadrøset (Bryne mølle)
- Bryne gladdans (Bryne mølle)

- Husflidslaget (1900-huset)

Aktivitetsmangfold

Time kommune har eit stort mangfold av aktivitetar i kommunal regi, i tillegg til at det er mange lag og organisasjonar som driv med svært varierte aktivitetar. Ved gjennomgang av nettsida aktiv Jæren i forbindelse med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget til den nye folkehelseplanen, vart det talt totalt 243 organisasjonar innan følgande kategoriar:

- idrett (33)
- religion og livssyn (15)
- utøvande kunst og underhaldning (14)
- sosiale velferdsorganisasjonar (9)
- andre sportsaktivitetar (2)
- aktivitetar i andre interesseorganisasjonar (167)
- opplevingar, arrangement og aktivitetsverksemd (3)

I 2024 gjekk kommunen vekk frå å legge ut turbrosjyrrar for «Ti Turar i Time» i matbutikkane. I staden vart det etablert eit system der turgåarane fekk turinformasjon via QR-kodar på skilt der turane starta og slutta. Kommunen hadde også eit alternativ for dei som ikkje nytta den digitale løysinga.

Det er også i 2024 utført skilting og tilrettelegging av turløyper for å gjera turområda i kommunen meir tilgjengelege.

Det vart arrangert sykkeldag på Bryne i samarbeid med Bryne næringsforening og Lions Club Jæren den 31. august med aktivitetar utanfor rådhuset og i Sandtangen. Sandtangen var start- og slutt punkt for sykkelaktivitetssløypa rundt Frøylandsvatnet.

[\[1\]](#) Definisjon på barnefattigdom etter EU-skala: personar under 18 år som bur i privathushald med årleg inntekt etter skatt per forbrukseining under 60 % av medianinntekt.

Kommunen sine tenesteområde


Stabstenester

Beskriving av tenesteområde

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles stabs- og støttefunksjonar for heile kommunen. Stab er organisert i tre stabsområde: Økonomi, Organisasjon og Samfunnskontakt og digital utvikling. I stabsområda ligg tenester som politisk sekretariat, dokumentsenter, innbyggarservice, kommunikasjon, digitaliseringsrådgiving, IKT-drift, kantine, budsjett, rekneskap, lønn og personal.

Næringsarbeid, Jæren kommuneadvokat KO og Time kyrkjelege fellelsråd vert òg rapportert under stabstenestene.

Brutto driftsutgifter i % av kommunens totale utgifter



Status økonomi Stabstenester

Tenestegrupper

Beløp i 1000 kr

Tenester	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R)	Avvik i %
Administrasjon	58 394	62 110	60 345	56 386	3 716	6 %
Diverse fellesutgifter	5 998	6 128	6 116	3 949	130	2 %
Næring	742	1 469	1 469	1 073	727	49 %
Politiske organ	8 869	9 451	9 392	9 208	582	6 %
Trussamfunn	10 221	10 210	10 210	9 626	-11	-0 %

Årsmelding 2024

Tenester	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R)	Avvik i %
Totalsum	84 225	89 368	87 532	80 242	5 143	6 %

Kommentar til status økonomi

Stabane har eit netto mindreforbruk på 5,1 millionar kroner som i hovudsak kjem av vakansar og at det ikkje vert henta inn vikarar ved sjukefråvær. I tillegg vart det avgrensingar i kompetanseutviklingstiltak og reise- og kursaktivitet.

Oppsummering av driftsåret

Politiske organ

Dei politiske organa i kommunen består av kommunestyre, formannskap, utval for levekår, utval for lokal utvikling, administrasjonsutval, ungdomsråd og senior- og brukarråd.

Det vart gjennomført folkevaldopplæring for kommunestyret, utvala og råda i starten av 2024. Dette er hovudbolken med opplæring etter kommunestyrevalet.

Teksting av opptak frå møte i folkevalde organ er framleis uløyst, og det vil bli arbeidd vidare med dette i 2025 for å søka å finna ein tilfredsstillande løysing.

I første halvdel av året vart referansegruppa Budsjett 2024 oppretta, samansett av ordførar, gruppeleiarane og dei to utvalsleiarane. Dette for å sikra god informasjon til folkevalde i det pågåande arbeidet med å halda vedtekne budsjettrammer og redusera kommunen sitt meirforbruk.

Administrasjon

Stabsområde Organisasjon

Organisasjon har ein stab- og støttefunksjon i kommunen. Hovudoppgåva er å betale rett løn til rett tid samt gje prosess- og leiarstøtte.

Avdelinga behandlar refusjonskrav til NAV, oppfølging av digitale sjukmeldingar, oppfølging av søknader om fødselspermisjonar og vidare avvikling av desse. Avdelinga har i tillegg teneste med lønnsproduksjon for Time kyrkjeleg fellelsråd og Funkishuset. Digitalisering av manuelle oppgåver har vore ei satsing. I 2024 hadde avdelinga eit årsverk langtidssjukmeldt som det ikkje er tatt inn vikar for.

HR-rådgjevarane følgjer opp kvart sitt tenesteområde. Tematikk knytt til sjukefråvær har vore eit viktig satsingsområde i 2024. Det er gjennomført ei kursrekke for leiarar i samarbeid med NAV Arbeidslivssenteret. Tema har vore oppfølging av sjukemeldte med hensikt å styrka kompetansen til leiarane og trygga leiarane i oppfølging av eigne tilsette. Generell leiarstøtte og arbeid med omstillingsprosessar har vore viktige prioriteringar. Ein rådgjevar valde å avslutta tilsettingsforholdet og vil ikkje bli erstatta grunna Omstilling 2025-2028.

I 2024 fekk 3. etg. i C-bygg på rådhuset slutført ombygging som har bidratt til å få lagt bedre til rette for leiaropplæring og leiarstøtte i ny samhandlingsarena. Ombygginga har også gitt avdelinga ein betre arena for intern kompetanseheving.

Dei frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombodet er organisert under organisasjonssjefen.

Stabsområde Samfunnskontakt og digital utvikling

Dokumentsenter

Det er foretatt arkivuttrekk av historisk digitalt arkiv frå 2001 til 2023. Dette skal avleverast depot på Interkommunalt arkiv i starten av 2025. Dette vert gjort for å sikre langtidsbevaring av digitale arkiv.

Overgang til skydrift for vårt saks- og arkivsystem vart sett i gang siste del av 2024 og blir fullført i starten av 2025. Dette for å sikra dagens digitale arkiv.

Digitalisering og utvikling

Avdelinga har i 2024 hatt fokus på betra teknisk tryggleik på nettverk og datamaskinar. Kommunen har blant anna gjennom samarbeidet med KommuneCert, fått tilgang på høg kompetanse på dette området, og som har kome med gode innspel til kommunen.

Det er gjennomført oppgraderingar av fleire løysningar som før låg på lokale serverar, der dei no er flytta over på skyløysningar. Dette vil ta ned tryggen for eksterne konsulentar, då løysningane no vert vedlikehaldt direkte av leverandørar.

I regi av DigiRogaland, og saman med 18 andre kommunar i Rogaland, har Time gått til innkjøp av eit nytt barnevernssystem. Deltaking tidleg i samarbeidet gjer at kommunen allereie vil ha brei kompetanse i både bruk og ikkje minst kring implementering av løysinga.

Kunstig intelligens (KI) er enda meir aktuelt i 2024 enn 2023. Kommunen har hatt ein halvdagssamling med leiinga i kommunen, med fokus på bruk av KI i kommunal sektor.

Det vert kontinuerlig arbeida med å halda kostnadsnivået på lisensar lågast mogleg. Bruk av KI i kommunen, der dette skal vera integrert med resten av vår arbeidsplattform, vil ytterligare sette press på auka utgifter for lisensiering. Der vert derfor lagt opp til ei gradvis utprøving med eit tydelig mål for bruk av KI på å jobbe smartare og meir effektivt i kvardagen.

Innbyggarservice og kommunikasjon

Avdelinga er kommunen si førstelinje for innbyggjarar som ønsker kontakt med kommunen. Avdelinga tok i mot over 20 000 telefonar via sentralbordet og det var 616 000 treff på nettsida til kommunen i 2024.

Vidare har avdelinga også ansvar for saksbehandling på ei rekke ulike felt. Dette gjeld mellom anna bustønad, parkeringskort for forflytningshemma, ledsagerbevis, serveringsløyve, skjenkeløyve for enkeltanledningar, eigenerklæring om konsesjonsfrihet og utlevering av eigedomssopplysningar i samband med sal av eigedomar. I tillegg har avdelinga ansvar for å arrangera jegerprøveeksamen for innbyggjarar i Time som har teke jegerprøvekurset, ansvar for alle nøklane til kommunale bustadar og

institusjonar, og om sommaren er også Innbyggarservice turistinformasjon for turistar som besøker Time.

I samband med endring i bemanning på Kulturavdelinga i 2024 vart ein del oppgåver flytta frå Kulturavdelinga til Innbyggarservice og kommunikasjon. Dette gjeld mellom anna saksbehandling for ulike tilskotsordningar, billettsystemet for offentleg bading og søknadar om midler frå Bufdir.

Time kommune si Facebookside har over 7 000 følgjarar. Dette er ein viktig kanal for å gi informasjon til innbyggerane. Ved å bruka enkelt språk, og humor der det passar, vert kommunal informasjon tilgjengeleg for mange. Korte filmsnuttar har vist seg og vera ein god måte å kommunisera på. Eit eksempel på dette er filmen om økonomiplanen som presenterer hovudtema i økonomiplanen på ein kreativ og lettforståeleg måte.

Avdelinga har fokus på kontinuerleg utvikling gjennom å testa ut nye kanalar og løysingar, slik at mest mogleg informasjon, søknadsskjema med meir vert tilgjengeleg digitalt. Samtidig har ein fokus på at Innbyggarservice skal gi god service til innbyggerar som har vanskar med det digitale. Det er viktig å ta høgde for dette for å motverke utanforskap.

Avdelinga følger også opp ei rekke av oppgåvene knytt til kommunen sitt næringsarbeid. I 2024 gjald dette mellom anna utarbeiding av felles næringsstrategi for Time, Klepp og Hå, oppfølging av ulike næringsprosjekt finansiert via Regionalt næringsfond og gjennomføring av Bykonferansen saman med Bryne Næringsforening.

Stabsområde Økonomi

Økonomi har ein stabs- og støttefunksjon i organisasjonen og legg til rette for at ressursane i kommunen kan nyttast effektivt og til det beste for nåverande og framtidige generasjonar. Avdelinga legg til rette for at verksemdene i Time kommune skal ha god økonomistyring og gjennomfører anskaffingsprosessar. Økonomiavdelinga gir opplæring, rettleiing og anna hjelp til både nye og røynde leiarar i deira økonomistyring. Kvart tenesteområde har ein dedikert økonomiressurs i oppfølging av budsjetttrammer og rapportering.

Økonomiavdelinga har i 2024 tatt i bruk virksamhetsstyringsverktøyet Framsikt, kor handlings- og økonomiplan 2025-2028 blei lagt fram. Implementeringa av verktøyet fortset i 2025.

Aktiviteten i avdelinga kjem dels frå behandlinga av om lag 71 800 inn- og utgåande fakturaer, som gjer ein auke på 7 prosent samanlikna med fjoråret. Fleire innbyggerar inngår også betalingsavtalar og kommunen har nå om lag 600 saker med nedbetalingsavtalar. Det er ein auke i 100 saker frå 2023. Etter at kommunen gav tilbod om nedbetalingsavtalar gjennom digitalt skjema i 2022, har omfanget auka med 350 avtalar.

Økonomiavdelinga bruker i liten grad inkassoselskap for å krevja inn uteståande krav. I 2023 hadde økonomiavdelinga om lag 2100 saker som vart følgt opp i eige inkassosystem. Det er ein auke på 100 sakar og mange av desse sakene er arbeidskrevjande.

Kommunen lånte ut 38,2 millionar kroner i startlån og vidareformidla 1,1 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad. Kommunen har ved utgangen av 2023 samla utlån av startlån på 281,8 millionar kroner.

Næring

Næringsarbeidet i Time kommune vert ivareteke av ordførar, varaordførar, kommunedirektør og eit medlem av formannskapet oppnemnd av kommunestyret. Arbeidet vert støtta av ei administrativ næringsgruppe der òg leiar av Bryne næringsforening er med.

I juni vart felles næringsstrategi for Time, Klepp og Hå vedteken av kommunestyret. Næringsstrategien legg grunnlaget for korleis kommunane skal støtta opp under vidareutviklinga av næringslivet på Jæren. Strategien vert i Time fulgt opp med årlege handlingsplanar.

Bykonferansen på Bryne vert arrangert i november kvart år. I 2024 var det rekord i talet på påmeldte med om lag 200 på konferansen i Bryne kino på dagtid, og over 100 deltakarar på “minglemiddag” på Hotell Jæren på ettermiddagen. Konferansen vert finansiert gjennom billetteinntekter og sponsormidler, og har dei siste åra gått med overskot.

Saman med nabokommunane har Time vore involvert i to prosjekt som har vore finansiert av Regional næringsfond. Dette gjeld prosjekta “Mobilisering for å etablera katapultnode i regionen” og “Turistskilt”-prosjektet som jobber for at det skal vera enklare å vera togturist på Jæren.

Time kommune er avhengig av gode samarbeidspartnarar for å lykkas med satsingsområda i næringsstrategien. I 2024 brukte Time kommune om lag 1 million kroner på støtte til ulike aktørar for å fremma næringsutvikling og turisme i Time. Denne støtta gjekk mellom anna til Bryne Næringsforening, Næringsforeningen i Stavangerregionen, Region Stavanger, Opplev Jæren, Agritech, Skape og Stavangerregionens Europakontor.

Bryne Næringsforening bidreg til mykje næringsretta arbeid og fleire arrangement i Time. Dei samarbeider med kommunen på ein rekke områder, som til dømes ved at brukarar av Svendsenhuset deltek i rigging av sentrum ved arrangement og med Frivilligsentralen om “Ut i Bryne” der pensjonister treffes og har sosialt samvær. Næringsforeninga spelar også ei viktig rolle i dialogen mellom kommunen og næringslivet.

Kyrkja

Time kyrkjelege fellesråd har fått tilskot og tenester for 10,2 millionar kroner i 2024. I tillegg er det under Eigedsforvaltning i Samfunn utbetalt 600 000 kroner i husleigedekning, straum og tenesteyting.

Rapportering på tiltak

I tabellen under blir det rapportert på tiltak vedtatt i handlings- og økonomiplan 2024-2027.

Tiltak	Status	Kommentar
Næring		
Delta i lokale og regionale næringsprosjekt	U	
Ha god dialog med eksisterande og potensielt nye næringsaktørar i kommunen	U	

Utarbeida ein felles næringsstrategi for Jæren saman med Hå og Klepp	U	
Politiske organ		
Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval	U	
Folkevaldopplæring	U	
Utarbeida avtale med venskapskommune i Ukraina	U	
Administrasjon		
Auka sikringsnivået på fagsystem	D	Einskilde fagsystem er flytte opp i sky. Det er innført tofaktor-pålogging (MFA). Arbeidet vil halda fram i 2025.
Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for papirutskrift	D	Nyare fagsystem aukar moglegheitene for å vera heildigitale og nye system gjer at meir kompliserte skjema kan digitaliserast.
E-signering i fleire system	U	
Automatisera prosessane med tilgangsstyring og opplæring av nytilsette	U	
Få auka den digitale kompetansen ved hjelp av nytt kompetansesystem	D	Pågåande arbeid.
Gå frå 4 til 1 domene (forenkling av samhandlingsprosessar)	U	
Universell tilrettelegging av kommunen si nettsida og innhald	U	

Status på dei ulike tiltaka vert rapportert med følgjande indikatorar:


U	Utført
D	Delvis utført
I	Ikkje utført

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	1,49 %	4,86 %	6,35 %
Årleg sjukefråvær 2024	1,25 %	3,79 %	5,04 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Status sjukefråvæer og HMS

Stabstenestane hadde eit samla sjukefråvæer på 5,0 % i 2024, mot 6,3 % i 2023. Dette er under snittet for kommunen som ligg på 7,7 %.

Utfordringar framover

- Tilpassa drifta til reduserte budsjетtrammar i samband med Omstilling 2025-2028
- Kostnadsauke ved bruk av ny naudsynt teknologi
- Nyttå kunstig intelligens i tilstrekkeleg grad for å forenkla og forbedra arbeidsprosessar
- Sikra kommunen i møte med nye digitale trugslar
- Vera ein attraktiv arbeidsgjevar som klarar å behalda og rekruttera kritisk personale

Aktivitetsnøkkeltal

Stabstenester

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Antal vigslar	45	39	44
Arrangement som fekk skjenkeløyyve, lukka selskap	36	53	41
Arrangement som fekk skjenkeløyyve, ope arrangement	120	99	148
Besøk på heimesida, i 1000	995	585	616
Dokument mottat via svarINN	8 539	9 910	9 646
Dokument sendt via SvarUT	38 428	44 919	45 777
Elektroniske inng. faktura, %	95,0 %	95,0 %	96,0 %
Elektroniske utg. faktura, %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Inngåande fakturaer	28 000	28 600	31 039
Journalførde dokument	82 747	84 342	104 074
Nye startlån mill. kr	24,3	19,5	38,2

Årsmelding 2024

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Prosent elektroniske utg. faktura direkte til bank	83,0 %	82,2 %	82,8 %
Prosent innbyggjarar som har valgt digital postkasse	49,0 %	51,0 %	51,8 %
Prosent innvilga søknader parkeringskort	93,0 %	78,0 %	79,0 %
Restansar eldre enn 30 dagar, 1000 kr	6 877	6 121	8 832
Saker behandla i politiske organ	466	456	498
Søknader om startlån	167	152	138
Søknader parkeringskort	81	94	89
Tal på lønsutbetalingar per månad	2 285	2 338	2 272
Talet på løns- og trekkoppgåver	3 612	3 676	3 623
Talet på nye utlån	12	8	17
Utlånssaldo startlån	257,1	265,3	281,8
Utsende fakturaer (krav)	36 500	37 700	40 524
Valdeltaking Kommunestyre- og fylkestingsval , %	0,0 %	67,9 %	0,0 %

KOSTRA-nøkkeltal

Stabstenester

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Politisk styring og kontrollvirksomhet, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	385	458	432	473	460	526	566
Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	2 973	3 069	3 162	3 566	3 196	4 181	4 380

Oppvekst

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar 24 verksemdar. Av desse er ti skular (fire ungdomsskular, seks barneskular med skulefritidsordning), åtte kommunale barnehagar (ein med avdeling open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste, familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og Flyktningtenesta for Time og Klepp. Organisert i Oppvekst er også styrka barnehagetilbod, Ungdomsteam og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT). I privat drift er det ein privat skule (1-10) og ni private barnehagar i Time.


Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre. Oversikta nedanfor syner at Time kommune har ei relativt ung befolkning der 24,4 % av innbyggjarane er i alderen 0-17 år.

Andel barn 0-17 år

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Rogaland 2024
Befolkning - Andel barn, 0-17 år	24,5 %	24,5 %	24,4 %				

Brutto driftsutgifter i % av kommunens totale utgifter



Status økonomi Oppvekst

Tenestegrupper

Beløp i 1000 kr

Tenester	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R)	Avvik i %
Administrasjon oppvekst	8 134	9 107	8 857	8 212	973	11 %
Barnehagar	224 716	226 289	223 131	214 424	1 573	1 %
Barnevern	57 064	47 992	47 265	53 392	-9 072	-19 %
Flyktingtenesta	22 178	22 187	22 973	22 602	10	0 %
Førebyggjande arbeid ungdom	3 206	3 477	3 352	3 435	271	8 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	20 630	20 160	19 348	20 641	-470	-2 %
Kulturskule	8 355	8 558	8 290	8 005	203	2 %
Pedagogisk psykologisk teneste	9 842	10 972	11 039	8 758	1 130	10 %
Undervisning	327 006	324 203	312 323	313 771	-2 803	-1 %
Vaksenopplæring	1 600	3 863	3 195	-479	2 263	59 %
Totalsum	682 732	676 808	659 773	652 761	-5 924	-1 %

Kommentar til status økonomi

Samla for Oppvekst er det eit meirforbruk på om lag 5,9 millionar kroner.

Tenestene i Oppvekst vert drive kostnadseffektivt samanlikna med KOSTRA-gruppe 7 og nærliggande kommunar. Tenestene gis ressursar i barnehage og skule i tråd med normkrav for bemanning til ordinær drift. Dette er eit minimumskrav til bemanning, og dette er ein medverkande årsak til auke i oppmelding av barn og elevar til PPT. Fleire ressursar har blitt knytt til individuelle vedtak, og handlingsrommet i fellesskapet stadig mindre. 15–25 % av barn og unge har behov for ekstra støtte i ordinær opplæring i kortare eller lengre periodar. Det er avgjerande at det er kapasitet og kompetanse til å imøtekoma desse behova når dei oppstår. Ambisjonen i oppvekst er å dreia ressursar frå individuelle vedtak til fellesskapet for å skapa handlingsrom i det ordinære tilbodet. For å klara dette må det vera handlingsrom ut over minimumsbemanninga.

Oppsummering av driftsåret

Tenesteområdet Oppvekst har i store delar av 2024 hatt vakanse i stab. Dette har medført ei forskyving av arbeidsoppgåver og omprioritering av planlagde tiltak og satsingar.

Kostnadsreducerande tiltak i 2024

I sak KS-050/24 blei det vedteke kostnadsreducerande tiltak for å styra mot budsjettbalanse i 2024. Tiltaka kom som eit resultat av at meirforbruket som låg føre inn mot 1. tertial varsla høgare aktivitet enn tildelte budsjetttrammer. For Oppvekst omhandla meirforbruket i stor grad om individuelle vedtak i barnehage, skule og barnevernet. Våren 2024 gjekk i hovudsak med til å følgja opp med analyse av tenestene, og jamlege møter med verksemdsleiarane for dialog om korleis ein skulle koma i budsjettbalanse.

Samfunnsutviklinga der individet gjennom lover og forskrifter er gitt stadig fleire rettar medfører forventningar om at det offentlege skal leggja til rette for den enkelte sine behov. Fokus er på individuelle rettigheter, og dette minkar handlingsrommet i fellesskapet.

Arbeidet med å justera tenestene i tråd med tildelt budsjett har vore gjort gjennom:

- Målretta arbeid i oppvekst med satsingsområde 3 Inkluderande samfunn
- Tett dialog mellom sektorleiarane og verksemdsleiarane
- Tverrfagleg samarbeid i laget rundt læraren og eleven
- Tverrfagleg samarbeid mellom PPT og skule knytt til ny opplæringslov
- Jamlege møter mellom økonomirådgjevar og verksemdsleiarane

Tiltak som er gjennomført har i tillegg til budsjettbalanse medført ei varig nedjustering av oppvekst sitt budsjett på 3,28 millionar kroner.

Strategiplan oppvekst 2023-2029

Tenesteområdet Oppvekst har heile 2024 i leiarsamlingane og ute i sektorane jobba med fokus på satsingsområde 3 Inkluderande samfunn og følgjande tiltak: alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individ til fellesskap i Strategiplan Oppvekst 2023-2029.

Ekstraordinær flyktningssituasjon

Sidan februar 2022 har 92 000 flyktningar søkt asyl i Noreg, dei fleste frå Ukraina etter invasjonen. I februar 2024 vedtok Time kommunestyre å busetta 130 flyktningar, og kommunen klarte å busetta 88. Av desse kom 85 av dei busette frå Ukraina og 3 frå Syria.

Busettinga involverer alle tenester, med Flyktningtenesta, Bryne kompetansesenter og NAV som nøkkelveiksemder. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har koordinert arbeidet sidan 2022. Heile kommunen, inkludert frivillige, har bidratt, og kommunedirektøren fekk utvida myndigheit for justeringar. Ut over styrking av tenestene i 2022 og 2023 fekk Bryne skule og Bryne ungdomsskule til saman 1 årsverk til leiging i 2024. Tenesteområde Samfunn har jobba for å finna bustadar, noko som har vore utfordrande i 2024. Time kommune har eit godt samarbeid med Klepp og Hå kommunar. Både flyktningtenesta, Bryne kompetansesenter og NAV er organisert gjennom vertskommuneavtalar.




Diagram 1

Diagram 1 ovanfor viser talet på flyktningar som er busett i Time kommune frå 2021-2024 og som genererer integreringstilskot til kommunen. Den lyse delen av søylene er flyktningar som genererer tilskot år 1 i gitt år. I 2024 blei det busett 88 nye flyktningar, men berre 86 av desse genererer tilskot i 2024. Dei siste vil generera tilskot først frå 2025. Den mørke delen av søylene viser samla tal på flyktningar som er busett dei siste 5 åra og som framleis generer integreringstilskot til kommunen. Dette har ei innverknad på kommunen sitt arbeid med integrering og kvalifisering.

Linjediagrammet i diagram 1 viser utbetalt integreringstilskot til kommunen for 2021 til 2024. Integreringstilskot blir differensiert frå år 1 til 5. Integreringstilskotet blir utbetalt til kommunen kvartalsvis etter [satsar](#) gitt av IMDi.

Med den avtakande tilkomsten av flyktningar nasjonalt i 2024 er det starta eit arbeid med å planleggja for ei omstilling der det kjem færre flyktningar til kommunen. I dette arbeidet vil ein dreia aktiviteten frå busetting til integrering i alle tenester.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Oppvekst hadde 12 lærlingar fordelt på barnehagar, skular/SFO og ungdomsklubbar våren 2024. 7 av lærlingane avla fagprøve våren 2024. Hausten 2024 vart 5 nye lærlingar tilsett. Det vil seia totalt 12 lærlingar hausten 2024. 1 kandidat tek fagbrev på jobb, resten er ordinære lærlingar. 1 av dei som vart tilsett hausten 2024 har slutta.

Fem barnehagar og fem skular har i periodar hatt studentar frå universitet og høgskular. Det same gjeld barnevernstenesta og helsestasjonstenesta som òg har avtale om å ta imot studentar for praksis i tenestene. Fleire av verksemdene har også praksiselevar frå vidaregåande skule.

20 lærarar fullførte vidareutdanning våren 2024, og 23 nye lærarar fekk innvilga vidareutdanning hausten 2024 gjennom statleg ordning. Dei fleste tek fordjuping i faga norsk, engelsk og matematikk. Men òg i faga norsk som andrespråk, kunst og handverk og digital kompetanse. Tre tilsette har statleg utdanningsstipend for å ta praktisk, pedagogisk utdanning (PPU) som kvalifiserer dei til læraryrket. Tre tilsette i kommunale barnehagar, og 8 tilsette i dei private barnehagane er i gang med arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) som går over fire år. Tre barnehagelærarar i kommunale barnehagar, og to barnehagelærarar i private barnehagar tek vidareutdanning innan musikk og dans, digital kompetanse og spesialpedagogikk.

Fem verksemdsleiarar i oppvekst tek vidareutdanning i leiing på masternivå, og tre avdelingsleiarar har fullført rektorutdanninga i skulen.

Viktige arenaer for kompetanseutvikling er felles møter i verksemdene og leiarsamlingane. Den viktigaste kompetansen har me internt blant våre eigne tilsette i Oppvekst. Det ligg krav i ulike lovverk om samhandling mellom ulike tenester. Oppvekstreformen som kom i 2022 la føringar som medfører krav om tverrfagleg samarbeid. Samlingane i verksemdene og på tvers i Oppvekst skal sikra kvalitet gjennom forankring og arbeid med til dømes lovverk, strategiplanen og andre planar og vedtak som gjeld tenesteområdet. Desse arenaene blir også brukt til å gi innspel i pågåande prosessar for dialog og samspel.

Barnehage

Barnehageområdet har eit samla mindreforbruk på om lag 1,6 millionar kroner.

- Dei kommunale barnehagane har samla mindreforbruk på om lag 600 000 kroner.
- Det er eit mindreforbruk knytt til private barnehagar på 1,66 millionar kroner. Dette skuldast at Time har motteke meir i refusjonar enn budsjettet for barn frå andre kommunar som har barnehageplass i Time.
- Styrka barnehagetilbod har eit meirforbruk på om lag 800 000 kroner

Ved rapportering 15. desember 2024 var det registrert 1124 barn i barnehagane i Time. Samanlikna med 2023 er det ein nedgang på 12 barnehageplassar. 567 av desse hadde plass i kommunal barnehage, medan 557 hadde plass i privat barnehage.

Netto driftsutgifter per barn i barnehage

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Barnehage nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	10 631	11 506	12 039	12 633	12 216	11 069	10 992

Netto driftsutgifter til barnehage ligg under Klepp og Hå, men over kostragruppe 7 og landet.

Styrka tilbod til førskulebarn

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbod til førskulebarn (f211) per barn i kommunal barnehage (kr)	24 190	28 962	32 248	27 830	23 865	29 415	34 025
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	2,2 %	2,4 %	2,5 %	2,7 %	3,5 %	3,6 %	3,9 %
Andel barn i private barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	3,3 %	2,4 %	2,5 %	4,9 %	2,7 %	3,0 %	3,2 %

Tabellen over viser driftsutgifter til styrka tilbod per barn og utviklinga i prosentdelen av barn i kommunale og private barnehagar som har enkeltvedtak etter § 31, *spesial-pedagogiske vedtak* i Barnehagelova. I Time er prosentdelen barn med vedtak lågare enn nabokommunane, kostragruppe 7 og nasjonalt. Vedtak etter §37 i barnehagelova, *tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne*, er ikkje med i tabellen over. Per 15.12.24 var det 5 barn med vedtak etter § 37.

Omfang av timar per vedtak etter § 31 er derimot høgt i Time kommune, og per 15. desember 2024 er det 17 barn som har vedtak på 20 timar eller meir per veke. Dette medfører at Time har høgare driftsutgifter til styrka tilbod per barn enn nabokommunane og kostragruppe 7. Det vert arbeidd med å redusera omfanget av kvart einskild vedtak for å skapa handlingsrom der ein i større grad skal kunna nytta ressursar til førebyggjande tiltak for fleire barn i fellesskapet.

Tabellen under viser redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid:

Årstal	Tal på barn med barnehageplass	Barn med redusert foreldrebetaling	Prosentdel med redusert foreldrebetaling	Barn med redusert kjernetid i tillegg	Prosentdel m/ redusert kjernetid
2020	1117	90	8,06 %	87	96,7 %
2021	1147	106	9.24 %	103	97,2 %
2022	1152	101	8.76 %	91	90,1 %
2023	1136	95	8,36 %	88	92.6 %
2024	1124	82	7,30 %	72	87,8 %

Tal på familiar som får redusert betaling og gratis kjernetid har gått ned samanlikna med 2023. Inntektsgrensa for å få gratis kjernetid har auka siste året, samtidig som maksprisen på ein barnehageplass har gått ned. Dette gjer at det er færre familiar som oppfyller kriteria for redusert betaling og gratis kjernetid.


Alle barnehagane i Time har bemanning etter norm satt i [Lov om barnehager § 26](#): *Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år.*

Pedagogdekning i barnehage

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	36,0 %	40,5 %	39,4 %	33,4 %	37,6 %	42,3 %	41,6 %

Tabellen over viser pedagogandelen i Time og nabokommunane. I følge [Forskrift for pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 1](#) er pedagognorm *minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over 3 år*. Det er eit nasjonalt mål å auka andelen pedagogar i barnehagane opp mot 50% i 2025 og ytterlegare opp til 60% i 2030. I 2024 var pedagogandelen i Time høgare enn nabokommunane og lågare enn kostragruppe 7 og landet. Ingen av Jærkommunane har nådd målet om å auka pedagogandelen til 50 %. Dette er ei felles utfordring i regionen. I 2024 var pedagogandelen i kommunale barnehagar i Time 43 % og i private barnehagar 37,5 %.

Kommunen kan *innvilge dispensasjon fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder for inntil ett år om gangen, dersom barnehageeier søker om det, stillingen det søkes dispensasjon for har vært offentlig utlyst og det ikke har meldt seg kvalifisert søker (§ 3 i forskriften).*



Tabellen over viser prosentvis del av stillingane med krav om utdanning som barnehagelærar kor kommunen har gitt dispensasjon frå utdanningskravet i Time, Klepp og Hå. Time har færre dispensasjonar enn nabokommunane. Per 15.12.24 var det gitt dispensasjon frå utdanningskravet i 10 % av stillingane med krav om utdanning som barnehagelærar i Time kommune. I kommunale barnehagar

var det innvilga dispensasjon frå utdanningskravet i 5 % av pedagogstillingane, medan det i private barnehagar var innvilga dispensasjon i 15 % av stillingane. Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet kan i stor grad knyttast til utfordringar med rekruttering av barnehagelærarar.

Undervisning

Undervisning hadde eit samla meirforbruk på 2,8 millionar kroner.

- Det er overskridingar på omlag 6,8 millionar kroner knytt til transport og refusjonar for elevar med behov for individuelle vedtak i kommunale og private skular.
- Det er brukt om lag 4 millionar kroner mindre til til leirskule, administrasjon og skulefritidsordninga som medfører at det totale meirforbruket blei redusert.

Netto driftsutgifter per elev i grunnskulen

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	98 527	111 434	114 937	104 964	115 067	118 568	119 797

Hå sine tal kan ikkje direkte samanliknast då dei har mange barn i private skular. Time har lågare netto driftsutgifter enn Klepp, kostragruppe 7 og landet.

I 2022 blei det gjennomført ein drifts- og ressursanalyse av Agenda Kaupang AS av Timeskulen etter fleire år med meirforbruk. Funna var at Time kommune dreiv kostnadseffektivt med mindre ressursar enn tilsvarande kommunar. Tilrådinga var å tilføra ressursar eller gjera strukturelle endringar. Delar av overforbruket omhandla forholdet mellom opplæringslova § 11-1 (tilpassa opplæring) og §§ 11-4 og 11-6 (personleg assistanse og individuelt tilrettelagt opplæring). Fleire individuelle vedtak fører til at handlingsrommet for fellesskapet og tilpassa opplæring blir mindre, som vidare er ein drivar for fleire vedtak. Budsjettet blei frå 2023 auka med 10 millionar kroner.


Agenda Kaupang tilrådde også å utforma ein ny tildelingsmodell med estimerte budsjett for fleire enn eitt år. Som ein konsekvens blei det meldt sak, og gjort vedtak om ny tildelingsmodell tilsvarande Sola kommune sin modell for grunnskulen i kommunestyret i mai 2024 ([KS 032/24](#)). Den nye tildelingsmodellen viser at det er behov for å tilføra grunnskulane sitt budsjett med om lag 10 millionar kroner. Den økonomiske situasjonen i Time kommune og vedtak om omstilling i handlings- og økonomiplanen 2025-2028 i desember har konsekvensar også for grunnskulen. Det er ikkje funne rom for å auka ressursane i den nye modellen. Ny tildelingsmodell er tatt i bruk, men budsjettet som blir lagt inn til fordeling mellom skulane er redusert. Dette medfører i praksis ei utvikling der avstanden mellom kva faktorane bereknar i ny tildelingsmodell og tildelt budsjett aukar.

Ved rapportering 1. oktober var det registrert 2836 (inkl. 193 frå Klepp) elevar i grunnskulen i Time. Dette er ein nedgang på 45 elevar frå 2023. Av desse går 1810 elevar på 1.-7. trinn med ein nedgang på 58 elevar frå 2023. På ungdomstrinnet er det registrert 1026 elevar. Dette er ein auke på 13 (193 av desse frå Klepp) elevar frå året før.

Frå hausten 2024 vart det innført gratis deltids plass for elevar på 3. trinn i SFO. Ved rapportering 1. oktober vart det registrert 746 elevar på 1.-4. trinn som nyttar skulefritidsordninga.

Skulane har òg i 2024 gjennomført elevundersøkinga. Elevundersøkinga gir ein indikator på elevane sitt læringsmiljø. Dei får spørsmål om trivsel, motivasjon, støtte frå heimen, støtte frå lærar, medverking, arbeidsforhold og læring, vurdering for læring og trygt skulemiljø. På 10. trinn får dei også spørsmål om utdannings- og yrkesrådgiving. Elevane ligg omlag på lands-snittet på alle indikatorane. På indikatoren Trivsel ligg både 7. trinn og 10. trinn rett over lands-snittet. Time har over tid hatt færre elevar som opplever at dei blir mobba samanlikna med nabokommunane og nasjonalt. I 2024- 2025 viser resultatet for Time at tala er signifikant under nasjonalt nivå både på 7. og 10. trinn.

Tabellen under syner gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.



Kjelde: [Rogaland](#) fylkeskommune

Målet i Strategiplan for Oppvekst 2023-29 er at ni av ti av våre elevar fullfører og består vidaregåande opplæring. Time har med unntak av 2023 hatt positiv utvikling dei siste fire åra. Frå 2023 til 2024 har grad av gjennomføring auka frå 80,7 % til 86,8 %, og Time kommune ligg over nabokommunane og Rogaland.

Det kjem fram av tabellen under at det er framgang i gjennomføringa frå 2023 både på yrkesfagleg og studieførebuande retning. Gjennomføringa i vidaregåande har siste året gått opp med 9,4 % og dette medverkar til at samla gjennomføring er høg.

Time	2020	2021	2022	2023	2024
Alle	81,4 %	86,8 %	89,9 %	80,7 %	86,8 %
Yrkesfagleg	79,2 %	82,2 %	84,4 %	71,9 %	81,3 %
Studiespesialisering	83,9 %	91,1 %	95,5 %	88,9 %	92,4 %

Det har vore arbeid systematisk over lengre tid med fokus på å følgja opp elevar som kan stå i fare for å dropa ut av vidaregåande skule i Timeskulen. Ut skuleåret 2023-24 jobba Time og Klepp i lag med Bryne - og Øksnavad vidaregåande skular i programmet Tett på. Frå hausten 2024 gjekk Time inn i Glidelåsen, eit samarbeid Rogaland Fylkeskommune. I fjor var første året med Glidelåsen i Time, der 17 elevar frå Time starta opp i programmet hausten 2024. Fordelen med Glidelåsen i forhold til Tett på er at Oppfølgingstenesta i Fylkeskommunen er med og kan følgja opp elevar uavhengig av kva skule dei kjem inn på.


Alle skulane ligg innanfor lærarnorma som er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn.

Det har blitt jobba systematisk med å innføra eit felles rammeverk for leseopplæring frå 1.-7 trinn i 2024. Arbeidet starta opp som eit treårig prosjekt i 2022 og skulle sikra at alle barneskulane i Time nytta dei same forskingsbaserte verktøya. I løpet av dei tre åra er rammeverket etablert på 1.-4. trinn. Resultata viser at det er behov for vidare satsing på lesing på mellomtrinnet.

Kartleggingsresultat i grunnleggjande rekning viser at det er behov for ei systematisk satsing på 1.-4. trinn. Dette arbeidet blir sett i gang i 2025 gjennom DEKOM i samarbeid med Universitetet i Stavanger.


Elevar med vedtak om tilrettelagd opplæring

Andel elevar med vedtak om tilrettelagt opplæring i Time kommune har gått ned. Skulane har hatt tett samarbeid med PPT og arbeid med å endra praksis i klasserommet til betre tilpassing for alle elevane. PPT er fast til stades på skulane og har drive med veiledning, med mål om at dei fleste elevane skal få tilpassa opplæring i fellesskapet.



Kjelde: GSI

Time ligg under nasjonalt nivå og har som Klepp ein svak nedgang i del av elevar med vedtak om tilrettelagt opplæring.



Kjelde: Analysebrettet - Udir.no

Enkeltvedtak om tilrettelagt opplæring i Time viser frå 2023 til 2024 ein nedgang på dei tre hovudtrinna. Nedgangen er størst på 1.-4. trinn, og samla ligg Time kommune på same nivået som i 2022. Diagrammet syner at talet på elevar med tilrettelagt opplæring har auka for kvart år fram til 2024. Det har over tid vore eit stort omfang av timar knytt til mange av enkeltvedtaka. Registrering per 1. oktober 2024 syner at talet på enkeltvedtak har gått ned på alle trinn. Vedtak om tilrettelagt opplæring, og auka omfang i timar medfører behov for meir bruk av ressursar på individnivå i skulen totalt sett. Time kommune har jobba tverrfagleg med å dreia ressursar frå individet til fellesskapet sidan 2023 (Strategiplan Oppvekst 2023-2029). Tida vil visa om nedgangen i antal og omfang i vedtak er ein vedvarande trend.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet har vore rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkarar auka frå 2014 til 2021. I 2024 hadde Time 72 søkarar ved hovudutlysinga. Dette var ein nedgang frå åra før. Ei utfordring for skulane er dei fleste kandidatane er søkarar i fleire kommunar. Det er spesielt stor konkurranse om lærarar som har teke lærarutdanning for 1.-7. trinn. Desse er det svært få av og det medfører at skulane må bruka lærarar som er spesialisert for 5.-10. trinn. Konsekvensen er at skulane ikkje har den trengte kompetansen til dei yngste på 1.-4. trinn og dette vert registrert som kompetanse som ikkje er kvalifisert i GSI.

Vaksenopplæring – Bryne kompetansesenter (BKS)

Time kommune er vertskommune for vaksenopplæringa i Hå og Klepp. BKS er ansvarleg for fagleg innhald, utvikling og drift. Leveranse og finansiering er regulert gjennom samarbeidsavtalar. Bryne kompetansesenter hadde eit mindreforbruk på 2,3 millionar kroner. Dette skuldast høgare tilskott enn budsjettert.

Då Russland gjekk til krig mot Ukraina medførte dette ein stor auke i behovet for tilbod ved BKS. Organisasjonen har vist evne og fleksibilitet til å tilpassa seg endringar på kort varsel, noko som sikrar eit godt tilbod for alle kommunane. Nivået i 2024 var tilsvarande 2023, med mange deltakarar på både dagtid og kveldstid.

BKS hadde i 2024 opplæring på tre hovudområde:

- Norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar etter introduksjonslova for deltakarar frå Hå, Klepp og Time kommune. I tillegg kan personar utan lov og rett kjøpa denne tenesta av BKS.
- Førebuande opplæring for vaksne (FOV) til vaksne deltakarar frå Klepp, Time og Hå kommune (tilsvarer grunnskule) frå hausten 2024. FOV avløyste forsøksordninga førebuaande vaksenopplæring (FVO) som BKS deltok i fram til sommaren 2024. Den nye ordninga FOV ligg nå under Opplæringslova, og er blitt ein del av Kunnskapsløftet. FOV har eigne læreplanar tilpassa vaksne innvandrarar.
- Opplæring til vaksne- og einslege mindreårige asylsøkjjarar som er førebels busett på mottaket i Hå kommune. Dei får eiga tilpassa opplæring i form av asylnorsk eller opplæring på FVO.

Bryne kompetansesenter er tilbydar av statsborgarprøve, norskprøve og prøve i samfunnskunnskap. Dette er prøvar som er etterspurde, og i mange tilfelle prøvar ein må betala for. Det er også eit stort behov for informasjon og rådgjeving kring rettar, lovverk og støtteordningar til deltakarar og andre.

Oversikta under viser talet på deltakarar ved Bryne kompetansesenter i 2024.

	Totalt	Hå	Klepp	Time
Norsk språkopplæring	719	276	220	223
Deltakarar på asylnorsk	88	88		
Førebuande opplæring for vaksne (FVO)	125	54	37	34
Einslege mindreårlege asylsøkjjarar	33	33		
Samla tal på deltakarar 2024	965	451	257	257

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT hadde eit mindreforbruk på om lag 1,1 million kroner. Avviket skuldast vakanse i stillingar, lågare lønnsutbetaling grunna sjukmeldingar, og mindreforbruk på driftsbudsjett.

PPT skal vera ei fagleg kompetent teneste. Tenesta har fokus på å vera oppdatert på ny forskning innan fagfeltet. Leiinga legg saman med medarbeidarane i PPT til rette for eigen og felles fagleg utvikling og kompetanseheving. Ut over deltaking i felles satsingar i Oppvekst har PPT internt hatt følgjande fokus: Forankra og implementera ny Opplæringslov som blei gjeldande frå 1. august 2024 med fokus på kapittel 11 som omhandlar [tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging](#). Det er utvikla kompetansepakkar som gjeld språkvanskar, reguleringsvanskar og gruppe/klasseleiing som PPT bidreg med ved behov for kompetanseheving i barnehage og skule.

Ved årsslutt	Nye tilvisingar	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Alder 16-19 år	Vaksne 20+	Sum saker	Saker på venteliste
2021	200	65	414	0	30	509	4
2022	157	65	480	1	38	584	29
2023	147	63	487	2	52	604	26
2024	96	58	419	3	57	537	12

Tabellen over gir ei oversikt over nye tilvisingar til PPT og aktive saker i tenesta fordelt på alder. Desse tala inkluderer elevar frå Klepp kommune som går på Vardheia ungdomsskule. Det har vore reduksjon i talet på nye tilvisingar til tenesta frå 2023 til 2024 for alle aldersgruppene i barnehage og skule. Det er i same perioden ei lita auke i saker knytt til unge vaksne 16-19 år, og vaksne over 30 år. Den vanlegaste tilvisinga i 2024 er knytt til vurdering og oppfølging av logoped. Elles blir fleirtalet av elevane tilvist med spørsmål om generelle lærevanskar, og barn i barnehagealder blir tilvist for sosiale og emosjonelle vanskar, ofte i kombinasjon med språkvanskar. Tenesta går jamleg gjennom aktive saker for å vurdere om dei kan avsluttast. Dei aktive sakene fordeler seg på 347 gutar (65%) og 222 jenter (35%). 174 saker blei avslutta i 2024.

PPT har ei viktig rolle i arbeidet med å dreia ressursar frå individ til fellesskapet, og deltek aktivt i skulane gjennom deltaking i Laget rundt læraren og eleven (LLE). Tenesta har òg auka det systematiske samarbeidet ute i barnehagane. Målsettinga er å bidra med kompetanse der barn og elevar oppheld seg slik at tilbodet gis i eit inkluderande fellesskap.

Flyktingtenesta Time og Klepp

Flyktingtenesta gjekk i balanse, då auka aktivitet blei dekkja av integreringstilskottet.

Flyktingtenesta busette 200 flyktingar i 2024, 88 i Time og 110 i Klepp. Kommunen innfridde ikkje kvota på 130 grunna manglande tilgang på tilpassa bustadar.

Det er ikkje gjort endringar knytt til bemanning i tenesta i 2024. Talet på nye busette og prognosar knytt til busettingsbehov nasjonalt har medført planlegging av omstilling knytt til nedskalering siste del av 2024. Dette arbeidet held fram inn i 2025.

Nye rutinar har effektivisert arbeidet og gitt betre systematisering av busetting og oppfølging. Auka tal på flyktingar og sosiale utfordringar i målgruppa har gjort tverrfagleg samarbeid og koordinering med t.d. NAV, helsestasjon og barnevern har blitt styrka. Tilsette frå tenesta deltek fast på "Blå Kors Lyspunkt" for å svara på spørsmål frå flyktingar. Familierettleiar har ansvar for ICDP-foreldrerettleiingsgrupper og tilbyr både gruppebasert og individuell rettleiing.

I 2024 deltok 248 flyktingar i introduksjonsprogrammet i individuelt tilpassa fulltidsprogram. 122 frå Time kommune og 126 frå Klepp kommune. Hovudutfordringa i introduksjonsprogrammet har vore å tilby eit fagleg godt og individuelt tilpassa program til alle. Bakgrunnen for dette er fleire endringar i lovverket knytt til flyktingar med kollektivt vern. Ei auke i saksmengd per programrådgjevar har ført til utvikling av nye arbeidsprosessar. Ei lovendring i 2024 medførte nytt krav om arbeidsretta tiltak frå fjerde månad for ukrainarar, noko som førte til auka fokus på praksisplassar og oppfølging.

Programrådgivarar følgjer deltakarane gjennom heile løpet. Manglande norskkunnskapar var ei utfordring, og deltakarane har fått tilbod om digital norskopplæring frå andre månad, òg i feriar.

I 2024 inngjekk tenesta ein samarbeidsavtale med NAV og styrkte samarbeidet gjennom jamlege møte. Dette bidrog til betre kommunikasjon og raskare løysing av saker.

I arbeidet med tverrfagleg samhandling har tenesta ein tilsett i 100 % stilling som jobbar med foreldrerettleiing, tiltak inn mot nye familiesameinte og med oppfølging av personar og familiar med utfordringar. Vedkomande har samtale med alle nybusette par og familiar for å informera og førebyggja.

I 2024 har tenesta arbeidd med mål og tiltak for verksemda. Følgjande effektmål legg føringar for resultatmål og tiltak:

- Me arbeider heilskapleg med den enkelte flyktning på tvers av tenester og faggrupper.
- Flyktningfamiliane er sjølvstendige, trivst og kjenner seg som ein del av lokalsamfunnet. Fokuset har vore på å trygge flyktningforeldre i foreldrerolla, og fleire tiltak er gjennomført.
- Deltakarane i introduksjonsprogrammet trivst og får gode resultat.

Tenesta sin tilstandsrapport vart lagt fram for politisk behandling våren 2024, i tråd med gjeldande vertskommuneavtale.

Time kulturskule

Time kulturskule hadde eit mindreforbruk på 203 000 kroner. Dette skuldast vakansar og tilskot.

Kulturskule

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 588	2 793	2 945	3 087	2 932	3 262	3 296

Tabellen over viser netto driftsutgifter per barn 6 til 15 år brukt til kommunal kulturskule.

Hausten 2024 hadde kulturskulen 746 aktive elevplassar, mot 707 i 2023. Desse plassane er fordelt på 552 elevar, inkludert opplæringsplassar på slagverk, blåseinstrument, juniorkorps og aspirantgrupper i skulekorpsa. Etter opptak hausten 2024 var det 193 på venteliste, der 169 var nye søkjarar og 24 venta på plass til tilbod nr. 2 eller 3. Ventelistetala auka til 218 ved årsskiftet 2024/25.

Frå 01.01.2024 fekk kulturskulen ein ekstra stillingsheimel på 13 % for musikkfagleg ansvar for Demenskolet Minneblomen. Stillinga er delt mellom ein musikkterapeut og ein pianist.

Kulturskulen sel tenester til skulekorpsa. Skulekorpsa melder om ein krevjande økonomisk situasjon, noko som har medført færre kjøp av tenester frå kulturskulen. Kulturskulen har difor ein reduksjon i inntekter knytt til sal av tenester.

I 2024 var det registrert elevdeltaking på 122 arrangement og speleoppdrag i kommunen, med om lag 18 000 i publikum. I tillegg kjem aktivitetar og konsertar i regi av dei 4 skulekorpsa i Time kommune.

Kulturskulen arbeider for mangfald, integrering og ein kulturskule for alle. Elevplassar vert prioritert for flyktningar og som tiltak i samarbeid med barnevern og familiesenter. Skulen søker òg midlar frå Røde Kors Coop-dugnad og Røde Kors Grasrotfond, og har dialog med NAV for å sikra samarbeid kring barn i låg inntektsfamiliar.

Skulen har eit profesjonsfellesskap som vidareutviklar verdiplakat og kompetanse innan vurdering for læring i tråd med nasjonal rammeplan. Skulen har fokus på å synleggjera og utvikla si rolle i samband med samfunnsmandat og styringsdokument.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjonstenestene hadde eit meirforbruk på om lag 482 000 kroner. Det er balanse knytt til lønn og drift i tenesta. Meirforbruket skuldast at arbeidet med reisevaksinering er budsjettert med eit forventa overskot, mens drifta ikkje klarer å oppnå resultat i forhold til budsjett.

Helsestasjon- og skulehelseteneste

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 07 2024	Landet 2024
Forebygging, helsestasjons- og skulehelsetjeneste brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 275	1 395	1 392	915	1 208	1 216	1 141

Tabellen over viser netto driftsutgifter per innbyggjar. Tala inkluderer utgifter til drift av familiesenteret.

Oppvekst arbeider for å dreia ressursane frå individ til fellesskapet. I dette arbeidet deltek alle tilsette i PPT saman med helsesjukepleiarar, styrarar og rektorar. Skulehelsetenesta skal arbeida tett med skulane for å sikra kompetanse der kor elevane oppheld seg. I 2024 har det blitt etablert eit systematisk samarbeid med barnehagane.

I 2024 har tenesta hatt fokus på satsingsområde 1:Trygge foreldre og satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats i Strategiplan Oppvekst. I 2024 fekk tenesta folkehelsemidlar som er brukt til kompetanseheving og utstyr til spiralinnsetting. Tilbod om innsetting av spiral til unge kvinner på helsestasjon for ungdom starta opp frå august 2024.Tre helsesjukepleiare og ein tilsett ved familiesenteret har gjennomført kursleiarkurset Tuning into kids. Gjennomføring av kursa er eit samarbeid mellom skulehelsetenesta og familiesenteret. Det er gjennomført eit tuning into teens og tre tuning into kids kurs i 2024.

Jordmortenesta og helsestasjonen har samen starta opp foreldreførebuande kurs dette året. Vordrande foreldre blir nå tilbodne kurspakken fødselsførebuande-, foreldreførebuande- og ammekurs i ein pakke.

Søvnkurs for barn i alder 7 måneder til 2 år har hatt oppstart i 2024, og får god tilbakemeldinger fra føresette. COS-kurs for foreldre med barn mellom 0-5 år er vidareført i år, og to kurs er gjennomført.

Tenesta har 0,4 årsverk til å gjennomføra rolla som barnekoordinatorar i tett samhandling med helse og velferd

Førebyggjande arbeid ungdom

Koordinator for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT-koordinator) har ansvar for Operativ SLT-gruppe, Politiråd og Oppvekstteam på Bryne, Frøyland, Lye og Undheim. Koordinatoren samarbeider med jærkommunane i SLT-Jæren og fleire kommunar i Rogaland i SLT Sør-Vest. I tillegg har koordinatoren fagleg ansvar for Ungdomsteamet.

Ungdomsteamet har 2,6 årsverk fordelt på 3 tilsette, med ein kombinert stilling med Meistringssenteret. Teamet hadde 80 % vakanse i 7 månader i 2024. Målet er å gi rett hjelp til rett tid og stad, og på lang sikt gi ungdommen lyst på livet og evne til å meistra det. Tilbodet er for barn og unge i alderen 12-25 år og inkluderer oppsøkjande, gruppebasert og individuell oppfølging knytt til kriminalitet, rus og psykisk helse.

Dei siste to åra har fokuset vore å dreia ressursane frå individoppfølging til meir oppsøkjande arbeid og grupper. I 2024 har ein sikra kontinuitet i det oppsøkjande arbeidet på skulane, drifta fleire grupper og styrka samarbeidet med skulane. Ungdomsteamet hadde, til ein kvar tid, i 2024 individuell oppfølging med om lag 20 ungdommar, mot om lag 50 ungdommar i åra før. Dei 30 ungdommane som er differansen, var i 2024 i gruppetilbod i staden for i individuell oppfølging. Det betyr at teamet leverte tenester til like mange ungdom, sjølv om teamet størsteparten av året hadde vakanse på 0,8 årsverk. Talet ungdom ungdomsteamet er i dialog med, og har kontakt med via det oppsøkjande arbeidet, er imidlertid mykje større enn 50 og vanskeleg å talfesta.

Barnevern

Barneverntenesta hadde eit meirforbruk på om lag 9 millionar kroner. Av desse er 1 million kroner knytt til bruk av engasjement og avvikling av fødselspermisjonar som ikkje er fullt ut kompensert, og 8 millionar omhandlar barneverntiltak utan for heimen.

Meirforbruket på 8 millionar innan barnevern skuldast fleire faktorar. Sjølv om talet på barn har vore konstant, har kommunane blitt fakturert for fleire månader på institusjon og i beredskapsheim. Dette inneber at barna bur lengre i institusjon eller beredskapsheim med tilsvarande auka kostnader i tillegg til auka sats for kommunal eigenandel. Eitt barn på institusjon i 12 månader utgjør ein årleg kostnad på 2,28 millionar.

Bufetat har ansvar for rekruttering av fosterheimar. Nasjonalt, regionalt og lokalt har det her vore store utfordringar med lange ventelister for barn som er i behov av fosterheim. Dette er ein faktor som kan ha stor påverknad på kommunen sine kostnader om barn med det får lengre opphald i mellombelse statlige tiltak/akuttplasseringar. Vidare kan det òg skje at barn får tilbod om plass i eit meir kostnadskrevjande tiltak enn det dei er i behov av. Dette er forhold som er spelt over til nasjonale myndigheiter og kommunedirektøren vil fortsetta å leggja trykk på dette temaet.

Udjupande analyse knytt til barnevern kjem i den årlege tilstandsrapporten som kjem til politisk behandling i siste møterunde før sommaren.

Netto driftsutgifter

Årsmelding 2024

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	10 219	11 469	12 354	11 745	10 388	14 179	15 319

Tabellen over viser netto driftsutgifter per innbyggjar 0 til 17 år.

Tryggleik har vore eit nøkkelord for barneverntenesta i heile 2024, jfr. Barneverntenesta sin plan.

Internkontrollen i 2024 hadde mykje fokus på medverknad og dokumentasjon av barnet si stemme.

Arbeid med samvær og gjenforening i samband med dommar i Den europeiske menneskerettsdomstolen: Tenesta bidreg inn eit utviklingsprosjekt i 2023 saman med 24 kommunar i Rogaland. Arbeidet vart vidareført i 2024 og status gitt i styringsgruppemøter gjennom året, og vil bli implementert i tenesta hausten 2025.

Nettverkskontakt: Arbeidet med å frigjera ein saksbehandlar til å arbeida som nettverkskontakt blei evaluert i 2024 og vidareført. Evalueringa viser at nettverkskontakt bidreg til å styrka det førebyggjande og tverretatlege samarbeidet i kommunen, og at kommunen i aukande grad lukkast i målet om å sikra at barn får rett hjelp til rett tid. Dette då barneverntenesta sin statistikk syner at ein større andel barn det vert meldt bekymring for får tilbod om tiltak etter endt undersøking. Det betyr at barneverntjenesta brukar mindre tid på å forvalte sakar som vert henlagt utan forslag til tiltak, noko som kan indikera at fleire barn får hjelpa dei har behov for i grunn- og støttetjenestane.

Tenesta har i 2024 utarbeidd ein eigen tilstandsrapport som vart lagt fram for politisk behandling våren 2024, i tråd med nye føringar i barnevernlova § 2-1. Årsrapporten for felles tiltaksavdeling for Time, Klepp og Hå blir lagt som vedlegg til denne.

Rapportering på tiltak

I tabellen under blir det rapportert på tiltak vedtatt i handlings- og økonomiplan 2024-2027.

Felles tiltak

Tiltak	Status	Kommentar
Utforma ein plan på overordna nivå for implementering av Strategiplanen og satsingsområda i verksemdene	U	
BTI rettleiaren skal vera i bruk i alle verksemdene (Folkehelse)	I	Enkelte verksemdar i Oppvekst er fortsatt i prosess for aktiv bruk av BTI.
Utforma innhald i ny portal-Samhandlingsmodellen og tiltaksversikt med informasjon om kva tenester som er tilgjengeleg i Oppvekst, og kva hjelp ein kan få av ulike instansar	I	Er under utarbeiding. Ferdigstilt ila våren 2025.

Helsestasjon, PPT og barnehage skal etablera ein arena for tverrfagleg samhandling (Folkehelse)	I	Under planlegging. Vert sett i system hausten 2025.
Helsestasjon, PPT og grunnskule skal følgja opp funn frå sluttrapport knytt til prosjektet Laget rundt læraren og eleven, og gjennomføra eventuelle justeringar og endringar (Folkehelse)	U	
Ordninga knytt til nettverkskontaktar i barnevernet for å auka samhandling mellom barnevern og grunntenesta (helsestasjon, barnehage og skule) skal evaluerast i 2024	U	
Utforma rutine for samhandling mellom barnevernet, Flyktingtenesta, helsestasjonstenesta og Familiesenteret (Folkehelse)	I	Ikkje utforma rutine for samhandling mellom barnevern og flyktingteneste.
Utforma rettleiar for samhandling mellom barnevern og barnehage (Folkehelse)	I	Utsett i påvente av etablering av LLB. Rettleiar skule-barnevern er tatt bort nasjonalt. Denne skulle gi retning.
Etablere rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule	U	
Setja saman ei arbeidsgruppe mellom PPT og skule knytt til forankring og implementering av ny opplæringslov som skal setjast i verk august 2024	U	

Tiltak i verksemdar

Tiltak	Status	Kommentar
Barnehagar		
Leggja fram Barnehagebruksplan 2024-2026	U	
Alle barnehagane skal ha ein plan for arbeid med fleirspråklege barn (Folkehelse)	I	Skal utformast i 2025
Auka prosentdel minoritetsspråklege barn opp til 90 % (Folkehelse)	I	Status i 2024 er 74 %
To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskarbarnehagar (Folkehelse)	U	
Delta i arbeidet med satsinga «Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingar» saman med Klepp, Gjesdal og Hå kommune (Folkehelse)	U	
Resertifisera Class-observatørar	U	
Oppstart av nettverksgrupper for erfaringsdeling og kompetanseutvikling knytt til digital praksis	U	
Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leing i alle ledd» Region Rogaland Sør	U	

Rekruttera barnehagelærar for å oppfylle pedagognorm	D	4 av dei kommunale barnehagane oppfyller pedagognorm utan dispensasjon frå utdanningskravet
Auka delen barnehagelærarar mot 50% i tråd med nasjonale føringar	D	Per 15.12.24 var 43 % av dei tilsette i kommunale barnehagar barnehagelærarar
Grunnskule		
Leggja fram Skulebruksplan 2024-2028	U	
Leggja fram sak om ny tildelingsmodell for grunnskulen som del av oppfølging av sak om Drifts- og ressursanalysen som blei utført av Agenda Kaupang	U	
Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule	U	
Barneskulane skal følgja rammeverket for systematisk arbeid med lesing på 1.-7. trinn (Folkehelse)	U	
Skulane gjennomfører prosessar og tiltak for å nå utvalde mål som kjem fram av Kvalitetsmeldinga for Timeskulen (Folkehelse)	D	Det må setjast inn fleire tiltak for å jamna ut ulikskapane mellom jenter og guttar knytt til grunnskulepoeng.
Det skal gis tilbod om kompetanseheving i programmering og algoritmisk tenking for lærarar som underviser i fag der dette er del av fagplanane	U	
Inngå i samarbeidet med fylkeskommunen om Glidelåsen på ungdomskulane (Folkehelse)	U	
Gjennomføra kompetanseheving i personalet knytt til kunstig intelligens (KI) med bruk av kompetansepakkar på Udir	D	To skular har gjennomført, åtte har starta opp dette arbeidet
Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett	D	Ein rektor som vart tilsett 01.11.2024 har ikkje vidareutdanning, men har søkt for 2025
40% av rektorane har gjennomført, eller er i gang med mastergrad i skuleleiing	D	2 har fullført og 2 tek nå vidareutdanninga
Rektor har ansvar for å utforma og følga opp leiarstrategi for sin organisasjon	D	Det er variasjon mellom skulane i kva grad dette vert følgt godt nok opp
Bryne kompetansesenter (BKS)		
Tilpasse undervisningsrom på BKS slik at kan tas i bruk på en formålstenleg måte i samsvar med det auka deltakartalet på skulen	D	Skulen har ikkje fått sett i stand eit naturfagrom som ivaretek krav til forsøk jf. ny læreplan i faget. Elles har skulen fått sett i stand rom som fungerer etter formåla.
«Open skule» på Bryne kompetansesenter (ein heil skuledag kvart år)	I	På grunn av svært høgt tal med deltakare har skulen ikkje valt å ha open skule for alle. Det vil utfordre

		HMS-krav og brannsikkerheit. Me har i staden invitert familie og vennar til deltakarane når me har hatt avslutningar ol.
Deltakarane i vaksenopplæringa får informasjon om dei ulike tverrfaglege tilboda i kommunen. Skulen nyttar utarbeida plansje/plakat frå Time kommune (Folkehelse)	U	
Implementera eigen opplæringsplan i vaksenopplæringa når det gjeld digitale ferdigheiter for vaksne innvandrarar	U	
BKS deltek i Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse sine leiarsamlingar og forsøksprogram når det gjeld skuleutvikling og forsøket «Førebuande vaksenopplæring» og opplæring etter midlertidig lovverk for ukrainske flyktningar	U	
Barnevern		
Anskaffing av nytt/oppdatert fagsystem for barnevern	U	
Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan	I	Dette har ikkje blitt utført med bakgrunn i omstilling
Delta i utviklingsprosjekt saman med 19 kommunar i Rogaland knytt til samvær, rettleiing og tilbakeførings saker. Ein av prosjektleiarane vert tilsett i Time kommune med tilskot frå Statsforvaltaren (Folkehelse)	I	Prosjekt samvær: Blir implementert hausten 2025 i barneverntenesta
Helsestasjon og skulehelsetenesta		
Verksemda sett inn tiltak for å auka deltakinga på brukarundersøkinga	U	
Verksemda set inn tiltak for å sikra medverknad i samband med utvikling av gruppetilbod og undervisning	U	
Utvikla rutinar for foreldrerettleiing jf. Integreringslova (Folkehelse)	U	
Utvikling av foreldrerettleiing retta inn mot dei yngste (Folkehelse)	U	
Utvikla tilbod om langtidsprevensjon ved Helsestasjonen for ungdom (Folkehelse)	U	
Arbeida for at tilsette i skulehelsetenesta har digitalt utstyr som gjer at dei kan ta med seg arbeidet inn til Helsestasjonen når dei ikkje er på skulane	I	Tenesta har ikkje investert i nytt utstyr i 2024
Utvikling av verksemdplan som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle delar	I	Arbeidet er påbegynt

av verksemda. Desse skal vera forankra i Strategiplan oppvekst		
Starta opp med dialogmøte med sektorleiar og leiargruppa to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan	I	Dette har ikkje blitt utført med bakgrunn i omstilling
Kulturskule		
Setja i verk tiltak for å auka deltaking i brukarundersøkinga	U	
Utarbeida rutinar knytt til deltaking i Kulturskulen for barn av flyktingar og familiar med låg inntekt (Folkehelse)	U	
Utarbeida rutinar for samhandling mellom kulturskulen og andre kommunale einingar når elev er på fleire arenaer (Folkehelse)	I	Utsett grunna omstilling. Tiltak i Strategiplan Oppvekst som omhandlar etablering av ei tverrfagleg faggruppe med barnehage, skule og kulturskule er utsett.
Utarbeida tiltak for å auka elevane sin identitet til kulturskulen	D	Auka samspel/ gruppeundervisningstiltak deler av skuleåret for at elevane skal møte andre elevar og auka oppleving av kunstfagleg fellesskap. Dette arbeidet blir vidareført i 2025.
Utforma rutinar for tydeleggjering av gjensidig forventning om innsats for å verka inn på meistring, motivasjon, innsats og sjølvkjensle	D	Arbeidet er starta opp og del av utviklingområdet i 2024/2025
Starta opp med dialogmøte med sektorleiar og leiargruppa to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan	I	Dette har ikkje blitt utført med bakgrunn i omstilling
Flyktingtenesta Time og Klepp		
Utforma rutinar for busetting og integrering av flyktingar	U	
Opplæring i Visma Flykting og vaksenopplæring	U	
Utvikla verksemdplan som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle delar av verksemda. Planen skal vera forankra i Strategiplan oppvekst.	U	
Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan	I	Dette har ikkje blitt utført med bakgrunn i omstilling
PPT		
Auka kompetanse i tenesta knytt til autisme (Folkehelse)	U	
Kurs i omgrepsopplæring for barnehagar og skular knytt til fleirspråklege barn (Folkehelse)	U	Kurs blir held på førespurnad i skular og barnehagar.
Laget rundt lærar og elev fortsett som ordinær drift med lik deltaking av PPT som i prosjektperioden. Årsverk dekkja av	U	

prosjektmidlar blir sett i ordinær drift i budsjett for 2024 (Folkehelse)		
PPT deltek i utvikling av felles kompetanseportal knytt til utviklingstøttande praksis i småbarnsavdelingar	U	
Ta i bruk digitale kartleggingsskjema i Visma Flyt PPT	U	
Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan	I	Dette har ikkje blitt utført med bakgrunn i omstilling

Status på dei ulike tiltaka vert rapportert med følgjande indikatorar:


U	Utført
D	Delvis utført
I	Ikkje utført

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	2,08 %	4,72 %	6,80 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,28 %	4,10 %	6,38 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråvære:

Verksemder som har høgare sjukefråvære enn måttalet følgjer dette opp i tråd med rutinane til Time kommune.

- Barnehagane hadde eit snitt på 8,1 % i 2024. Måltal for sjukefråvær i barnehagane er 7,8 %. 4 av barnehagane hadde sjukefråvær over måttalet.
- Skulane hadde eit snitt på 5,7 % i 2024. Måttalet for skulane er 6 %. Fire av skulane hadde høgare sjukefråvære enn måttalet.
- Bryne kompetansesenter hadde eit snitt på 3,6 % i 2024. Måttalet for verksemda er 6 %.
- PPT hadde eit snitt på 11,2 %. Måttalet for verksemda er 6 %.
- Flyktingtenesta hadde eit sjukefråvær på 3,9 % i 2024, samanlikna med 4,1 % i 2023. Måttalet for verksemda er 4 %.
- Kulturskulen hadde eit snitt på 5,1%. Måttalet for verksemda er 6 %.
- Helsestasjonstenestene hadde eit snitt på 2,5 %. Måttalet for verksemda er 4 %.
- Barneverntenesta hadde eit snitt på 10,5 %. Måltal et for verksemda er 7,5%.

Utfordringar framover

- Nedjustering av tenestene i Oppvekst fram mot 2028 på 20 millionar kroner vil medføra krevande prosessar, og val for å innfri vedtaket. Grunntenestene barnehage og skule vert i dag drive svært kostnadseffektivt. Ei nedjustering av budsjettet vil utfordra målet om å dreia ressursar frå individ til fellesskap med intensjon om å skapa større handlingsrom i det ordinære tilbodet.
- Fleire individuelle rettar utfordrar handlingsrommet i fellesskapet.
- Auka utgifter i barnevernet knytt til plassering av barn/unge utanfor heimen.
- Kapasitet for tverrfagleg samhandling knytt til lovverk.
- Å sikra at det er kapasitet til lågterskeltilbod i møte med barnevernreform og spesialisthelseteneste.
- Rekruttering av lærarar i barnehage og til 1.-7. trinn i skule, helsesjukepleiarar og barnevernspedagogar.
- Flyktingesituasjonen: Utfordring med å skalera tenestenivået slik at det er i tråd med behov til eit usikkert tal på nye flyktningar. Det er òg usikkerheit knytt til nasjonale føringar og rettar om situasjonen i Ukraina endrar seg.
- Gratis deltids plass for barn i SFO 1.-3. trinn medfører behov for fleire tilsette. Stillingane i SFO er på ca 40%. Dette er ei utfordring sett opp mot heiltidserklæringa til Time kommune.
- Etter ny opplæringslov er det berre pedagogar som kan gjennomføra individuell tilrettelagt opplæring (§11-6). Behovet for miljøpersonal i skuletida blir mindre og dette avgrensar moglegheitene for større stillingar for tilsette i SFO. jmf. punktet over.

Aktivitetsnøkkeltal

Barnehagar

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Barn 1-5 år etter timar per veke, 25-32 timar	9	5	5
Barn 1-5 år etter timar per veke, 33-40 timar	29	17	19
Barn 1-5 år etter timar per veke, 41 timar og over	1 084	1 066	1 089

Årsmelding 2024

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Barn i kommunale barnehagar	598	566	568
Barn i private barnehagar	524	522	545
Barn med barnehageplass etter alder 0 år	1	0	1
Barn med barnehageplass etter alder 1 år	189	151	191
Barn med barnehageplass etter alder 2 år	209	248	217
Barn med barnehageplass etter alder 3-5 år	723	689	704
Barnehagedekning, % 1-2 år	88,2 %	85,8 %	89,6 %
Barnehagedekning, % 3-5 år	96,9 %	96,0 %	97,7 %

Barnevern

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Akutt plasseringer	5	7	6
Barn med hjelpetiltak	70	60	75
Barn under omsorg	24	24	23
Bekymringsmeldinger	407	332	200
Frivillige plasseringer	19	21	20
Institusjonsplassering	1	5	6
Ungdom i ettervern	19	17	19

Bryne kompetansesenter

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, med rett og plikt, frå Hå	70	115	107
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, utan rett eller berre med plikt, frå Klepp	3	9	10
Deltakarar som har tatt kurs i samfunnsfag	17	41	27
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, med rett og plikt, frå Klepp	94	154	154
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, med rett og plikt, frå Time	60	105	111
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, utan rett eller berre med plikt, frå Hå	2	3	13
Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne, utan rett eller berre med plikt, frå Time	3	9	14
Statsborgarprøven	11	15	5
Vaksenopplæring – grunnskule spesialund. frå Hå	0	1	1
Vaksenopplæring – grunnskule spesialund. frå Klepp	2	0	1
Vaksenopplæring – grunnskule spesialund. frå Time	1	1	1
Vaksenopplæring i grunnskulefag fra Klepp	35	24	28

Årsmelding 2024

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Vaksenopplæring i grunnskulefag frå Hå	40	45	39
Vaksenopplæring i grunnskulefag frå Time	20	25	22

Elevar i grunnskulen

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Bryne skule	486	475	451
Bryne ungdomsskule	360	320	328
Frøyland skule	378	356	358
Frøyland ungdomsskule	152	171	168
Hognestad skule	74	64	64
Lye skule	298	307	284
Lye ungdomsskule	135	129	136
Private skular	104	112	0
Rosseland skule	569	558	546
Undheim skule	116	108	107
Vardheia ungdomsskule	323	405	394
Vardheia ungdomsskule - Elevar frå Klepp	171	185	199
Vardheia ungdomsskule - Elevar frå Time	152	220	195

Elevar i skulefritidsordninga (SFO)

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Opphald 2 dagar/veke	0	10	13
Opphald 3 dagar/veke	234	268	367
Opphald 4 dagar/veke	69	73	80
Opphald 5 dagar/veke	289	328	290

Flyktningtenesta Time og Klepp (Tala gjeld Time)

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Avslutta grunna helseutfordringar eller flytting	0	1	4
Avslutta til arbeids-marknadstiltak i NAV	0	53	17
Avslutta til deltids-jobb	1	8	0
Avslutta til fulltidsjobb	2	5	22
Avslutta til grunnskule for vaksne	0	0	2
Avslutta til kommunale tenester i NAV	0	0	20
Avslutta til vidaregåande skule eller høgare utdanning	5	2	3
Flyktningar med vedtak i intro.program	71	125	122
Nye barn og vaksne som er busette i Time inkl. familiesameinte	144	122	90
Vaksne – starta i intro.program	53	70	68

Helsestasjon og skulehelseteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Familiesenteret - Avslutta saker	138	191	182

Årsmelding 2024

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Familiesenteret - Nye saker	181	209	213
Fødsler	214	211	223
Helseten. i vid. Skule / helsestasjon for ungdom - konsultasjonar hos helsesjukepleiar	1 304	1 305	1 213
Helseten. i vid. Skule / helsestasjon for ungdom - konsultasjonar hos lege	188	189	171
Konsultasjonar hos helsesjukepleiar	16 863	16 419	15 840
Konsultasjonar hos jordmor	1 974	2 189	2 404
Konsultasjonar hos lege	1 474	1 168	1 370
Nye gravide	257	253	275
Rådgivn./vaksinasjon, utanlandsreisande pers.	1 229	1 401	1 675

Pedagogisk psykologisk teneste PPT

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Nye tilvisingar	55	42	34
Saker i arbeid - Barn 0-5 år	65	63	58
Saker i arbeid - Barn 6-15 år	480	487	419
Saker i arbeid - Barn 16-19 år	1	2	3
Saker i arbeid - Gutar	363	382	347
Saker i arbeid - Jenter	221	222	190
Saker i arbeid - Vaksne 20+ år	38	52	57
Saker på venteliste	29	26	12

Time kulturskule

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Elevar i «Bankers»	11	9	12
Elevar i opplæring/undervisningsressurs skulekorps – gjeld ikkje hovudkorps	104	134	142
Elevar i vokalgruppe	8	4	0
Elevar på ballett	32	28	32
Elevar på band	5	8	8
Elevar på dans	165	160	143
Elevar på drama	30	30	29
Elevar på kunstfag	68	68	78
Elevar på Skapande skrivning	8	5	5
Elevar på vokal- og instrumentundervisning	260	263	293

KOSTRA-nøkkeltal

Barnehagar

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f211) per barn i kommunal barnehage (kr)	20 729	24 190	28 962	32 248	27 830	23 865	29 415	34 025

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	62	66	68	72	75	70	74	76
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	2,1 %	2,2 %	2,4 %	2,5 %	2,7 %	3,5 %	3,6 %	3,9 %
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, kommunale barnehager (B)	12 879	12 733	12 618	12 819	12 454	12 209	12 290	12 036
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	40,6 %	36,0 %	40,5 %	39,4 %	33,4 %	37,6 %	42,3 %	41,6 %
3-5 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	96,9 %	96,0 %	97,7 %	96,4 %	94,6 %	95,8 %	97,4 %	97,5 %
Barn i private barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (antall)	14	18	13	14	10	11	373	3 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per barn i kommunal barnehage (kr)	221 366	235 746	247 799	266 229	259 060	248 614	269 535	284 334
Kommunale overføringer av driftsmidler til private barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	52	54	62	64	80	64	71	72
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, private barnehager (B)	12 208	12 565	12 534	12 584	12 292	12 828	12 401	12 420
Barnehage korrigerte brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	10,1 %	9,8 %	9,2 %	9,1 %	12,9 %	13,0 %	8,4 %	7,5 %
Privat Barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet (antall)	5,7	5,8	5,8	5,8	5,7	6,0	5,7	5,8
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, private barnehager	12 208	12 565	12 534	12 584	12 292	12 828	12 405	12 424
Andel barn i private barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	2,6 %	3,3 %	2,4 %	2,5 %	4,9 %	2,7 %	3,0 %	3,2 %
Andel barn, eks. minoritetsspråkl, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. bhg	2,1 %	2,2 %	2,4 %	2,5 %	2,7 %	3,5 %	3,6 %	3,9 %
Kommune Barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet (antall)	6,0	5,9	5,8	5,9	5,8	5,6	5,7	5,6
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehage (f201) per barn i kommunal barnehage (kr)	180 771	190 772	196 647	209 228	211 050	204 123	215 594	222 362
Privat Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	4,9	5,1	5,1	5,0	4,5	5,0	5,5	5,5
Barnehage korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	6 840	7 222	7 443	7 661	11 567	9 752	7 368	6 776
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, kommunale barnehager	12 879	12 733	12 618	12 819	12 454	12 209	12 293	12 040
1-2 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	88,2 %	85,8 %	89,6 %	90,9 %	76,4 %	86,7 %	88,4 %	89,6 %
Korrigerte brutto driftsutgifter til lokaler og skyss (f221) per barn i kommunal barnehage (kr)	19 866	20 784	22 191	24 753	20 180	20 626	24 526	27 948
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)	62,4	65,8	67,7	71,7	75,0	70,4	74,3	76,3

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Kommune Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	5,1	5,2	5,3	5,5	5,0	4,7	6,1	6,4

Undervisning

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	13,9	13,9	13,3	13,8	13,4	13,2	13,1	12,5
Elever per kommunal grunnskole	278	289	288	284	292	282	244	236
Standpunkt 10. trinn - Norsk hovedmål		3,8	3,9	3,7	3,5	3,6		
Elever alle trinn Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	7,5 %	7,8 %	8,6 %	7,7 %	9,3 %	7,1 %	7,9 %	8,0 %
Antall elever 8.-10. årstrinn kommunale og private	879	999	1 039	1 057	991	656	22 871	180 330
Andel elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskys	11,7 %	11,5 %	12,0 %	13,4 %	24,6 %	8,8 %	25,8 %	23,4 %
Antall elever 1.-4. årstrinn kommunale og private	1 082	1 088	1 072	1 036	1 065	1 032	27 052	212 583
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev	124 513,9	126 188,8	135 212,3	138 803,4	153 245,9	162 372,0	163 820,2	169 046,4
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,5 %	7,8 %	8,6 %	7,7 %	9,3 %	7,1 %	7,9 %	8,0 %
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	12,1	12,4	11,5	12,8	12,3	12,3	11,9	11,4
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	14,7	14,5	15,0	14,7	14,7	13,6	13,1	12,4
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning uten pedagogisk utdanning	5,3 %	5,0 %	5,2 %	5,9 %	5,0 %	4,1 %	4,5 %	4,8 %
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,9	13,9	13,3	13,8	13,4	13,2	13,1	12,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	15,3	15,0	13,9	14,2	13,6	13,9	14,4	13,8
Andel lærere med videregående utdanning eller lavere	7,2 %	8,5 %	6,1 %	5,6 %	5,3 %	8,9 %	8,2 %	7,9 %
Standpunkt 10. trinn - Engelsk skriftlig								
Standpunkt 10. trinn - Matematikk		3,4	3,7	3,8	3,6	3,6		
Andel elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver regning 8. trinn	70,8 %	76,5 %	67,0 %	70,3 %	67,1 %	69,6 %	60,8 %	63,0 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	97,8 %	100,0 %	97,5 %	97,6 %	96,7 %	98,9 %	97,0 %	96,6 %
Grunnskolesektor Netto driftsutgifter per innbygger 6- 15 år (kr)	112 429,4	120 607,6	135 533,5	140 785,8	134 016,5	145 179,3	151 174,7	153 992,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	99 162,5	99 083,5	107 698,1	111 190,3	119 881,5	125 295,3	126 537,1	129 118,8

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler (222), per elev	18 425	19 578	18 943	17 929	22 557	25 912	24 905	26 487
kommunal Elever alle trinn Elever (antall)	2 783	2 891	2 881	2 836	2 632	2 539	69 139	534 219
Begge kjønn Universitets- og høyskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent)	9,1	11,2	12,5	14,6	16,5	12,7	12,9	13,6
Begge kjønn Universitets-/høyskoleutdanning, uten pedagogisk utdanning Lærere (antall)	17	17	17	19	16	12	391	3 323
Andel elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver lesing 8. trinn	76,8 %	74,3 %	61,2 %	65,8 %	63,9 %	64,0 %	61,3 %	64,7 %
Elever med direkte overgang fra vg1 til vg2 (prosent)	90,5 %	91,0 %	90,2 %	90,1 %	85,8 %	87,1 %	87,6 %	87,4 %
Begge kjønn Universitets- og høyskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent)	78,3	75,3	76,3	74,0	73,2	74,3	74,4	73,8
Antall elever 5.-7. årstrinn kommunale og private	914	897	870	850	864	851	21 621	168 983

SFO

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter til SFO, per innbygger 6-9 år (kr)	3 911,4	6 264,7	11 375,2	16 109,9	15 300,6	14 940,0	15 393,9	16 957,6
Netto driftsutgifter til SFO, i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	0,4 %	0,5 %	0,8 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	0,9 %	0,9 %
Antall elever i kommunal og privat SFO	506	587	658	753	663	691	19 731	160 317
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	46,6 %	53,1 %	61,4 %	73,2 %	60,0 %	64,4 %	69,6 %	71,1 %
Brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. og priv. bruker (B)	32 571,1	31 761,5	32 758,4	31 266,9	32 594,3	35 380,6	32 998,6	35 750,0
Delindeks: Andel elever i kommunal SFO med 100prosent plass								

PPT

Bryne kompetansesenter (BKS)

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Voksenopplæring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	302	316	422	425	720	510	906	867
Avtalte årsverk voksenopplæring	23,4	27,7	30,6	29,5			484,6	4 500,1
Antall deltakere i voksenopplæring	94	116	97	85	0	10	959	8 713
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,1 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %	0,4 %	0,1 %	0,5 %	0,5 %
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger	87	30	10	98	276	95	400	390
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B)	302	295	422	425	94	106	743	787

Kulturskule

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	17,5 %	17,7 %	17,3 %	17,1 %	13,2 %	11,7 %	13,5 %	13,1 %
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (antall)	512	499	478	468	418	317	9 803	73 967
Musikk- og kulturskoler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,5 %	0,5 %	0,5 %	0,5 %	0,5 %
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 464	2 588	2 793	2 945	3 087	2 932	3 262	3 296

Helsetasjon- og skulehelseteneste

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Næringsdrivende fastleger kommunehelsetjenester knyttet til fysioterapi- og legeårsverk avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	8,3	6,6	6,5	6,4	0,5	10,9	8,1	7,7
Kommunalt ansatte leger Forebygging, helsest.- og skulehelsetj. Avt. legeårsv. (årsv.)	0,0	0,2	0,2	0,3	0,7	0,0	11,3	141,8
Jordmødre per 10 000 fødte i løpet av året (årsverk)	120,8	165,9	149,0	138,4	134,2	120,2	116,9	119,3
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	6,5	7,5	7,5	6,9	8,2	6,4	9,4	9,7
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B)	98,1	100,8	106,7	101,0	72,8	50,3	104,0	98,8

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Turnusfysioterapeut kommunehelsetjenester knyttet til fysioterapi- og legeårsverk avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	0,0	0,5	0,3	0,0	0,5	0,0	0,3	0,3
Undersøkt 8. leveuke Andel barn (prosent)	102,1 %	101,4 %	103,4 %	96,9 %	106,5 %	101,3 %	98,1 %	98,7 %
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 170	1 275	1 395	1 392	915	1 208	1 216	1 141
Fødte i løpet av året (antall)	240	211	208	224	231	233	5 430	44 896
Undersøkt ved 2-års alder Andel barn (prosent)	97,4 %	99,1 %	104,1 %	94,7 %	6,7 %	93,4 %	91,2 %	94,6 %
Undersøkt ved 4-års alder Andel barn (prosent)	98,5 %	99,2 %	104,6 %	93,6 %	105,1 %	95,3 %	97,1 %	98,6 %
Helsesøster avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.)	26,0	26,5	27,3	25,9	18,8	13,3	25,4	24,2
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B)	5,5	4,8	5,0	5,0	4,6	6,4	6,0	7,2
Antall nyinnskrevne gravide som har møtt til svangerskapskontroll (antall)	260	257	253	275	241	272	5 854	47 253
Leger avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	1,5	1,3	1,3	1,3	1,2	1,7	1,5	1,8
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. funksjon 232 (B)	0,7	6,9	7,1	3,6	1,3	3,8	8,9	8,6
Undersøkt grunnskole 1. trinn Andel barn (prosent)	94,2 %	97,7 %	114,6 %	96,6 %	105,9 %	77,0 %	95,4 %	102,8 %
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	11,3	10,9	11,0	10,8	12,9	13,5	12,8	13,2
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 056	1 105	1 200	1 188	784	1 095	1 049	988

Barnevern

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Andel meldinger som går til undersøkelse	39,2 %	36,2 %	32,3 %	35,0 %	45,5 %	51,5 %	47,0 %	44,7 %
Barneverntjeneste (244) nettodriftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	1,1 %	1,2 %	1,1 %	1,2 %	1,2 %	1,4 %	1,4 %	1,4 %
0-17 år Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet i løpet av året	49	40	43	43	56	28	1 202	9 301
Undersøkelser i alt (0-24 år)	184	165	136	150	250	256	5 614	42 683

Årsmelding 2024


	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter (251)								
barneverntiltak når barnet ikke er plassert i barnevernet (Kommunekasse)	2 740	3 531	3 898	5 234	3 159	4 235	153 521	
Meldinger i alt	380	406	325	349	453	441	9 838	78 497
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	9 197	10 219	11 469	12 354	11 745	10 388	14 179	15 319
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	247 631	344 944	383 538	442 872	240 798	262 402	329 939	389 977
Netto driftsutgifter per innbygger 0-22 år, barnevernstjenesten								
Tiltak i alt Barn med tiltak	106	97	90					
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	96,0 %	93,0 %	93,0 %	97,0 %	99,0 %	94,0 %	94,0 %	93,0 %
Andel meldinger til undersøkelse innen 7 dager (prosent)	38,7 %	35,0 %	31,7 %	35,0 %	45,5 %	51,5 %	47,0 %	44,5 %
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	56 767	63 240	71 646	83 478	47 258	62 198	77 597	90 137
Prosentandel barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	3,5 %	3,1 %	2,7 %	2,9 %	4,7 %	4,5 %	4,2 %	4,0 %
Undersøkelser startet i alt (0-24 år)	149	147	105	122	206	227	4 627	35 067
Omsorgstiltak Barn med tiltak	24	24	23					
Hjelpetiltak Barn med tiltak	82	73	67					
Korrigerte brutto driftsutgifter (252)								
barneverntiltak når barnet er plassert i barnevernet	17 319	18 327	20 376	19 851	19 554	11 209	535 746	4 420 370
Brukerbetaling for kommunale tjenester (252) Barneverntiltak når barnet er plassert i barnevernet (Kommunekasse)	0	0	0	0	0	0	17	
Andel meldinger til undersøkelse etter 7 dager eller mer (prosent)	0,5 %	1,2 %	0,6 %				0,0 %	0,1 %
0-17 år Andel barn med barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet i løpet av året	1,0 %	0,8 %	0,9 %	0,9 %	1,1 %	0,6 %	1,0 %	1,0 %
Korrigerte brutto driftsutgifter (251)								
barneverntiltak når barnet ikke er plassert i barnevernet	2 740	3 531	3 898	5 234	3 159	4 235	153 521	1 116 413
Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året	172	138	140					

Helse og velferd

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar administrasjon med teneste- og samordningskontor, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester, helse og rehabilitering med fastlegetenesta, legevakt og NAV.

Brutto driftsutgifter i % av kommunens totale utgifter



Status økonomi Helse og velferd

Tenestegrupper

Beløp i 1000 kr

Tenester	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R)	Avvik i %
Administrasjon og tenestekontor	14 552	14 841	14 497	12 836	289	2 %
Aktivitets- og servicetenester	6 145	5 195	4 733	5 382	-950	-18 %
Eigedom	0	0	0	2 703	0	0 %
Heimetenester og rehabilitering	137 095	118 361	118 234	130 033	-18 734	-16 %
Helse og rehabilitering	39 790	42 496	37 890	34 784	2 706	6 %
Institusjonstenester	94 804	92 258	87 736	91 579	-2 547	-3 %
Miljøtenester	158 246	152 422	149 287	146 668	-5 824	-4 %
Psykisk helse og rusarbeid	36 054	34 432	33 597	32 467	-1 622	-5 %
Samhandling	13 194	13 753	13 926	12 854	559	4 %
Sosialtenester	48 539	48 762	36 761	43 054	223	0 %
Totalsum	548 419	522 520	496 661	512 362	-25 900	-5 %

Kommentar til status økonomi

Helse og velferd har eit meirforbruk på 25,9 millionar kroner.

Sidan 2023 har det vore ei stor auke i talet på unge og eldre innbyggjarar som har behov for helsetenester. Dette gjeld tenester som omsorgstønad, heimesjukepleie og korttids- og langtidsplassar i institusjon. Time kommune har ei auke i talet på innbyggjarar som blir utskrevet til kommunale tenester

etter sjukehusopphald, samanlikna med Hå og Klepp kommunar. Kommunen har kjøpt korttidsplassar i Klepp, Gjesdal og Hå kommunar og betalt for utskrivingsklare pasientar til Helse Stavanger for 2,2 millionar kroner. Korttids- og rehabiliteringsavdelinga har nytta dobbeltrom gjennom heile året for å handtera behovet for institusjonsplassar. Mangel på institusjonsplassar og utfordringar med å gje rett teneste på rett nivå til rett tid, gjer kostnadskrevjande løysingar.

På grunn av høg prisstiging på lønn, mat, drivstoff og medisinsk forbruksmateriell har det vore ei auke i driftsutgifter. Vikar og feriebudsjettet har ikkje vorte justert dei siste åra i forhold til lønnsauken. Dette er tatt med i budsjettet for 2025.

Tenestekområdet har arbeidd med omstilling og kostnadsreducerande tiltak heile året. Desse tiltaka har gitt effekt særleg i slutten av perioden.

Vaskeriet vart flytta frå Helse og velferd til Samfunn i løpet av 2023, difor viser Eigedom med rekneskap 2023 i tabellen.

Oppsummering av driftsåret

Dei demografiske endringane gjer større behov for omsorgsbustadar og institusjonsplassar for eldre. Tiltak som er lagt i Bustadplan 2022-2040 er arbeidd inn i økonomiplan 2025-2028. Mangel på institusjonsplassar og auke i utskrivingsklare pasientar har gitt ein kostnadsauke i tenestekområdet. Det er arbeidd med tiltak som kan hjelpe innbyggjarar til å klare å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

Leiarar, tilsette og tillitsvalte har arbeidd tett saman i ulike prosjekt for å redusera kostnadene.

Tilsette i service- og næringslivet i Time kommune har fått undervisning om demensvennleg samfunn, og 22 bedrifter er godkjende som demensvennlege i 2024.

Seminar for pensjonistar blei gjennomført i juni med godt oppmøte. Seminar har som mål å informera eldre om kva dei sjølv kan gjera for å få ein god alderdom.

I samarbeid med Klepp, Hå og Gjesdal kommunar er det gjennomført brukar- og pårørandeskule vår og haust for heimebuande personar med demens og deira pårørande.

Det blir arbeidd med kommunen sin heiltidsstrategi. Årsturnus og nye arbeidstidsordningar er eit av verkemidla for å oppnå store stillingar og meir stabil drift.

Det er meirkostnadar knytt til drift av bilane i alle verksemdar. Det blir arbeidd med ein langsiktig plan for oppgradering av bilparken.

Helse og velferd har i perioden arbeidd med fleire utbyggingsprosjekt.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Helse og velferd sin kompetanseplan er styrande for kompetansehevinga som vert prioritert i verksemdene.

Helse og velferd er med i forskingsprosjektet TeleAmbus. Det er eit samarbeid mellom fleire kommunar, hudavdelinga på SUS og NORCE. I prosjektet blir det forska på digital oppfølging av sår.

[KlinObsKommune](#) er ein modell for klinisk observasjonskompetanse for faglært helsepersonell. Dette arbeidet blir prioritert i alle verksemdar.

Time kommune er med i forskingsklynga for Sør-Rogaland, ein samarbeidsarena for forskning og kunnskapsutvikling. Prosjekt Kunnskapsbrua gjer forskingsbasert kunnskap meir tilgjengeleg for praksisfeltet.

Heimetenesta har hatt eit prosjekt knytt til tenester til innbyggjarar i «Livets siste dagar».

Lærlingar, studentar og elevar:

- 18 lærlingar
- 1 lærling gjennom «Menn i helse».
- 56 sjuke- og vernepleiarstudentar har hatt praksisplass,
- 30 Vg1- og 50 Vg2-elevar frå Bryne og Tryggheim vidaregåande skular har hatt praksis.
- 27 sjuke- og vernepleiarar går i rekrutteringsstillingar og får kompetansemidlar frå Statsforvaltaren

Administrasjon og tenestekontor

Administrasjonen består av kommunalsjef, rådgjevarar og kommunepsykolog. I Teneste- og samordningskontoret arbeidar kreftkoordinator, systemkoordinator for Koordinerende eining (KE) og seks saksbehandlarar. Leiaren for kontoret har ansvar for å følgje opp privat avlasting, kjøp av institusjonsplassar og tenester, fritidskontakt, omsorgsstønad, frivilligsenter kafe og aktivitet, og bustadutvalet.

Området har eit mindreforbruk på 289 000 kroner.

Teneste- og samordningskontoret skal sikra rett tildeling av tenester og effektive pasientforløp for innbyggjarane.

Det har vore ei auke i nye søknadar om tenester i 2024. Talet på søknadar som vert avslått har auka frå 2023 til 2024. Det blir brukt meir ressursar knytt til saker for barn og unge som krev samordning på tvers av miljøtenester, barnevern og skule.

Time kommune har hatt 17 klagesaker i 2024, til samanlikning var det åtte klagesaker i 2023.

Tenestekontoret har vore sentrale i arbeidet med [Forvaltningsrevisjonsrapporten "Ressurskrevende tjenester" KS sak 107/24](#)

Internkontrollgruppa i Helse og velferd har utført åtte internkontrollar og tre etterkontrollar. Dokumentasjon, legemiddelhandtering og privat økonomi er kontrollert. Avvik som vert avdekt vert arbeidd med i avdelingane.

På bakgrunn av stort meirforbruk i Helse og velferd blei det prioritert å ha internkontroll knytt til økonomistyring, der tenestetildeling basert på vedtak, organisering og bruk av kompetanse blir gjennomgått. Dette arbeidet vert vidareført i 2025.

Institusjonstenester

Institusjonstenesta består av to sjukeheimar, Bryneheimen og Sivdamheimen. I tillegg har Sivdamheimen dagsenter for personar med demenssjukdom og hukommelsesteam med demenskoordinator.

Institusjonstenesta hadde eit meirforbruk på 2,5 millionar kroner. Meirkostnadene i institusjon skuldast i hovudsak betaling av utskrivningsklare pasientar, kjøp av korttidsplassar frå andre kommunar og ekstra innleie av personell.

Innbyggjarar bur lengre i eigen heim. Når dei får plass i institusjon har dei eit større hjelpebehov enn tidlegare. Dette gir nye utfordringar med bemanning og kompetansebehov i institusjon. Det har i periodar vore behov for ekstra bemanning.

Prosjekt «Assisterande avdelingsleiarstøtte» starta opp i demensavdelinga på Sivdamheimen med Vibå dagsenter i haust. Målet er at avdelingsleiarar kan delegera administrative oppgåver, sikra meir kontinuitet i drifta og tettare oppfølging av tilsette.

Bryneheimen arbeidar med oppgåvedeling. I samarbeid med reinhaldsavdelinga skal det testast ut om reinhaldsoppgåvar i institusjon kan leggst til reinhaldsavdelinga.

Arbeidet med å kjøpa inn nytt pasientvarslingssystem for begge sjukeheimane har starta.

Fleire innbyggjarar med kognitiv svikt og demenssjukdom bur heime. [Plan for demensomsorga 2025 - 2029, KS sak 075/24](#) er revidert.

Hukommelsesteamet har fylgt opp 30 % fleire innbyggjarar med demenssjukdom. Demenskoordinator er eit bindeledd mellom innbyggjar, kommunale helsetenester, fastlege og spesialisthelsetenesta. Det er ein auke i talet på innbyggjarar som bur åleine utan nære pårørande.

Korrigerte brutto driftsutgifter kommunal plass institusjon

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 544 961	1 719 434	1 691 895	1 547 578	1 619 423	1 623 737	1 653 091

Time kommune har høgare driftsutgifter per institusjonsplass samanlikna med landet, KOSTRA-gruppe 7 og Hå kommune. Dette kan skuldast at det i periodar har vore overbelegg og høge kostnader knytt til kjøp av korttidsplassar.

Andel 80 åringar i institusjon

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	9,6 %	9,5 %	9,0 %	7,1 %	8,7 %	8,1 %	9,3 %

Time kommune har ein nedgang i talet på 80-åringar i institusjon, men ligg noko høgare enn nabokommunane. Dette kan skyldast tilfeldige svingingar, men målet er å redusera talet framover.

Heimetenester og rehabilitering

Området heimeteneste og rehabilitering består av heimesjukepleie, praktisk bistand, omsorgsbustadar, korttids- og rehabiliteringsavdeling, dagsenter for eldre, omsorgsstønad og lærlingar.

Område har hatt eit meirforbruk på 18,7 millonar kroner. Årsaka til meirforbruket er samansett. Det er ein auke i talet på innbyggjarar som blir skrevet ut frå SUS til behandling i kommunen, til heimen eller på korttids- og rehabiliteringsavdelinga. Tal frå sjukehuset visar at 20 % fleire pasientar blei skriven ut frå sjukehuset til oppfølging i kommunen, samanlikna med Klepp og Hå kommunar. Dette kan skuldast tilfeldige svingingar og ulik demografi.

Utgifter per bruker av heimeteneste

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254)	272 862	332 883				

Korttids- og rehabiliteringsavdelinga har nytta dobbeltrom gjennom heile året. Bemanninga blei styrka i budsjettet med halvårseffekt. Kommunen har hatt for få institusjonsplassar og omsorgsbustadar. Fleire innbyggjarar har blitt verande i korttids plassar i påvente av å få langtids plass. Innbyggjarar som har hatt behov for institusjonsplass har fått utvida tilbod i omsorgsbustad eller i eigen heim og dette har gitt kostnadskrevjande løysingar.

Det har vore behov for ekstra bemanning for å ivareta personar med kognitiv svikt og utfordrande åtferd.

Time kommune har hatt ei auke i kostnad per bruker av heimetenester frå 2023 samanlikna med Hå, Klepp og KOSTRA-gruppe 7. Dette kan ha samanheng med at Time kommune har fleire innbyggjarar som er 90 år og eldre, enn Klepp kommune.

Innbyggjarar over 90 år	2022	2023	2024
Time	124	132	128
Hå	130	123	122
Klepp	102	86	90

Netto driftsutgifter pleie og omsorg per innb. 80 år og over, i 1000 kr.

Årsmelding 2024

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	532 117	587 937	599 804	544 932	552 244	509 220	525 457

Kommunen har bytta leverandør av velferdsteknologi, inkludert tryggleiksalarmar. Teknikar i heimetenesta og ressurspersonar i heimetenesta skiftar tryggleiksalarmane.

Time kommune har sidan 2005 hatt fritt brukarval knytt til tenesta praktisk bistand/heimehjelp. Firmaet Hjemmeomsorg har levert denne tenesta. Hjemmeomsorg blei avvikla i 2024. Kommunen gjennomførte anbodskonkurranse utan å få tilbydarar. Dette blei utfordrande, fordi fleire innbyggjarar vart utan teneste i ein periode. Kommunen har no tilsett eige personell for å kunna levera denne tenesta.

Verksemda har vore ein del av [Jobbvinnarprosjektet](#), dette arbeidet blir vidareført.

Leiarane arbeidar med å hindra sjukefråvær og har samarbeid med organisasjonsavdelinga der det trengst. Leiarane legg til rette for at tilsette kan endra arbeidsoppgåver i periodar når det krevst.

Miljøtenester

Miljøtenester er for innbyggjarar med funksjonsnedsetting og inneheld heildøgnsomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistanse (BPA), fritids- og treningskontakt, avlastings- og barnebustad og heildøgnsstilbod frå eksterne leverandørar.

Tenesta har eit meirforbruk på 5,8 millionar kroner. Hovudårsaka til meirforbruket er knytt til sjukefråvær, vakante stillingar og redusert refusjon for ressurskrevjande tenester .

Ved utgangen av året er det fem private BPA-ordningar og sju kommunale.

Nytt foreldreinitiativ kombinert med kommunale bustadar har fått namnet Nubben bufellesskap. Prosjektet skal vera innflyttingsklart i mai 2025. Eit tilsvarande foreldreinitiativ med kommunale bustader er planlagt på Kvernaland.

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon for ressurskrevjande tenester. Formålet med revisjonen var å undersøke korleis kommunen følgjer opp brukarar med ressurskrevjande tenester. Funn frå revisjonen skal svarast ut innan juni månad 2025, [sak KS-24/107.](#)

Samarbeidsutvalet i Miljøtenesta (SU) er ein arena for å få tilbakemelding og drøfta strategiske saker i verksemda. Det har vore fire møter i år. Det har kome til ein ekstra brukarrepresentant i utvalet for å sikra ei breiare brukarmedverknad.

To avdelingar og ein BPA-ordning har starta opp med årsturnus i februar 2024. Erfaringane visar at det har vore mindre vikarbruk og ei betre ferieavvikling. Bryne aktivitetssenteret har hatt eit oppgåvedelingsprosjekt. Resultat av kartlegginga av oppgåver og tilgjengelege ressursar har ført til ei ny organisering av tenesta.

Miljøtenesta har deltatt i prosjekt i regi av Nasjonalt velferdsteknologi program (NVP) der målet var å finna løysningar for korleis teknologi kan gi unge med funksjonsnedsettingar betre helse og eigenmeistering i kvardagen. Prosjektperioden avsluttast, men arbeidet vert vidareført i ordinær drift.

Psykisk helse- og rusarbeid

Verksemda består av Meistringssenteret som gjer tenester til heimebuande innbyggjarar med rus og psykiske helsevanskar, Kolheia bufellesskap med ambulerande team og Svertingstad bufellesskap. Verksemda fylgjer opp tenester som kommunen kjøper av eksterne leverandørar.

Verksemda har eit samla meirforbruk på 1,6 millionar kroner. Hovudårsaka til meirforbruket skuldast reduksjon i refusjon knytt til ressurskrevjande tenester og innleie av vikar i periodar med høgt sjukefråvær og auka kostnad knytt til kjøp av mellombels bustad fordi småhusa ved rådhuset blei forsinka.

[Arbeidet med evaluering av verksemda Psykisk helse og rusarbeid , sak til Levekår 051/24](#), blei ferdig hausten 2024. Arbeidet har resultert i ei ny organisering av tenestene på Meistringssenteret. Avdelinga har redusert eitt årsverk som fylgje av dette. Innbyggjarar med lettare og moderate psykiske vanskar får tilbod om tenester i grupper, som krev aktiv deltaking frå innbyggjar. Det er samarbeid mellom Meistringssenteret og Friskliv om kurs og lokalar.

Det er starta eit arbeid med å samlokalisera Ambulerande team I Kolheia og eit team frå Meistringssentert. Tenestene til innbyggjarar med samtidig rus og psykisk lidning, skal styrkast på kveld og helg. Dette gjer at behovet for utviding av omsorgsbustadane og personalbase i Kolheia fell vekk.

Kommunen har mangla eigna bustadar for personar med psykisk helse og rusutfordringar. Dei to nye småhusa ved rådhuset er tatt i bruk.

Det er plan om å starta opp med å etablere tre småhus på Re i 2025-2026.

Aktivitets- og servicetenester

I avdelinga inngår Time frivilligsenter kafé og aktivitet, og sysselsettingstiltak.

Avdelinga har eit meirforbruk på 950 000 kroner. Det skuldast høgare kostnader til mat og tryggleiksalarmar enn budsjettet.

Time frivilligsenter kafé og aktivitet har hatt fleire besøkande. I 2023 var det registrert 8 918 besøkande, og i 2024 har det vore 14 386. Kaféen har vore open heile året. Det er frivillige som bidreg inn i aktivitetane, både med å arrangera felles frukost, deltaking med arbeid i kafeen, rigg av lokalar til arrangement og i demenskoet.

Time Frivilligsentral har i samarbeid med institusjonstenesta etablert våketeneste. Frivillige i våketenesta tilbyr å vera til stades og trygga innbyggjarar som er i siste fase av livet.

Aktivitetssenteret gjer tilbod om trimgrupper og andre gruppeaktivitetar.

Prosjektleiing for arbeidet med flyktningar har samarbeid med lag og foreiningar og legg til rette for eit variert tilbod om kurs og aktivitetar. Det er obligatorisk informasjonsmøte for nye flyktningar, turar, fleire typar språk kurs og fleire aktivitetar. Prosjektleiingstillinga er finansiert ut 2025.

Kommunen fekk tre nye statlege varig tilrettelagde arbeidsplassar i 2024. Plassane er tatt i bruk. Ved utgangen av året hadde Time kommune to på venteliste for varig tilrettelagt arbeid (VTA) ved Jæren Industripartner. Det er eit godt samarbeid med Jæren Industripartner og NAV.

Helse og rehabilitering

Verksemda består av Fysio -og ergoterapiavdelinga, Friskliv, Kvernaland legesenter og fastlegetenesta.

Områda har eit samla mindreforbruk på 2,7 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak tilskott frå Helsedirektoratet til spesialisering av fastlegar og vakante stillingar i Friskliv og i fysio- og ergoterapitenesta.

Det har vore stabil drift i fastlegetenesta. Det har ikkje vore leigd inn legar frå vikarbyrå.

Drifta av Kvernaland legesenter er evaluert [KS sak 087/24](#). Ny evaluering skal gjerast i 2026.

Utgifter til re-/habilitering

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter per innbygger (241) diagnose behandling re- /habilitering (B)	2 143	2 154	2 361	2 534	2 191	3 145
						3 352

Time kommune har hatt ei lågare kostnad på området enn Hå, Klepp, KOSTRA og landet.

I 2024 ble Kvardagsrehabilitering (KVR) flytta over til Helse og rehabilitering, og ambulerande rehabiliteringsteam blei oppretta. 85 innbyggjarar har mottatt tenesta KVR.

Fysioterapi og ergoterapi for barn har auka graden av digital samhandling med innbyggjarar i DigiHelse. Det er ei digital samhandlingsløysing som gjer ei meir effektiv samhandling med familiar.

Det er ein auke i utlån av hjelpemidlar frå kommunalt lager, og hjelpemidlar som blir levert ut frå NAV, knytt til tilrettelegging i heimen. Det er ei dobling av saker knytt til hjelpemiddel med syn og høyrsel.

Grunna vakante stillingar har Frisklivsentralen hatt eit redusert tilbod. Færre innbyggjarar har hatt tilbod om individuelle helsesamtalar. Ved utgangen av året var ventetida 5 veker.

Treningane « Frisk og sterk» som er for innbyggjarar i aldersgruppa 60+ har eit godt oppmøte. Det er auka opp med treningar, til to gonger i veka. Det har vore opp til 120 deltakarar på ei trening. Kostnaden vert dekkja av eigenbetaling.

Sosialtenester

Tenesta består av NAV Klepp-Time, kommunalt sysselsetjingstiltak og tilskott til interkommunalt krisesenter.

Området sosialtenester hadde eit mindreforbruk på 223 000 kroner.

NAV Klepp-Time har hatt periodar med høgt sjukefråvær kor det ikkje har vore leigd inn vikar.

Den store auken i levekostnadar har gjort at fleire innbyggjarar må ha støtte til livsopphald.

Stort press i bustadmarknaden og auke i husleigeprisar har gitt meirutgifter på sosialhjelp. NAV Klepp-Time har ikkje auka husleigesatsane, men gjer unntak i enkeltsaker. Det har vore mangel på midlertidige bustadar. Det har vore særskilt krevjande å skaffa midlertidig bustad til innbyggjarar med alvorleg rus og psykiske lidingar.

22 innbyggjarar har deltatt i kvalifiseringsprogrammet, 50% av desse har kvalifisert seg til arbeid.

I desember 2024 hadde Time kommune ei arbeidsløyse på 1,8%. Talet på unge uføre, 18-29 år pr. september 2024 var på 2,8 %. Dette er ein nedgang frå 2023 som var på 3,1%.

Sosialteneste

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B)	4 624	6 446	6 877	8 440	6 453	8 419	8 882
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)	2,5 %	3,1 %	3,3 %	4,2 %	3,1 %	4,9 %	5,0 %

Time kommune har lågare kostnadar til sosialhjelp pr. innbyggjar enn landet, KOSTRA-gruppe 7 og Hå kommune.

Samhandling

Time kommune har i 2024 nytta 70,5 % av kommunen sin kapasitet ved Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH).

Vertskommunesamarbeidet i Jæren legevakt er evaluert, [KS sak 036/24](#). Kommunedirektøren vil leggja fram politisk sak når forslag til endringar i vertskommuneavtalen blir lagt fram frå Klepp og Hå kommunar.

Det blei rekruttert logoped til vertskommunesamarbeid om interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) i 2024, [KS sak 049/24](#). SUS og kommunane har gjort ei felles anskaffing av ein app til bruk for digital heimeoppfølging av innbyggjarar. IKART blir den tenesta alle kommunar og SUS skal starta opp med. Dette blir tatt i bruk i starten av 2025.

Sandnes, Stavanger, Sola og Time kommunar, NAV, brukarorganisasjonane, A-larm, Crux oppfylgingssenter og Mental Helse har felles drift av Jæren Recovery College (JRC). Samarbeidet blei vidareført i 2024 utan statleg finansiering og med breiare regional forankring [KS sak 006/24](#), [KS sak 088/24](#). Det blir avklart i mars 2025 om JRC får status som regionalt brukarstyrt senter.

Time kommune har fått prosjektmidlar frå arbeids- og velferdsdirektoratet for å arbeida med heiltid. Prosjektet er knytt til forskning gjennom FAFO.

Stavanger krisesenter har i 2024 nytta lokalar i Meistringssenteret til polikliniske samtalar. Dei har eit tett samarbeid med aktuelle aktørar i Helse og velferd og Oppvekst.

Rapportering på tiltak

I tabellen under blir det rapportert på tiltak vedtatt i handlings- og økonomiplan 2024-2027.

Tiltak	Status	Kommentar
Følg opp heiltidserklæringa	D	Pågåande. Har prosjekter i alle verksemder.
Starta opp arbeid med årsturnus i fleire avdelingar	D	Fire avdelingar har årsturnus og seks avdelingar er godt i gang.
Prøva ut nye arbeidstidsordningar	D	Pågåande arbeid
Starta opp prosjekt med leiarstøtte	U	
Styrka kompetansen hos tilsette på arbeidstidsordningar i forbindelse med heiltidsarbeidet	D	Pågåande arbeid
Gjennomføra oppgåvedelingsprosjekt i alle avdelingar	D	Gjennomført i to verksemder
Styrka kompetansen hos tilsette jamfør Kompetanseplan	U	
Utgreiing av vidare utbygging av omsorgssenter på Kvernaland	D	Eiga sak i kommunestyre våren 2025
Utgreiing av vidare utbygging av institusjonsplassar i sjukeheim	D	Pågåande arbeid
Etablera rehabiliteringsteam	U	
Avklara og iverksette ny organisering knytt til leing av BPA-ordninga	U	
Arbeida med evaluering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid og iverksetta tiltak i tråd med resultata frå evalueringa	U	
Ta i bruk elektroniske medisindispenserar samt utviding av digitalt tilsyn i fleire verksemder	D	Pågåande arbeid
Starta prosjekt om digital heimeoppfølging i lag med sjukehuset	D	Startar opp våren 2025
Auka bruken av digitalt tilsyn i fleire verksemder	D	Pågåande arbeid

Evaluera drifta av Kvernaland legesenter	U	
Arrangera årleg seminar for pensjonistar i samarbeid med Klepp og Hå kommunar “Korleis kan ein sjølv ta grep for å leva eit godt liv”	U	
Arrangera kafedialogar med innbyggjarar på ulike stadar i kommunen med tema “forventningavklaring mellom innbyggjarar og kommunar”	I	Blir erstatta med innbyggjarundersøking i 2025

Status på dei ulike tiltaka vert rapportert med følgjande indikatorar:


U	Utført
D	Delvis utført
I	Ikkje utført

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	2,58 %	6,78 %	9,36 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,48 %	7,28 %	9,76 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i 2024 var på 9,8 mot 9,3 i 2023. Nokre avdelingar har hatt særleg høgt sjukefråvær i periodar. Innleie av vikarar og bruk av overtid knytt til sjukefråvær har gitt meirforbruk. Avdelingar med høgt sjukefråvær har fått bistand frå organisasjonsavdelinga.

Utfordringar framover

- Dekka auke i behov for helse- og omsorgstenester grunna endringar i demografi
- Behov for omsorgsbustadar med heildøgnsbemanning for barn og unge
- Behov for bustadar for innbyggjarar med rus og psykiske vanskar
- Redusert dekningsgrad på institusjon fører til auka behov for tenester i omsorgsbustadar og i private heimar
- Kortare liggetid i sjukehus og meir oppfølging av behandling i kommunen
- Sikra individuelle tilpassingar i tenestetilbodet til yngre personar med demens
- Redusera sjukefråværet
- Kompetanse- og rekrutteringsutfordringar
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent - fleire i heil stilling
- Redusera kostnader på omsorgstenester per innbyggjar gjennom å sikra god oppgåvedeling og ha rett kompetanse på rett plass
- Auka bruken av digitale tenester
- Tilby fleire tenester og aktivitetstilbod i grupper
- Informera innbyggjarar om kva dei kan forventa av tenester

Aktivitetsnøkkeltal

Bryne legesenter

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Ledige plasser utg.periode	2	0	0
Tal fastlegeheimlar	8	8	8
Tal listeplasser utg.periode	9 375	9 550	9 650
Tal på venteliste utg.periode	536	725	766

Frisklivsentralen FLSIND

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Tal på deltakarar med individuell helsesamtale	74	68	34
Tal på nye deltakarar med individuell helsesamtale	40	45	24
Venteliste	4	3	2

Heimeteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Dagsenter for eldre	51	52	64
Heimehjelp Bukollektiv	51	37	50
Heimehjelp fritt brukervalg	42	45	39
Heimehjelp/Praktisk bistand	119	115	151
Heimesjukepleie	486	498	504
Kvardagsrehabilitering tenester	68	79	85
Ledige omsorgsbustadar	0	0	0
Matombringning (Heimebuande)	34	24	39

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Omsorgsbustadar med bemanning (bukollektiv)	39	39	39
Personar med tryggleiksalarm som nødvendig helsehjelp	14	17	19
Personar med tryggleiksalarm-digitale (sim)	331	345	402
Personar på ventelista	0	0	4
Personar på venteliste	2	5	1

Helse og velferd (felles)

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Demenskoordinator, brukarar	106	98	128
Klagesaker i alt Helse og velferd	11	8	17
Kreftkoordinator, brukarar	63	70	102
Personar med brukarstyrt personleg assistanse – privat leverandør	0	0	5
Personar med brukarstyrt personleg assistanse	8	9	7
Personar med diagnosa PUH over 16 år	62	66	69
Personar med fritidskontakt - Barn 0-18	42	51	52
Personar med fritidskontakt - Vaksne	78	71	61
Personar med fritidskontakt	120	122	113
Personar med kjøpte heildøgns plassar u/kommunen	9	12	13
Personar med omsorgsstønad	39	39	41
Personar med omsorgsstønad - Barn 0-18 år	17	19	21
Personar med omsorgsstønad - Vaksne	22	20	20
Personar med ressurskrevjande tenester – totalt	33	34	32
Talet på individuelle planar - Barn/unge 0-18 år	33	37	37
Talet på individuelle planar - Vaksne, over 18 år	46	43	84
Talet på individuelle planar	73	80	121

Hjelpemiddellager kortidsutlån (TEHJ)

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Nye utlån	0	0	256
Tal registrerte utlån i perioden	206	407	452

Institusjon

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Barn i barnebustader	1	1	1
Brukarar av Vibå dagsenter- for personer med demens	47	44	45
Brukarar av Vibå dagsenter- for personer med demens - Personer på venteliste	0	0	0
Institusjonsplassar	97	99	103

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Institusjonsplassar - Personar på venteliste	4	9	2

Kommunal Ergoterapiteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Tal - Barn 0-16 år (Ergo)	44	56	43
Tal - Vaksne	290	367	344
Tal - Vaksne Heimebuande	0	0	273
Tal - Vaksne Korttid/rehab	0	0	71
Tal nye tenestebukarar i perioden	190	338	258
Tal nye tenestebukarar i perioden - Barn	0	0	10
Tal nye tenestebukarar i perioden - Barn	0	43	10
Tal nye tenestebukarar i perioden - Vaksne	0	295	248
Tal nye tenestebukarar i perioden - Vaksne Korttid/rehabilitering	0	0	62
Tal nye tenestebukarar i perioden - Vaksne	0	0	248
Tal nye tenestebukarar i perioden - Vaksne Heimebuande	0	0	186
Tal tenestebukarar på venteliste	0	3	14
Tal tenestebukarar på venteliste - Barn	0	1	3
Tal tenestebukarar på venteliste - Vaksne	0	2	12

Kommunal Fysioterapiteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Ambulerande rehabiliteringsteam	0	0	22
Døgndrifta institusjon	0	8	3
Fysioterapi institusjon og ikkje krav til egenandel (Sivdamheimen, Bryneheimen,)	145	147	100
Kvardags-rehabilitering - Vedtak	0	0	105
Kvardags-rehabilitering - Bukarar	0	0	86
Tal barn 0-18 år	306	186	175
Tal nye tenestebukara i perioden	0	137	110
Tal nye tenestebukara i perioden - Ambulerande Rehabilitering	0	0	21
Tal nye tenestebukara i perioden - Institusjon	0	0	89
Tal nye tenestebukara i perioden barn	0	63	72
Tal nye tenestebukara i perioden vaksne med egenandel	0	79	79
Tal nye tenestebukarar i perioden	280	279	261
Tal tenestebukarar på venteliste	0	14	14
Tal vaksne med krav til egenandel	114	129	127
Venteliste barn	0	1	27
Venteliste vaksne	0	13	12

Kvernaland legesenter

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Ledige plasser utg.periode	0	0	0
Tal fastlegeheimlar	3	3	3
Tal listeplasser utg.periode	2 560	2 560	2 540
Tal på venteliste utg.periode	80	138	133

Miljøteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Avlasting – Kvernaland, Brukarar	28	30	33
Avlasting – Kvernaland, Plassar	6	7	7
Brukarar på Bryne aktivitetssenter	21	25	27
Brukarar på Bryne aktivitetssenter - Brukarar på venteliste	0	0	0
Personar med Praktisk bistand	57	58	58
Personar med tilrettelagt aktivitet før og etter skuletid (TAT)	9	9	7
Personar med Heimesjuklepleie Miljø	56	62	59
Privat avlasting, Brukarar	26	25	29
Varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA)	35	35	38
Varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) - Ledige plassar	0	0	2
Varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) - Personar på venteliste	0	0	2

Psykisk helse – og rusarbeid

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Kjøp av omsorgsinstitusjon rus(personar)	1	2	5
Personar med psykisk helsearbeid	283	241	279
Personar med ROP- liding (Samtidig rus og psykiske liding)	97	92	98
Personar med Rusarbeid	34	21	20
Personar med treningskontakt	13	11	11

Sandtangen legesenter

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Ledige plasser utg.periode	0	0	0
Tal fastlegeheimlar	7	7	7
Tal listeplasser utg.periode	7 150	7 220	7 300
Tal på venteliste utg.periode	475	615	668

Sosialteneste

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Arbeidssøkjjarar på tiltak	15	46	46
Sosialhjelpsmottakarar i alt	305	387	408
Tal heilt arbeidsledige 16-29 år	56	40	26
Tal heilt arbeidsledige 16-67 år (netto)	112	150	153
Totalt antal i Kvalifiseringsprogrammet (KVP)	30	26	12

Syn- og hørselskontakt (HØKON, SYN)

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Tal nye tenestebukarar	32	32	62
Tal nye tenestebukarar - Hørsel	0	0	49
Tal nye tenestebukarar - Syn	0	0	13
Tal tenestebukarar	38	37	68
Tal tenestebukarar - Hørsel	0	0	51
Tal tenestebukarar - Syn	0	0	17
Tal tenestebukarar på venteliste	0	0	9

Teneste og samordningskontor

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Avslag på søknad om tenester	34	68	72
Besøk Time Frivilligsenter kafe og aktivitet	7 646	8 919	14 386
Nye søknader om tenester som er behandla	1 035	1 015	1 046
Revidering av allerede gitt teneste - vedtak.	863	960	898
Tal på utleige Time Frivilligsenter kafe og aktivitet	34	61	59

KOSTRA-nøkkeltal

Helse og velferd

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	0,56	0,52	0,60	0,63	0,55	0,48	0,52	0,55
Helse- og omsorg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	21 472	23 117	25 601	26 582	25 827	22 629	30 125	31 803
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	491 048	532 117	587 937	599 804	544 932	552 244	509 220	525 457

Institusjonstenester

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	79,5 %	82,6 %	82,3 %	83,3 %	77,1 %	79,3 %	75,2 %	73,4 %
Tidsbegrenset opphold - gjennomstrømning - personer per plass (antall)	12,0	14,1	8,8	10,8	31,1	10,5	11,1	10,1
Brutto driftsutgifter, institusjon, per plass (kr)	1 833 051	2 038 305	2 206 174	2 248 890	2 265 513	2 070 376	1 991 562	1 938 693

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Institusjon - andel innbyggere 80 år og eldre med langtidsopphold i sykehjem (prosent)	8,5	8,3	7,8	6,9	6,6	6,5	6,5	7,5
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	10,0 %	9,6 %	9,5 %	9,0 %	7,1 %	8,7 %	8,1 %	9,3 %
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,85	0,90	0,84	0,83	1,01	0,64	0,64	0,70
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,41	0,59	0,48	0,08	0,50	0,40	0,37	0,41
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 370 819	1 544 961	1 719 434	1 691 895	1 547 578	1 619 423	1 623 737	1 653 091
Netto utgift per beboer på sykehjem (B)	1 526 394	1 737 998	1 886 349	1 987 136	1 795 486	1 796 911	1 699 885	1 621 610
Netto utgift per plass i institusjon, korrigert for utleie	1 233 239	1 467 708	1 639 127	1 620 805	1 260 490	1 460 165	1 409 684	1 415 332

Heimetenester

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	54,2 %	58,0 %	56,5 %	53,2 %	57,0 %	69,9 %	50,2 %	48,1 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	26,5 %	27,7 %	25,6 %	23,4 %	21,8 %	19,4 %	25,7 %	26,2 %
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	79,5 %	82,6 %	82,3 %	83,3 %	77,1 %	79,3 %	75,2 %	73,4 %
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	11 024	12 008	13 009					
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	328 225	317 545	378 105					
Mottakere av hjemmetjenester per 1000 innbyggere	34	38	34	31	32	38	42	41
Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254)	288 354	272 862	332 883					

Psykisk helse og rusarbeid

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	357,5	387,8	437,5	513,6	584,1	381,0	469,2	735,1
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	272,6	316,1	300,0	488,1	527,0	380,3	380,3	630,3

Årsmelding 2024

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	0,8	0,8	3,2	4,0	0,0	0,7	2,0	3,4
Avtalte årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	5,9	7,6	6,8					
Avtalte årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	1,6	1,1	1,7					

Sosialtenester

	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Gjennomsnittlig stønadstid for sosialhjelpsmottakere (antall)	4,4	4,5	4,8	5,4	5,5	5,1	5,1	5,3
Gjennomsnittlig stønadstid 18-24 år (antall)	3,7	3,8	4,3	4,4	5,4	3,9	4,4	4,6
Gje. stønadslengden for tilfeller med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)		5,4	5,8	6,4	6,7	6,1	6,4	6,5
Andel av sosialhjelpstilfeller (prosent) (prosent)		1,5	1,9	2,0	2,5	2,0	3,0	3,0
Gjennomsnittlig utbetaling per stønadsmåned (kr)	11 516	13 175	14 191	15 446	12 024	14 095	12 407	12 299
Sosialhjelpstilfeller 18-24 år som andel av befolkning 18-24 år (prosent) (B)	3,1 %	2,7 %	3,9 %	3,5 %	4,4 %	3,3 %	6,1 %	5,9 %
Sosialhjelpstilfeller 25-29 år som andel av befolkning 25-29 år (prosent) (B)		2,4 %	2,8 %	2,2 %	4,6 %	3,7 %	6,4 %	6,2 %


Samfunn

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar administrasjon, eigedom, kultur, kommunalteknikk og plan og forvaltning.

Tenesteområdet har som oppgave å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggerane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggerane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

Brutto driftsutgifter i % av kommunens totale utgifter



Status økonomi Samfunn

Tenestegrupper

Beløp i 1000 kr

Tenester	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Rekneskap 2023	Avvik (B-R)	Avvik i %
Administrasjon samfunn	1 862	2 276	2 276	2 036	414	18 %
Brannvern	15 500	15 225	15 162	15 078	-275	-2 %
Eigedom	56 836	58 368	53 897	57 961	1 532	3 %
Folkehelse og kommuneoverlege	2 464	2 648	2 615	2 589	184	7 %
Kultur	32 103	28 687	27 663	29 415	-3 416	-12 %
Plan og forvaltning	11 370	12 986	12 193	9 550	1 616	12 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0 %
Vegar og grøntanlegg	23 375	23 799	23 414	26 634	424	2 %
Totalsum	143 510	143 989	137 220	143 263	478	0 %

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har eit mindreforbruk på 478 000 kroner. Det er til dels store forskjellar internt og mellom dei ulike områda.

Mindreforbruket i Plan og forvaltning er i hovudsak knytt til vakante stillingar og sjukelønnsrefusjonar. Eigedom har eit samla mindreforbruk på omlag 1,5 millionar kroner. Meirforbruket til Byggdrift skuldast i hovudsak 4,5 millionar kroner for lite i inntekt for finansielt oppgjer straum, medan mindreforbruket til Reinhald på omlag 3,1 millionar kroner skuldast vakante stillingar og redusert bruk av vikarar. Kultur har eit meirforbruk grunna at kinoen ikkje har oppnådd budsjetterte inntekter.

Sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon (VAR) fekk eit samla mindreforbruk på 4,3 millionar kroner.

Oppsummering av driftsåret

Samfunn har i 2024 hatt mål om å redusera kostnader i tenestene og omstilla til reduserte budsjетtrammer i komande år. Dei kostnadsreduserande tiltaka har omfatta både drift og investering.

Kommunestyret vedtok i sak 050/24 kostnadsreduserande tiltak på tilsaman 2,2 millionar kroner innafor kulturfeltet. Etter vedtaket har det vore arbeidd med å redusere bemanninga innafor avdelingane Fritid og Bibliotek, med ei målsetting om å omplassere tilsette til andre område i kommunen. I same sak bad kommunestyret om at ein søkte å redusera talet på leiarar i kommunen, og Samfunn har identifisert ei løysing der tenesteområdet vil få to færre leiarar i 2025.

Fleire stillingar har vorte haldne vakante etterkvart som tilsette har slutta. Dette har gitt kapasitetsutfordringer, særleg innafor geodata/oppmåling, kultur og folkehelse- og beredskapsarbeidet.

Fleire investeringsprosjekt har blitt prioritert vekk eller utsette på grunn av den økonomiske situasjonen til kommunen, eller at kostnadane etter forprosjekt eller anbod var høgare enn budsjетtert. Dette gjeld prosjekt 1111 Rådhuset C-bygg, 3214 Kolheia og 3801 Symjehall. Prosjekta er meir omtalt under kapittelet [Investeringar](#).

Nedanfor er nokre av sakene som Samfunn har utarbeida til kommunestyret:

- Kommunestyret vedtok i sak 003/24 Administrativ vertskommune avtale mellom Klepp, Time og Hå kommunar om felles skogforvaltning.
- Kommunestyret vedtok i sak 017/24 Folkehelseplan Time kommune 2024-2027.
- Kommunestyret vedtok i sak 019/24 Retningslinjer for mindre vindmøller og solenergianlegg i LNFR-områder i Time kommune.
- Kommunestyret vedtok i sak 071/24 Hovudplan for vatn og avløp 2024-2044.
- Kommunestyret vedtok i sak 096/24 Planstrategi for Time kommune 2023-2027.

Digitalisering

Det vert kontinuerleg arbeidd for å gjera tenester og tilbod enklare tilgjengeleg for innbyggjarar. Kommunen har over 200 reguleringsplanar som ikkje er digitalisert. Plan og forvaltning har starta arbeidet med å digitaliserer desse i 2024, og dette arbeidet vil fortsetta framover.

Beredskap og folkehelse

Uro i Europa og høge straumprisar gir utslag i eit fokus på beredskap og energitryggleik i kommuneorganisasjonen og samfunnet generelt. Eit synleg teikn på at den sikkerheitspolitiske situasjonen er spent, er talet på dataangrep i privat og offentleg sektor. Time kommune har hatt eit særleg fokus på å løfta merksemda om informasjonstryggleik i organisasjonen. Kommuneorganisasjonen er heilt avhengig av digitale tenester for å kunna driva som normalt. Kommunen er oppteken av arbeidet med beredskap og informasjons- og datatryggleik, og har siste året blant anna jobba saman med cybersikkerhetssenter Helse- og KommuneCERT for å prøve ut nye verktøy som skal betre den digitale sikkerheita i kommunen.

I 2024 vart det starta opp planlegging av opplæring i beredskapsarbeid for heile organisasjonen, samt beredskapsøving i 2025.

Folkehelseplan 2024-2027 vart vedtatt i kommunestyremøtet 19. mars (KS-017/24). Oversiktsdokumentet frå folkehelsearbeidet vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi.

Arbeidsgruppa som jobber med digital universell utforming har oppdatert malane i sak- og arkivsystemet Websak i tråd med reglane for universell utforming.

Regionalt partnerskap for folkehelse er eit samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og kommunane i fylket. Gjennom denne ordninga får kommunane tildelt regionale partnerskapsmidlar for folkehelse, og denne ordninga er viktig for finansiering av folkehelsetiltak i Time. I 2024 delte kommunen gjennom denne ordninga, ut 245 000 kroner til sju tiltak fordelte på alle tenesteområda. Midla gjekk mellom anna til innkjøp av sykklar til flyktningar, innkjøp av diverse utstyr ved frivilligsentralen og Livsgledefestivalen slik at alle arrangementa for barn og unge var gratis å delta på.

Kommunen kjøper brannverntenestene frå Rogaland brann og redning IKS.

Plan og forvaltning

Plan og forvaltning besto av avdelingane geodata og oppmåling, plan, byggjesak og landbruk. I tillegg ligg rådgjevarar innan kommuneplan og klima og miljø til verksemda.

Samla har tenesteeininga eit mindreforbruk på 1,6 millionar kroner. Årsaka er hovudsakleg ein kombinasjon av vakant stilling på geodata og oppmåling, samt refusjon for fråvær på planavdelinga. Inntektene er lågare enn budsjettert. Uvisse om ei klagebehandling kring eit større gebyr for planavdelinga, som først er avklart i februar 2025 og vil medføre ein reduksjon i inntekt, gjer at den reelle inntekta ville vore enda lågare. Dette vil føra til mindre inntekter i rekneskapet 2025.

Arbeidet med revidering av kommuneplanen er starta opp kor utarbeiding av planstrategi som det innleiande arbeidet, vart gjennomført i 2024.

I 2024 vart det lagt fram sju private og kommunale forslag til detalj- og område reguleringar til førstegongs behandling. Fem område- og detalj reguleringsplanar vart lagt fram til andregongs behandling og godkjenning i kommunestyret. Dette er på same nivå som tidlegare. Det har vorte starta opp detaljregulering om å gjere Storgata til gågate som kommunen utarbeider sjølv.

Byggesak

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp 2024	Kostragruppe 07 2024	Landet uten Oslo 2024
Byggesaker med tilsyn (antall)	7	114	78	5	25	914	5 508
Behandlede midlertidige brukstillatelser (antall)	42	55	89	23	38	883	7 094
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	217	264	258	230	224	8 726	62 833
Mottatte søknader om eierseksjonering (antall)	8	7	5	4	3	198	1 698
Behandlede byggesøknader med 12 ukers frist (antall)	96	161	140	50	90	2 988	24 823
Igangsettingstillatelser Behandlede søknader (antall)	51	55	29	32	38	1 076	10 533

Årsmelding 2024

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	Landet uten Oslo 07 2024	2024
Ferdigattester Behandlede søknader (antall)	121	187	136	165	157	5 917	44 335
Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	121	103	118		134	4 089	31 914

Byggesak fatta i løpet av året 593 (595 i 2023) vedtak i bygge- og delesøknadar, igangsettingsløyve, mellomelse bruksløyve og ferdigattestar. Avdelinga hadde 54 tilsyn og 17 lovbrotsoppfølgingar og ligg dermed i rute til å oppfylle måla i tilsynsstrategien til kommunen. Delen fråvik i tilsyna er klart fallande. KOSTRA-tala viser at Time har raskare saksbehandlingstid enn nabokommunane på alle typar saker, og betydeleg raskare på dei med lengre frist. Samtidig krev rettleiing, møte og førespurnadar stadig meir tid.

Geodata har hatt eit krevjande år grunna mangel på personell. Med ein bemanning på 50 prosent siste halvdel av 2024 har dette gått ut over landmålerarbeidet. Avdelinga har måtte løyse dette med bruk av overtid og innleige av vikar. Dette har gått ut over saksbehandlingstida, som ein akkurat klarer å halde innanfor lovpålagte krav. Adressering har vorte nedprioritert i siste del av 2024. Matrikulering av eigedommar har vorte avhjelpa av byggesak.

På landbruk er det behandla om lag like mange søknader som føregåande år til ulike tilskottsordningar, men sum tilskott har gått opp som fylgje av auka tilskottssatsar og statlege løyvingar. Det er godkjent fleire dekar areal til nydyrking og fleire meter landbruksvegar enn føregåande år.

Å rekruttera og behalda kompetanse er avgjerande for å kunna levera gode tenester til rett tid. Tenesteproduksjonen i driftseiningane er sårbar ved lengre fråvær.

Kultur

Tenesta omfattar biblioteket, fritid, kulturhus, kino, og kulturvern.

Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 3,4 millionar kroner i forhold til budsjett, som i hovudsak skuldast sviktande inntekter for kinoen.

Bibliotek

Time bibliotek hadde 98 420 besøkande i 2024, som er ein minimal nedgang frå året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kaféen). Besøket er nå tilbake på nivå med normalåret 2019.

Samla utlån var på 115 550, som er på nivå med året før. Utlånet av e-bøker har auka kraftig dei siste åra, men dette utgjør framleis ein liten del av det samla utlånet.

Det vart halde 247 arrangement i 2024, som er på nivå med året før.

Garborgdagar 2024 vart arrangert i januar, med nok eit rekordstort publikum på 2 204.

Kulturhus og kino

Besøket på Bryne kino var i 2024 på om lag 64 000, som er om lag 10 000 mindre besøkande enn året før. Besøket i normalåret 2019 var på drygt 89 000. Tilsvarende tal nasjonalt var 8,5 millionar i fjor og 11,3 millionar i 2019. Kinobransjen slit framleis i motbakke etter pandemi-åra og Hollywood-streiken i 2023.

Storstova og Bryne Mølle hadde i 2024 eit samla besøk på drygt 29 000, opp 16 prosent frå året før.

Livsgledefestivalen vart gjennomført i mars.

Fritid

Ungdomsklubben Møllekjellaren hadde 13 882 besøkande i 2024, ein auke på nesten 16 prosent frå året før. Ungdomsklubben på Lye auka besøket med 5 prosent, medan klubben på Kvernaland auka besøket med nesten 15 prosent. Besøket på det tilrettelagde fritidstilbodet Humla hadde ein auke på 19 prosent, samanlikna med året før.

«Alle med»-satsinga vart vidareført og gir framleis gode resultat når det gjeld integrering av nye barn og unge i ulike fritidsaktivitetar i kommunen. I 2024 vart 189 nye barn og unge inkluderte i ulike fritidsaktivitetar.

Aktivitetstilbodet «SommarTime», med eit mangfald av aktivitetar for om lag 2 500 barn og unge vart også gjennomført sommaren 2024. I tillegg var det fleire ferieaktivitetar for barn og unge i både vinterferien og haustferien. Aktivitetsprogramma vart gjennomført i samarbeid med ei rekke frivillige organisasjonar og kulturverksemder. Både Møllekjellaren og Sivadambassenget var opne delar av sommaren.

Dagsturhytta ved Melsvatnet, Melsbu, hadde offisiell opning 26. mai.

Kontaktkonferansen for lag og organisasjonar vart gjennomført i februar, hos Lye idrettslag, med om lag 40 deltakarar.

Kulturvern

Museumsanlegga vert drivne i samarbeid med Jærmuseet og frivillige organisasjonar og personar. Aktivitetsnivået og besøket i 2024 var godt.

Arbeidet med å revidera kommunen sin kulturmiljøplan heldt fram i 2024, og skal etter planen slutførast i 2025.

Eigedom

Tenesteeininga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, reinhald av kommunale bygg og prosjektleiing/utbygging.

Tenesta hadde eit mindreforbruk på omlag 1,5 millionar kroner. Byggdrift har meirforbruk på omlag 1,7 millionar kroner, som i hovudsak skyldast 4,5 millionar kroner for lite i inntekt for finansielt oppgjer straum. Det er er halde stillingar vakant i byggdrift og redusert vedlikehald for å kompensera noko av meirforbruket i 2024. Reinholdsavdelinga hadde eit mindreforbruk på om lag 3,1 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak vakante årsverk, samt innsparingstiltak i forbindelse med sjukdom der det ikkje vart sett inn vikarar.

Byggedrift utfører ein del vedlikehald på kommunale bygg og bustadar, men vedlikehaldsbehovet på den kommunale bygningsmassen, og då spesielt på den eldre bustadmassen, veks.

Eigedomsforvaltning

	Time 2022	Time 2023	Time 2024	Hå 2024	Klepp Kostragruppe 2024	07 2024	Landet uten Oslo 2024
utg til (fylkes)komm eiendomsforvalt, eide bygg							
Administrasjonslokaler utg per kvadratmeter bygg	529,2	438,2	473,1	2 067,1	1 570,3	1 160,9	1 306,3
utg til (fylkes)komm eiendomsforvalt, eide bygg							
Førskolelokaler og skyss utg per kvadratmeter bygg	1 489,1	1 568,9	1 799,1	1 539,9	1 664,6	1 862,4	1 917,1
utg til (fylkes)kommunal eiendomsforvaltning, eide bygg							
Skolelokaler utg per kvadratmeter bygg (kr)	1 128,6	1 083,8	1 036,1	1 326,4	1 230,7	1 300,8	1 301,9
utg til (fylkes)komm eiendomsforvalt, eide bygg							
Institusjonslokaler utg per kvadratmeter bygg (kr)	1 367,2	1 420,6	1 435,6	1 356,4	1 209,3	1 243,4	1 337,1

Vegar og grøntanlegg

Tenestene omfattar drift av vegar, parkering, gatelys, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar, friluftsområde, turvegar og kyrkjegardsdrift. Tenestene hadde eit samla mindreforbruk på om lag 400 000 kroner i 2024 mot eit samla meirforbruk på 2,8 millionar kroner i 2023. Det er fortsett meirforbruk på tenestene Kyrkjegardar og Gatelys, men dette er kompensert med mindreforbruk i andre tenester med den konsekvens at vedlikehald blir skyvd fram i tid.

Drift av bilar og maskinar vert stadig dyrare grunna høgare service- og drivstoffkostnader og ein aldrande maskinpark. Time kommune har fått "driftsmaskiner" samanlikna med nabokommunane og må vurdere ytterlegare reduksjon til fordel for innleige i 2025.

Drifta av parkeringstenesta har eit mindreforbruk på 430 000 kroner. Til samanlikning var meirforbruket i 2023 på 500 000 kroner

Meirforbruket på gatelys er knytt til auka antal lyspunkt, indeksregulering av vedlikehaldskostnader og prisen på straum. Kommunen har ved utgangen av 2024 4 636 gatelys. På ettermiddag/kveld er styrken redusert til 50 prosent og på nattestid til 30 prosent .

Time kommune har to kyrkjegardar med god standard. Den på Time vert òg mykje nytta som turveg/turområde. Meirforbruket i 2024 er på 400 000 kroner. Samanlikna med 2023 er meirforbruket redusert med 200 000 kroner. Stadig fleire vel kremasjon. For 2024 utgjorde dette 226 000 kroner i avgifter som er belasta drift av kyrkjegardane. Kostnader per kremasjon har i 2024 vore 5 800 kroner, for 2025 er prisen 6 500 kroner. Det er ikkje budsjetttert med denne utgifta.

Stell av graver vert utført til sjølvkost.

Vatn, avløp og renovasjon

Vatn, avløp og renovasjon (VAR) fekk eit samla mindreforbruk på 4,3 millionar kroner.

Ny hovudplan for vatn og avløp vart lagt fram for politisk behandling og godkjent i 2024.

Tabellen under syner prisutviklinga for kommunale gebyr for Jærkommunane i perioden 2020 til 2024.

Kommunale gebyr knytt til bustad Årsgebyr ekskl. mva. (kr)						
		2020	2021	2022	2023	2024
Avfallstenesta	Hå Klepp Time	2 600	2 860	3 146	3 650	3 650
		2 467	3 029	3 105	3 164	3 640
		2 300	2 592	2 640	2 640	2 960
Avløpstenesta	Hå Klepp Time	3 438	3 438	3 781	5 897	5 897
		3 713	3 930	4 231	4 539	4 584
		3 928	3 980	3 872	5 240	6 300
Vassforsyning	Hå Klepp Time	1 586	1 586	1 586	1 856	2 376
		1 901	2 090	2 248	2 279	2 833
		2 440	2 668	2 608	4 008	5 076
Feiing og tilsyn	Hå Klepp Time	408	416	453	453	473
		304	304	340	340	340
		344	372	380	380	396
Sum kommunale gebyr	Hå Klepp Time	8 032	8 300	8 966	11 856	12 396
		8 385	9 353	9 924	10 322	11 397
		9 012	9 612	9 500	12 268	14 732

Kjelde: SSB

Vatn

Ved årsskiftet har om lag 98 prosent av abonnentane installert vassmålar og om lag 60 prosent har installert tilbakeslagssikring.

Årsmelding 2024

I budsjettet for 2023 vart det avsett midlar til ein stillingsressurs som skulle arbeida systematisk med lekkasjesøk innanfor vatn og avløp. Arbeidet så langt, har gitt gode resultat. Ser ein bort frå endring i rapportering for driftsvatn, har Time kommune redusert vasslekkasjar ned til 15-16 prosent i 2024. Innlekking av framandvatn har hatt ein auke, men må sjåast i samanheng med høg årsnedbør. Fleire forhold er retta i 2024, og ein forventar å sjå ei fortsett positiv utvikling i 2025.

Vasslekkasjar utgjorde på landsbasis 31,5 prosent i 2021 og 29,7 prosent i 2022. I tillegg kjem driftsvatn til mellom anna brannvatn og spyling av eigne røyr. Time har tidlegare ikkje rapportert forbruk av driftsvatn etter KOSTRA sine retningslinjer. Frå 2023 vert driftsvatnet rapportert etter KOSTRA si tilråding.

Forbruk og lekkasje vatn 2023-2024:

	2023		2024	
	1 000 liter	%	1 000 liter	%
Private	787 952	42	785 220	46
Kommunale bygg	56 276	3	51 210	3
Landbruk	334 739	18	324 330	19
Næring	124 908	7	119 490	7
Driftsvatn	181 782	10	170 707	10
Lekkasje	368 341	20	256 050	15
Sum		100		100

Avløp

Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder. Dette betyr at det framleis går ein god del overflatevatn til reinsing. Det er likevel ikkje ein klar samanheng mellom nedbør og mengdene som vert reinsa, noko som kan tyda på at der er tersklar ved intens nedbør som gir utslag på framandvatn i spillvatnet. Fleire forhold er retta i løpet av 2024, den største er punktutbetring av spillvassnettet frå Njåskogen til Lye.

Forbruk og innlekk avløp 2020-2024:

Årsmelding 2024

	2020	2021	2022	2023	2024
Årsnedbør i mm	1 941	1 197	1 329	1 453	1 713
Kjøp vatn IVAR (1)	2 282	1 989	1 889	1 852	1 707
Levert avløp IVAR (1)	3 380	2 169	2 348	2 351	2 319
Differanse (1)	1 098	180	459	498	612
Innlekk i %	32	8	19,5	21	26

(1) Alle tal i million liter

Ideelt sett skal mengde avløp vera lik kjøp av vatn minus driftsvatn.

Renovasjon

I 2024 vart det inngått ny rammeavtale for henting av avfall frå hushaldningar. Innsamlinga vert gjort med elektriske bilar. Etter ein periode med innkøyringsutfordringar har ting nå normalisert seg.

Utval for lokal utvikling har gjort vedtak om eigne dunkar for innsamling av hageavfall. Denne ordninga er frivillig. Fleire nedgravne avfallsstasjonar vart opna for gjenvinning av plast i 2024.

Time kommune hadde det lågaste renovasjonsgebyret av Jærkommunane.

Rapportering på tiltak

I tabellen under blir det rapportert på tiltak vedtatt i handlings- og økonomiplan 2024-2027.

Tiltak	Status	Kommentar
Folkehelse		
Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla	U	
Iverksette tiltak i tråd med handlingsplanen for aldersvennlege lokalsamfunn	U	
Følg opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid	U	
Beredskap		
Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga	U	
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemdar som ikkje har fått opplæring	I	Tiltaket vil bli gjennomført i februar/mars 2025.

Følg opp tiltak i handlingsplanen i Heilskapleg ROS-analyse 2022-2025 Time kommune	U	
Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern	U	
Plan og forvaltning		
Revidera kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026	D	Under arbeid. Sluttbehandling våren 2025.
Utarbeide arealplan for å sikre betre arealutnytting for næringsområda på Håland	I	Vert sett på i arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.
Fullføre arbeidet med utarbeiding av «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp	D	Tiltaksplan for Orrevassdraget var forventa å vera ferdig i 2024. Forventa ferdigstilling er no i slutten av 2025 eller start på 2026. Tiltak i Tverråna ble gjennomført i 2023 og 2024, det forventast å slutførast i 2025. VA- avdelinga arbeidar med opprydding av spedt avløp.
Gjennomføre tiltak i «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå	D	Time kommune har eit pågåande prosjekt med Hå kommune om tiltak for å forbetre vassmiljø og flaum og erosjon i Tverråna. Sumaren 2024 vart mykje arbeid i vassdraget utført i samråd med grunneigarar. Frivillige tiltak i landbruket vart nytta som støtte. Mellom anna blei mengder finstoff i vassdragskanten tatt opp, og naturleg steinsetting vil auke habitatkvaliteten. Arbeidet forventast å fullførast sumaren 2025.
Utarbeiding og godkjenning av naturmangfalddelen i temaplan for klima og miljø	D	Under arbeid
Oppfølging av og opprydding i etablerte private reinseparkar	U	
Brannvern		
Arbeidet med å greia ut alternativ kostnadsfordeling mellom eigarkommunane i Rogaland brann og redning IKS fortset	D	Det er sett i gang eit arbeid med å fastsetta ein langsiktig finansieringsstruktur for selskapet. Denne inkluderer mellom anna forvaltninga av opptent eigenkapital og likviditetsstyring. Dette arbeidet skal vera ferdig i løpet av våren 2025, slik at det kan

		utgjera grunnlag for arbeidet med handlings- og økonomiplan 2026-2029. Kommunedirektøren vil når dette arbeidet er slutført vurdere resultata opp mot oppdraget gjeve av kommunestyret i KS-56/22 .
Kultur		
Slutføra revideringa av kulturmiljøplanen	D	Under arbeid. Arbeidet er planlagt slutført i 2025.
Gjennomføra forprosjektet «Haugtussa-veka» og markera at det i 2024 er 100 år sidan forfattaren Arne Garborg døydd	D	Det blei ikkje sett av midlar til forprosjekt for Haugtussa-veka og tiltaket er derfor ikkje blitt arbeida vidare med. Garborgdagar 2024 vart arrangert i januar med eit rekordstort publikum på 2 204.
Styrka arbeidet mot barnefattigdom og utanforskap (Folkehelse)	I	Tilskotet er fjerna som ledd i kostnadssparande tiltak jf. KS-050/24
Legga til rette for aktiv bruk og sikker drift av Bryne storhall	U	
Vegar og grøntanlegg		
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafiksikringsplanen	U	
Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg	U	
Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde	U	
Utarbeide planar for oppgradering av og gjennomføre tiltak på kommunale leikeplassar	D	Arbeid pågår, men vil ta tid. Redusert budsjett i 2025-2026.
Vatn, avløp og renovasjon		
Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnettet for vatn	U	
Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet	U	
Gjennomføra førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne	D	
Rullera hovudplan for vatn og avløp	U	

Starta arbeidet med opprydding i forureining frå private avløpsreinseanlegg	U	
Eigedom		
Ta i bruk ny teknologi for å redusera kostnadane ved reinhald	U	
Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg	U	

Status på dei ulike tiltaka vert rapportert med følgjande indikatorar:


U	Utført
D	Delvis utført
I	Ikkje utført

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	1,89 %	4,61 %	6,50 %
Årleg sjukefråvær 2024	1,88 %	5,69 %	7,57 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Status sjukefråvær og HMS

Samfunn hadde eit samla sjukefråvær på 7,6 % i 2024 mot 6,5 % i 2023. Det er til dels store variasjonar mellom dei ulike avdelingane. Dette er særleg knytt til langtidsfråvær og gjeld einskildpersonar. Der

avdelingane er små, gjev få langtidsfråvær store utslag. I avdelingar med stort sjukefråvær har HR-avdelinga vore involvert i arbeidet med å auka nærværet. Bistand frå Bedriftshelsetenesta og Nav Arbeidslivssenter har vore nytta i enkeltsaker.

Utfordringar framover

- Arbeidskrevjande planprosessar som til dømes rullering av kommuneplanen og områdeplan på Kalberg.
- Auka behov for utbygging av formålsbygg.
- Aukande vedlikehaldsbehov på den kommunale bygningsmassen generelt og på den eldre bustadmassen spesielt.
- Aldrande befolkning som gir auka behov for universell utforming av bygg og uteområde.
- Klimatilpassing i areal- og samfunnsplanlegginga grunna auke i ekstremvêrhendingar.
- Forventningar til standarden på dei kommunale vegane, parkane, friområda, idrettsanlegga og kyrkjegardane som er høgare enn det kommunen kan levere på innanfor eksisterande budsjетtrammer.
- Ein aldrande og liten maskinpark med store vedlikehaldsutgifter.

Aktivitetsnøkkeltal

Fritid

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Fritidstilbod -Svendsenhuset	396	665	418
Humla fritidsklubb	1 030	1 080	1 820
Møllekjellaren	10 956	11 923	13 882
Planeten fritidsklubb	3 247	3 078	3 553
Ungdomsaktivitetar Lye	1 694	1 952	2 039
Utleige	1 429	1 522	2 293

Kino og kulturhus

Nøkkeltal/indikator	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Bryne kino - Besøkjande på kino	71 971	74 476	63 996
Bryne kino - Filmframsyningar	4 193	4 100	4 339
Bryne Mølle - Besøkjande til kunstutstillingar	768	317	666
Bryne Mølle - Brukardagar	185	245	240
